

Masteroppgåve i Kulturmøte

Innvandrarkyrkje og integrering

Studiepoeng 60

Helge Kristoffersen

Desember 2013

Abstract in English

This paper investigates how members of a Burmese Baptist church in Sandnes, Norway, integrate into Norwegian religious life and society. To a smaller extent it investigates how the same individuals integrate into other parts of society, such as School, work life and civil society.

Qualitative interviews with 13 Burmese immigrants, living in the municipalities of Sandnes and Gjesdal, reveal that the ethnically orientated church provides important services that help them become and stay both Christian and Burmese. In religious aspects of life, this church is so important that it keeps them from going to other churches, even including the local Baptist churches that are a part of the same Norwegian Baptist union. The vast majority of informants have a social network that is only constituted of members of the same ethnic and religious group. Inside this group, the bonding social trust is very strong, but at the same time they have almost no social trust in other individuals.

Chin Burmese refugees make up about 95 % of the members of the church. The chin majority nurture a common language and culture that prevents the last 5 % of the members from being integrated into the church. These 5 % tend to use other churches more frequently and have more friends that belong to other ethnic and religious groups.

Informants in their twenties are better integrated in the Norwegian society as a whole. They visit other churches more often and have many friends that belong to other ethnic groups. But even in this group, there is no one who reports having a close friend that is ethnic Norwegian.

Besides a handful of services through the year, there is almost no contact between the local Baptist churches in Sandnes and Gjesdal. As an exception, I have found that the informants living in Gjesdal have a common Norwegian “helper”. This helper is not a Baptist.

In my analysis I have used the following theories: John W. Berry – acculturation, Norbert Elias – the Established and the outsiders, Pierre Bourdieu – cultural capital, Robert D. Putnam – Social capital and Thomas H. Eriksen – globalization.

Forord

Oppgåva har jobba i bakhovudet mitt gjennom fleire år både på det faglege og på det meir personlege planet. Personleg interesse er i vår samanheng ei kjelde til motivasjon, men og ein risikosport, i høve til profesjonell distanse.

Reint personleg kom eg fyrste gong i kontakt med det burmesiske miljøet i Sandnes gjennom leigebuarane mine. Dei flytta inn hausten 2010, som ein familie på tre, no fire. Slik eg har funne ut i granskingane mine er dei typiske, men eg har vald å ikkje nytta dei som informantar grunna gode vennskapsband. Dei siste åra har eg studert kultur møte, pedagogikk og jobba i norsk skule. Kona jobbar som tospråkleg lærar og studerer «fleirkulturell pedagogikk» på masternivå. I sum har eg og ho sett mange innvandrar sitt møte med det norske samfunnet gjennom mange år, og vorte forbausa over kor mangfaldig dette feltet er. Innvandring til Noreg har skapt eit mangfald av kultur møter. Hovudmotivasjonen for å velja mastergraden i Volda og denne konkrete problematikken er personleg interesse.

Mange har hjelpt meg på ulikt vis med oppgåva. Arne Redse er ein røynd rettleiar, som saman med institutt for religion, livssyn og kyrkjefag, har vore til solid og mangfaldig hjelp. Han skal ha takk saman med Birger Løvlie¹ og Gunnar Stave² for oppmuntringar, gode samtalar, og flott seminar 14. februar 2013. På veggen har eg møtt mange flinke fagfolk utanfor høgskulen i Volda, og ein særleg takk går til Hildegunn Fandrem³ og Inge Rykkje⁴. Oppmuntring og nye perspektiv er til glede i alt arbeid.

Kone og ungar har vist stort tålmod gjennom mange år med studium, og saman har me vunne mange innsikter. Leigebuarane mine har gjennom mange år pirra nyfikna mi, og hjelpt meg til gode problemstillingar, og utan at dei sjølve har visst det. Burmesiske flyktningar er vennlege folk som svarar godt og ærleg på alle mine spørsmål. I mine søk etter sanning og samanhengar har desse unike individa alltid møtt meg med smil og godvilje. Til sist vil eg

¹ Birger Løvlie er dosent ved Høgskulen i Volda (Høgskulen i Volda, 2013). Han var med i innleiande samtalar om emnet og skipa til seminaret den 14. februar 2013.

² Gunnar Stave er avdelingsleiar for Møreforskning si avdeling ved Høgskulen i Volda og fyrsteamanuensis ved same skule. Han har Dr. polit grad og hovudfag i sosiologi. (Høgskulen i Volda, 2011). Gunnar var deltakar på seminaret 14. februar 2013 og har kome med kommentar til oppgåva både vår og haust 2013.

³ Presentert under punkt 1.4.3

⁴ Inge Rykkje er lektor ved St. Olav vidaregåande skule i Stavanger. Han var rettleiaren min i PPU praksis, og me har sidan hatt sporadisk kontakt. Inge Rykkje har hovudfag i sosiologi frå Universitetet i Bergen.

takka frivillige og tilsette i flyktningarbeidet i kommunar og kyrkjer, som på sitt vis hjelper ei stor gruppe flyktningar, og gjev svar til ein nysgjerrig masterstudent.

Etter arbeidet mitt med dette feltet er det sjølvsagt mange vegar vidare, og eg er usikker på i kva veg eg skal ta vidare. Utan tvil har eg lært mykje som er nyttig i læraryrket, men det er og mange trådar som kan jobbast vidare med i forskaryrket. Mi von er at oppgåva kan vere eit bidrag til eit mangfaldig bilete av kulturmøter mellom norske etablerte og nye outsidergrupper i eit moderne Noreg. For nyfikne meg er samtida eit Eldorado av nye horisontar.

Gjennom å betre forstå dei tvingande kreftene som verkar i ein figurasjon, som mellom etablerte og outsiderar, kan man etter kvart utforma praktiske handlingar som greier å kontrollera dei.⁵

Oppgåva er tileigna far min, Harald Kristoffersen.⁶

⁵ (Elias & Scotman, 1999; 157) – mi omsetjing frå svensk utgåve

⁶ Om han hadde fått levd ville han ha runda 70 år den 28. november 2013. Han lærte meg å stola på alle menneskjer og finna fram til det beste i meg sjølv og andre.

Innhald

Masteroppgåve i Kulturmøte	0
Abstract in English	1
Forord	2
Innhald	4
Figurar	9
Tabellar	9
1 Innleiing	10
1.1 Temapresentasjon	10
1.2 Problemstilling	12
1.2.1 Første delproblemstilling	13
1.2.2 Andre delproblemstilling	15
1.2.3 Tredje delproblemstilling	16
1.3 Strukturen i problemstillingane, og korleis dei heng saman	17
1.4 Kjelder	18
1.4.1 Hlawnceu Ceu Mang, pastor i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes	19
1.4.2 John Widdup Berry	19
1.4.3 Hildegunn Fandrem	19
1.4.4 Norbert Elias	20
1.4.5 Pierre Bourdieu	20
1.4.6 Robert David Putnam	20
1.4.7 Thomas Hylland Eriksen	21
1.5 Fagdisiplin og forskingsfelt	21
1.6 Metode	22
1.7 Oppbygging og disposisjon av oppgåva	22
1.8 Referanseteknikk	23
2 Sentrale omgrep og teoriar	24
2.1 Kort oversyn over Chin-folket og Burma	24
2.1.1 Chin - Burmesarar	24
2.1.2 Burma, Myanmar eller Chinram	26
2.2 Definerings av sentrale omgrep, kontekstualisering og avgrensing av teori	26

2.2.1	Integrering	27
2.2.2	Akkulturasjon, enkulturasjon og (re-)sosialisering	29
2.2.2.1	Enkulturasjon og (re-)sosialisering	29
2.2.2.2	Akkulturasjonsstrategiar.....	31
2.2.3	Dei etablerte og outsiderane	34
2.2.3.1	Pseudosamfunnet «Winston Parva» – eit kort oversyn.....	35
2.2.3.2	Etablerte og outsiderar i organisasjonslivet.	36
2.2.4	Kulturell kapital.....	37
2.2.4.1	Kulturell kapital i eit migrasjonsperspektiv	39
2.2.4.2	Habitus og sosiale felt	40
2.2.4.3	Sosiale felt i vår kontekst.	40
2.2.5	Sosial kapital	41
2.2.5.1	Sosial kapital og tillit.....	42
2.2.5.2	Ulike typar sosial tillit.....	44
2.2.6	Globalisering	46
2.3	Viktige samanbindingar mellom teoriane og problemstillingane	48
3	Metode, arbeidsmåtar og praktisk gjennomføring	50
3.1	Val av kvalitativ metode	50
3.2	Val av norsk som samtalepråk.....	51
3.3	Utval av informantar	55
3.3.1	Utval av fagfolk og akademiske samarbeidspartnarar	55
3.3.2	Utval av informantar i norske kommunar og kyrkjelydar.....	55
3.3.3	Utval av informantar i burmesiske kyrkjelydar.....	56
3.4	Gjennomføring av kvalitative intervju	60
3.4.1	Godkjenning frå NSD.....	60
3.4.2	Gjennomgang av informasjonsbrevet til informantane	62
3.4.3	Gjennomgang av spørsmåla i intervjuguiden.....	62
3.4.3.1	Innleiing	62
3.4.3.2	Faktaspørsmål.....	63

3.4.3.3	Kompliserte og sensitive spørsmål.....	64
3.4.3.4	Tilleggsskjema til intervjuguide.....	66
3.4.4	rammer for intervju	66
4	Gjennomgang av viktige funn i samtalar med norske informantar	68
4.1	Gjennomgang av funn i dei to aktuelle lokale norske baptistkyrkjelydane	68
4.1.1	Kort om andre baptistkyrkjelydar i Sandnes og Gjesdal.....	68
4.1.2	Den viktigaste informasjonen frå ein etnisk norsk som jobbar aktivt for integrering av burmesarar i Gjesdal	69
4.2	Gjennomgang av funn knytt opp til kommunale tenester	70
5	Gjennomgang av empiriske funn i samtalar med burmesiske informantar.....	72
5.1	Den typiske chin-burmesiske baptisten.....	73
5.1.1	Bakgrunn og familie.....	73
5.1.2	Arbeid og utdanning.....	75
5.1.3	Vener og nettverk	75
5.1.4	Kristenliv og gudstenester.....	76
5.1.5	Tankar om framtida.....	77
5.1.6	Samanhengande tekst som skildrar den typiske chin-burmesiske informanten	78
5.2	Skilnader på informantar busett i Sandnes og Gjesdal.....	79
5.2.1	Bakgrunn og familie.....	79
5.2.2	Arbeid og utdanning.....	79
5.2.3	Vener og nettverk	80
5.2.4	kristenliv og gudstenester.....	80
5.2.5	Samanhengande tekst som skildrar ulikskapar mellom informantar busett i Sandnes og Gjesdal	81
5.3	Særdrag ved ungdomsgruppa.....	82
5.4	Særdrag ved informantar som har eit anna etnisk opphav enn Chin.....	83
5.5	Særdrag ved gruppa som har høgare utdanning.....	85
6	Drøfting av funn i høve til relevant teori.....	86
6.1	Drøfting og konklusjonar knytt til første delproblemstilling	87
6.1.1	Integrering og akkulturasjon	87
6.1.2	Dei etablerte og outsiderane	90

6.1.3	Kulturell kapital.....	93
6.1.4	Sosial kapital	96
6.1.5	Globalisering	99
6.1.6	Oppsummering av drøftingar knytt til første delproblemstilling	101
6.2	Drøfting og konklusjonar knytt til andre delproblemstilling	102
6.2.1	Språk som avgjerande faktor.....	102
6.2.2	Integrering og akkulturasjon	105
6.2.3	Dei etablerte og outsiderane.....	106
6.2.4	Sosial kapital	107
6.2.5	Globalisering	112
6.2.6	Oppsummering av drøftingar knytt til andre delproblemstilling	114
6.3	Drøfting og konklusjonar knytt til tredje delproblemstilling	115
6.3.1	Integrering og akkulturasjon	115
6.3.2	Dei etablerte og outsiderane.....	117
6.3.3	Kulturell kapital.....	119
6.3.4	Sosial kapital	122
6.3.5	Globalisering	124
6.3.6	Oppsummering av drøftingar knytt til tredje delproblemstilling	125
6.4	Oppsummerande drøfting og konklusjonar knytt til hovudproblemstillinga.....	126
6.4.1	Integrering og akkulturasjon	126
6.4.2	Dei etablerte og outsiderane.....	127
6.4.3	Kulturell kapital.....	127
6.4.4	Sosial kapital	128
6.4.5	Globalisering	128
7	Oppsummering og konklusjonar	129
7.1	Oppsummering	129
7.2	Konklusjonar	130
	Implikasjonar	131
8	Bibliografi	133
9	Vedlegg	140
9.1	Svar frå NSD	140
9.2	Invitasjon til samtale	142

9.3	Intervjuguide	143
9.4	Tilleggsskjema til intervjuguide.....	151

Figurar

Figur 1 Chinram	24
Figur 2 Akkulturasjonsstrategiar	32
Figur 3 Kulturell kapital i «distinksjonen»	38
Figur 4 Samanhengen mellom sosial tillit, utdanning og medlemskap i grupper	43
Figur 5 Ulike former for tillit / sosial kapital	44

Tabellar

Tabell 1 Oversyn over kyrkjelydar som er medlemmar i NCCF	13
Tabell 2 8 punkt for religiøst samspel	28
Tabell 3 Liste over informantar i primærgruppa. Ideal og faktisk	58
Tabell 4. Storleik på familiar	74
Tabell 5 Årstall for ankomst til Noreg	74
Tabell 6 Tillit til ulike grupper på ein skala frå ein til ti.	76
Tabell 7 I kva grad gjer du avtalar om å treffast seinare.	77
Tabell 8 Avtalar å treffast andre gonger fordelt på kommune	80

1 Innleiing

1.1 Temapresentasjon

I Sandnes finst det ein kyrkjelyd for burmesarar. Den er tilslutta Det Norske Baptistsamfunn og har om lag 150 medlemmar. Kvar sundag ettermiddag samlast størstedelen av desse til gudsteneste og «kyrkjekaffi». I tillegg har ungdommane møter kvar laurdag kveld. Det er ein stor og aktiv kyrkjelyd. Namnet på kyrkjelyden er Immanuel Baptist Church (IBC).⁷

Pastoren i IBC heiter Hlawnceu Ceu Mang og har utdanning frå Burma og er godkjend av Det Norske Baptistsamfunn.⁸ Til saman er det 19 burmesiske kyrkjelydar som har jamleg kontakt med kvarandre.⁹ Burmesarane utgjer ein stor del av Det Norske Baptistsamfunn.¹⁰

IBC leiger husvære i kyrkjelydssenteret til Sandnes kyrkjelyd. Sandnes kyrkjelyd er en del av Den norske kyrkja. IBC eig ein del utstyr som vert nytta i samband med samlingar og gudstenester. Desse er lagra i kyrkjelydssenteret. Utanom dette leigetilhøvet ser det ikkje ut som om burmesarane har andre samband til Den norske kyrkja.

I all hovudsak er medlemmene i IBC chin-burmesarar. 3-4 familiar er karen-burmesarar. Chin er ei eiga folkegruppe som i all hovudsak har tilhald nordvest i Burma, i nordlege delar av Bangladesh og i austlege delar av India. Etter vestleg standard er dei i liten grad urbaniserte og lever for det meste i landsbyar. Jordbruk og ulike handverk står sterkt. Det er med andre ord stor skilnad i levekår mellom der chin-burmesarane kjem frå og det norske sørvestlandet.¹¹

I Sandnes, men også i Gjesdal, ei bygd eit par mil søraust for Sandnes, er det baptistiske kyrkjelydar som medlemmane i den burmesiske kyrkjelyden var deltakarar i tidlegare. Då IBC vart skipa i 2008 trakk burmesarar i båd kommunar seg gradvis frå dette arbeidet og er no

⁷ Etter dette vil eg berre nytta forkortinga IBC som namn på kyrkjelyden.

⁸ Hlawnceu Ceu Mang er presentert under punkt 1.4.1

⁹ Liste over desse kyrkjelydane kan lesast som Tabell 1 under punkt 1.2.1. Desse kyrkjelydane er tilslutta Norway Chin Christian Federation (NCCF) (Norway Chin Christian Federation, 2013)

¹⁰ Fleire av desse kyrkjelydane er det moglege å finna på lista over kyrkjelydar i Det Norske Baptistsamfunn (Det Norske Baptistsamfunn, 2012)

¹¹ Mei om dette under punkt 2.1.1.

berre aktive i IBC. Denne endringa i aktivitet har truleg og konsekvensar for gruppa sitt nettverk og for korleis integreringsarbeidet går føre seg. Det er og ein skilnad på kommunane og kyrkjelydane i desse kommunane. Sandnes er by og Gjesdal er bygd. I Gjesdal har baptistane ein relativt sterkare posisjon.

Sjølv om Burma har eit klårt buddhistisk fleirtal, er baptistisk kristendom den dominerande religionen i den chin-burmesiske folkegruppa. Chin-provinsane er gammal misjonsmark for amerikanske baptistkyrkjer. Det store fleirtalet høyrer til familiar som har vore baptistar i generasjonar. IBC tek med andre ord vare på to delar av identiteten til medlemmane sine: Chin-kulturen og baptistisk kristendom.

Av større vitenskapleg arbeid, tilsvarande mastergrad eller meir, har eg ikkje funne noko som kan direkte overførast. Jill Loga¹² laga ein kunnskapsoversikt over *Trossamfunn, innvandring og integrasjon* i 2012.¹³ Men ved Universitetet i Stavanger er det skriven ei masteroppgåve som handlar om skuledugleiken til flyktingar frå Myanmar, som i innhald og konklusjonar reiser spørsmål om integrering.¹⁴ Oppgåva har ikkje chin-folket som fokus.

I tillegg til denne korte introduksjonen fyller eg opp med meir bakgrunnsstoff om ulike kyrkjelydar, lokalsamfunna i Noreg, burmesiske folkegrupper og Burma der det trengst.

¹² Jill Loga er tilsett som Forskar II ved Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Ho er Dr. Polit, med fagfeltet: administrasjon- og organisasjonsvitenskap (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2013)

¹³ (Loga, Trossamfunn, innvandring og integrasjon, 2012)

¹⁴ (Munthe, 2011)

1.2 Problemstilling

«Dei kristne burmesarane i Sandnes og Gjesdal er medlemmer i og deltek i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes. Kva tyder dette for integreringa deira i det norske kyrkjelivet og i det norske samfunnet?»

Problemstillinga er presisert nærare i eit knippe delproblemstillingar, som rettar fokus på ulike delar av temaet og skapar rom for teoretiske perspektiv og drøftingar.

Ei orsak til at eg landa på granskingar av chin-folket, er at det er desse som utgjer det store fleirtalet i IBC. Til saman har IBC drygt 150 medlemmar, der om lag to tredelar bur i Sandnes og Gjesdal. Til IBC høyrer og burmesiske flyktningar busette i Jærkommunar som Time, Klepp og Hå, Desse er og for det meste chin, men eg har vald å halda desse utanfor. Om desse hadde vore med, ville arbeidsmengda blitt for stor for ei masteroppgåve. Særleg gjeld dette der eg granskar den norske konteksten.

Gjesdal peikar seg ut med ein sær sars aktiv baptistisk kyrkjelyd. Den er gammal, og driv eit stort arbeid. Den mest synlege medlemmen er Gjesdal sin ordførar, Olaug Vervik Bollestad, som og vart vald inn på Stortinget for Kristeleg Folkeparti hausten 2013. Mannen hennar, Jan Frode Bollestad, er leiar for soknerådet til baptistkyrkja. Ein av dei største industriarbeidsplassane i Gjesdal vert og eigd og drive av ein baptistfamilien Espeland, på tredje generasjonen.¹⁵ I Sandnes er den etnisk norske kyrkjelyden mindre, og har på langt nær like prominente medlemmar. Baptistkyrkja i Sandnes husar og «Sandnes international Church», som er ei tverrkyrkjeleg forsamling med engelsk som preikespråk.¹⁶ Eg vil i noko grad granska banda IBC til systerkyrkjene i dei aktuelle kommunane, men ikkje gå nærare inn på interne tilhøve i desse kyrkjelydane.

Hovudsaka i hovudproblemstilling er integrering. Omgrepet er mykje nytta både i vitskaplege diskusjonar, men og i daglegtale og offentleg ordskifte.¹⁷ Seinare vil eg definera omgrepet i tråd med sentrale offentlege dokument og sentral litteratur.¹⁸ I vår samanheng er det viktig å få med seg at det er ein målsetnad for det norske samfunnet, at alle innvandrarar skal integrerast på ein god og positiv måte. Sentralt for oppgåva vert det difor å sjå på kva

¹⁵ (Jæder Espeland kjøttvarer, 2013)

¹⁶ (Sandnes international Church, 2013)

¹⁷ Eit søk på Google.no den 16. november gjer om lag 330 000 treff på ordet «integrering»

¹⁸ Punkt 2.2.1

som «fremjar og hemmar» slik integrering, men ein kan i tillegg snakka om kva som fører til segregering, assimilering eller marginalisering.¹⁹

Eg har konkretisert hovudsproblemstillinga i tre meir spesifikke delproblemstillingar, som har hjelpt meg mykje i det vidare arbeidet med oppgåva.

1.2.1 Første delproblemstilling

«I kva grad og korleis vert burmesarar som deltek i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes, integrerte i og / eller segregerte frå andre kyrkjelege kontekstar? Kva tyder medlemskapen i Det Norske Baptistsamfunnet.»

Frå fleire kjelder har eg høyrte at burmesarar skipar sine egne kyrkjelydar i Det Norske Bapstistsamfunnet.²⁰ Tendensane ser me over heile landet. Kyrkjelydane er organisert i Norway Chin Christian Federation (NCCF).²¹ Frå årsrapporten til NCCF kan me telja opp i Tabell 1:

Tabell 1 Oversyn over kyrkjelydar som er medlemmar i NCCF²²

Nr	Namn og stad	Medlemmar	Søndagsskole
1.	Bethlehem Chin Church, Moi	46	13
2.	Bethel Living Church, Stavanger	62	12
3.	Carson Baptist Church, Arendal	101	25
4.	Calvary Chin Church, Hamar	91	32
5.	Ebenezar Chin Baptist Church, Langesund	32	18
6.	Grimstad Chin Baptist Church, Grimstad	53	17
7.	Immanuel Baptist Church, Sandnes	151	32
8.	Norway Chin Baptist Church, Aurskog	23	09

¹⁹ Disse tre andre utfalla refererer til teori om akkulturasjon og akkulturasjonsstrategiar, punkt 2.2.2.2

²⁰ Mellom anna frå Birger Løvlie ved Høgskulen i Volda

²¹ Organisasjonen har eigen nettstad: <http://nccf.no/>

²² Denne tabellen er henta frå årsmeldinga til NCCF datert juli 2013

9.	Norway Chin Mission Church, Oslo	157	40
10.	Panniel Matu Church, Everum	27	8
11.	Stavanger Chin Church, Stavanger	136	30
12.	Telemark Chin Church, Skien	69	10
13.	Vest Agder Chin Church, Kvinesdal	60	14
14.	Zion Baptist Church, Egersund	112	25
15.	Ålesund Chin Church, Ålesund	59	26
16.	Gjørvik Chin Christian Fellowship, Gjørvik	28	10
17.	Langesund Chin Family, Langesund	28	9
18.	Norway Matu Christian Fellowship, Norway	30	-
19.	Oslo Chin Christian Fellowship, Oslo	32	
20.	Pumpak (Individual members)	12	-
21.	Grand total	1,308	

Eit medlemstal på 1638, inkludert born, må seiast å vera ei rimeleg stor eining. IBC er nest størst i medlemstal, og i Rogaland er det til saman 507 vaksne medlemmar.²³ NCCF sine kyrkjelydar er medlemmar av Det Norske Baptistsamfunn.²⁴

Dei indre banda i IBC og sambandet til andre kyrkjelydar reiser spørsmål om kva som bind saman grupper og individ på ulike nivå. Dei ulike formene for sosial kapital er absolutt relevante omgrep, når ein spør kva som bind den burmesiske kyrkjelyden saman internt og

²³ I tillegg til kyrkjelyden i Sandnes er det snakk om to kyrkjelydar i Stavanger, ein i Eigersund og ein på Moi

²⁴ Størstedelen av kyrkjelydane finn me att på lista over kyrkjelydar i Det Norske Baptistsamfunn (Det Norske Baptistsamfunn, 2012)

kva som skapar bindingar til grupper utanfor den kyrkjelyden.²⁵ Vidare kan me reisa spørsmålet om skilnadar i kulturell kapital er viktig.²⁶

Eg vil sjå på korleis chin-burmesarane definerer seg som ei eiga gruppe, og korleis dei ser på andre grupper rundt seg, som karen-burmesarar og norske baptistar. Eg vil sjå på Norbert Elias sine teoriar om etablerte og outsidersar. Det er relevant for oppgåva å ikkje berre sjå på kva som skapar integrering, men og det som skapar segregering.

1.2.2 Andre delproblemstilling

«I kva grad og korleis kan det vere ynskja at kyrkjelyden fungerer som ein etnisk segregert kyrkjelyd? I kva grad og korleis opplever medlemmene segregeringa som pregar kyrkjelyden som hemmande eller tenleg for livet i kyrkjelyden? Kva rolle spelar kulturen og språket i denne samanhengen?»

Deltaking i friviljuge organisasjonar er så absolutt deltaking i det sivile samfunnet, og difor ein del av integreringa. Vår gruppe har det til felles at dei er medlemmar av ein slik organisasjon, Det Norske Babtistsamfunnet, og lokale kyrkjelydar innan denne. For å svare utfyllande på den overordna problemstillinga er det difor viktig å ikkje berre spørje «i kva grad», men og om «korleis». Denne delproblemstillinga er fyrst og fremst meint for å hjelpa til i leitinga etter kva konsekvensar segregeringa har for livet i kyrkjelyden. Formuleringa *livet i kyrkjelyden*, dekkjer både det meir personlege kristenlivet, men og sosial samhandling mellom individ og grupper.

Sjølv om det berre er segregering som har funne vegen inn i problemstillinga, er integrering ein naturleg del av drøftinga. Integrering er i kraft av den overordna problemstillinga del av alle drøftingar. Tryggleik opplevd i eiga etnisk gruppe kan tenkjast omsett til mot i møta med det norske samfunnet. Integrering handlar og om å ta vare sitt eige i møta norsk kultur, og kulturbygging i ei etnisk avgrensa gruppe er truleg viktig for å hindra avvising av eigen opphavleg kultur. Segregering kan hindra utfall som assimilering og marginalisering.²⁷

²⁵ Punkt 2.2.5.2

²⁶ Jamfør Bourdieu (punkt 2.2.4)

²⁷ Assimilering og marginalisering inneber avvising av opphavleg kultur jamfør ulike akkulturasjonsstrategiar presentert under punkt 2.2.2.2

Kyrkje og kristenliv er framleis primær kontekst med særleg fokus på røyndommen for medlemmane i IBC. Reint teologiske spørsmål og spørsmål om kyrkjevekst og katekettikk er halde utanfor drøftinga.²⁸

Språk spelar ei rolle som er nær knytt opp til kultur. Chin-folket har sitt eige språk som er dominerande i kyrkjelyden sitt arbeid. Meistringa av eigen kultur og språk, og verdien av denne i diasporaen, er ein faktor som eg vel å legg mykje vekt på i analysen under denne problemstillinga.²⁹ Språk kan vanskeleg overvurderast, men kan og verta altoverskyggjande. Det er truleg særst viktig at menneskjer som samhandlar har ein felles plattform for kommunikasjon. Sosiologisk analyse rommar mykje kulturforståing og språk er ein viktig kulturmarkør og viktig for ulike kulturuttrykk.

1.2.3 Tredje delproblemstilling

«I kva grad og korleis lukkast burmesarar som er aktive i den burmesiske kyrkjelyden, i å bli integrerte i det norske samfunnet? I skulen, arbeidslivet og organisasjonslivet. Kva tyder kyrkjelivet i denne samanhengen»

Til felles med hovud-problemstillinga står chin-folket sin integrasjon i Noreg i sentrum. Å lukkast vil i vårt tilfelle seia å verta ein integrert del av det norske samfunnet. Denne siste delproblemstillinga har to siktemål:

- Den skal peike utover den reint kyrkjelege konteksten. Det er viktig å sjå på kva sosiale posisjonar buresarane har i det norske samfunnet.
- Kartlegge eksistensen av dei reint yte faktorane som kjenneteiknar og måler integrering. Desse faktorane er ofte knytt opp til arbeid og økonomi.

Dette er ikkje spørsmål som eg reknar med å svare på punktvis, men dei peiker på ulike aspekt som skal vera med i drøftings- og analysearbeidet. Det er det kyrkjelege som er fokus for oppgåva. Men det er mange tilleggsfaktorar som er interessante og viktige, som ligg utanfor det kyrkjelege arbeidet.

²⁸ Som tillegg til oppgåva har eg teke med ei tekstbolk med implikasjonar og tilrådingar. Denne kan lesast etter punkt 7. Tilrådinga her er meir prega av teologi og tankar om kyrkjevekst og katekettikk.

²⁹ Dette har fått sitt eige punkt i drøftinga, før anna analyse av denne problemstillinga. Punkt 6.2.1

Ein del er faktorar som er ganske lett målbare, så som arbeid, utdanning og inntekt. Andre faktorar er mindre konkrete, så som korleis dei opplever andre delar av organisasjonslivet og det å ha vener som ikkje er burmesarar. I mange samanhengar vil mange sjå på dette med språk, utdanning og arbeid som det viktigaste kriteriet for integrering.³⁰ Språk vil allereie vera drøfta i den føregåande delproblemstillinga, og det vil vera naturleg å bygga vidare på denne i drøftinga av denne siste delproblemstillinga. Når det gjeld språk, utdanning og arbeid er det NAV gjer den største jobben, med sitt Intro-program. Målsetnaden for dette programmet er formulert på dette viset:

Du som omfattes av introduksjonsordningen har rett og plikt til å delta i et program som tar sikte på å

gi grunnleggende ferdigheter i norsk

gi grunnleggende innsikt i norsk samfunnsliv

forberede til deltakelse i yrkeslivet

Programmet skal vare hele året, er på full tid, og inneholder norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som fører til videre opplæring eller arbeidsaktivitet.

Programmet varer normalt i to år, og er basert på en samarbeidsavtale mellom kommunen og NAV.³¹

For vår gruppe gjeld denne introduksjonsordninga for dei fleste. I røynda er dei fleste flyktningar, asylsøkarar eller har fått opphald gjennom sameining med ektefelle. Introduksjonsordninga handlar mykje om skule og yrkespraksis. Deltaking i frivillig arbeid er truleg eit viktig supplement, som står sentralt i mine granskingar.

1.3 Strukturen i problemstillingane, og korleis dei heng saman

Metodisk er delproblemstillingane og tittelen deduserte frå hovudproblemstillinga. Hovudproblemstillinga er formulert fyrst og er meint å romma fleire ulike aspekt. Den er konkret formulert, men har ikkje slagside mot bestemte teoriar eller kontekstar. Etter at hovudproblemstillinga er formulert er så delproblemstillingane deduserte frå denne. Desse er organisert etter ulike kontekstar og sett opp i logisk rekkefølge. Det nære kjem fyrst, og difor er kyrkjeleg kontekst viktig i dei to fyrste. Samfunnslivet elles står i fokus i den siste

³⁰ Innan utdanning er særleg samfunnskunnskap viktig, og dette har ein eigen plass i integreringsarbeidet (VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, 2013)

³¹ (NAV, 2013)

delproblemstillinga. Den fyrste delproblemstillinga skal finne fram til grader, former og arenaer for segregering og integrering. I den neste delproblemstillinga er fokus på korleis opplevinga av segregering og integrering er oppfatta og opplevd av grupper og individ. Til sist ser eg på kva konsekvensar aktiviteten i IBC har for deltaking i samfunnslivet elles.

Til saman er det mange prosessar som verkar inn på kvarandre på ulike måtar. Slik er det ofte i møter mellom ulike kulturar. For å forstå dette gjer eg bruk at eit breitt spekter av teoriar, og ein god porsjon sunn fornuft. I sum vil desse fortelja ei mangfaldig historie om burmesarar sitt møte med norske lokalsamfunn i to kommunar i Rogaland.

Sjølv om eg nyttar fleire teoriar kan dei ikkje kvar for seg svara på kva som er sanninga om heile røyndommen. Mengde og variasjonen i teori utfyller kvarandre og hjelper til å forstå ulike delar av røyndommen. Svara mine er valide for ei mindre gruppe, men prosessane eg skildrar er truleg aktuelle for andre grupper i eit mangfald av kontinuerlege kulturmøter.

I alle delproblemstillingane ligg det ei spenning mellom segregering og integrering. Integrering på ulike arenaer i ulik grad er det primære oppgåva dreier seg om, men sidan IBC er etnisk avgrensa, er det meining i å handsame omgrepet segregering gjennom heile oppgåva.

1.4 Kjelder

Dei viktigaste kjeldene for oppgåva er informantane, dei eg har snakka med. Kven deltakane i kyrkjelyden er kan vanskeleg samanfatast i ein innleiing, då dette ville vera å føregripa analysen i sterk grad. Den typiske chin-burmesar er presentert seinare i oppgåva,³² men grupper av informantar er og systematisert i grupper knytt opp til busetnad, alder, etnisitet og utdanning.³³ Den einaste munnlege kjelda som er presentert her i innleiinga er kyrkjelyden sin pastor.

Vidare vil eg presentera dei viktigaste teoretikarane i den rekkefølgja eg har nytta dei i oppgåva.

³² Punkt 5.1

³³ Punkta 5.2, 5.3, 5.4 og 5.5

1.4.1 *Hlawnceu Ceu Mang, pastor i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes*

Hlawnceu Ceu Mang (54) var ikkje med å skipa kyrkjelyden, men har vore pastor det siste året. Han er godkjend pastor i Det Norske Baptistsamfunn. Frå Rangoon har han ein bachelor i historie og filosofi og ein master i teologi. Det overordna ansvaret for kyrkjelyden ligg hjå han. Hlawnceu Ceu Mang er aktiv i chin-diasporanen internasjonalt.³⁴ Frå Burma har han og røynsle som opposisjonell med kontaktar til mellom anna Aung San Suu Kyi. Etter at han flytta til Noreg for eit år sidan har han teke norsktest på nivå 1, og er elev ved vaksenopplæringa på Bryne. Dette er ein del av intro-programmet og pastortenesta er difor ikkje løna. Samtalane med Hlawnceu Ceu Mang er dei einaste som har gått føre seg på engelsk.

1.4.2 *John Widdup Berry*³⁵

John Widdup Berry (74) er professor emeritus i psykologi ved Queens universitet i Kingston, Ontario i Kanada. Hans særlege interessefelt er psykologi i interkulturelle kontekstar. Eg nyttar særleg teoriane hans om akkulturasjon, som eg i hovudsak har henta frå ein artikkel frå 1997.³⁶

1.4.3 *Hildegunn Fandrem*³⁷

Hildegunn Fandrem (41) er fyrsteamanuensis i pedagogikk ved universitetet i Stavanger. Ho forskar særleg på migrasjon med fokus på mobbing i skulen. Hildegunn ha introdusert meg for teoriar om akkulturasjon og lese gjennom og kommentert delar av oppgåva. Eg og Hildegunn har vokse opp i same nabolag. I 2011 gav Hildegunn Fandrem ut ei bok som handlar mykje om akkulturasjon i norsk skule og barnehage.³⁸

³⁴ Styreleiar i Chin Christian Association of Europe (CCAEE) og nestleiar i Global Chin Christian Federation (GCCCF)

³⁵ (Queen's University, Ontario, Kanada, 2013)

³⁶ (Berry, 1997)

³⁷ (Universitet i Stavanger, 2013)

³⁸ (Fandrem, 2011)

1.4.4 *Norbert Elias*³⁹

Norbert Elias (1897-1990) var professor i sosiologi ved universitetet i Leicester, England. Sjølv om han berre hadde akademisk stilling der dei åtte siste åra før pensjonsalder, bygde han opp ei suksessrik avdeling med mange kjende og suksessrike lærarar og studentar. Mellom desse er både Anthony Giddens og John H. Goldthorpe.⁴⁰ Boka som eg står meg på, *dei etablerte og dei utanfor*, er skriven etter at han pensjonerte seg.⁴¹ Denne boka skildrar makttilhøva i lokalsamfunn i England og metoden er kvalitative intervju. Elias granskar særleg korleis tilhøvet er mellom etablerte og tilflytta individ og familiar. Verket er rekna som ein klassikar, sjølv om det ikkje er særleg kjend.

1.4.5 *Pierre Bourdieu*⁴²

Pierre Bourdieu (1930-2002) var professor ved College de France frå 1982 til 2001. Han var ein aktiv samfunnsdebatant og skreiv fleire bøker. Den viktigaste var *Distinksjonen*.⁴³ Bourdieu forska mykje på korleis makt og skilje mellom samfunnsskassar vart halde ved like gjennom m.a. utdanningssystemet. Sjølv kom Bourdieu frå enkle arbeidarkår.

1.4.6 *Robert David Putnam*⁴⁴

Robert David Putnam (73) er professor i offentleg politikk ved Harvard universitetet i Massachusetts, USA. For det akademiske året 2013/14 er han gjestande professor ved universitetet i Århus, Danmark. For arbeidet sitt har han mellom anna vunne «Skytteprisen» i 2006, som er ein var verdas viktigaste prisar for innan samfunnsvitskap.⁴⁵ Han har vore leiar for American Political Science Association. The London Sunday Times har kalla han «the most influential academic in the world today». Han har vore rådgjevar for dei tre siste amerikanske presidentane, fleire engelske statsministrar og den noverande franske presidentsen.

³⁹ (Mennell, 2013)

⁴⁰ Anthony Giddens og John H. Goldthorpe er kjende britiske sosiologar.

⁴¹ (Elias & Scotman, 1999)

⁴² (Korsnes, 2008; 35f)

⁴³ (Bourdieu, 1995)

⁴⁴ (Harvard University, 2013)

⁴⁵ (The Johan Skytte Prize in Political Science, 2013)

I mine granskingar drar eg særleg nytta av teoriane hans om «sosial kapital». Bestseljaren hans er: *Bowling Alone: The Collapse and Revival of American Community, and more recently Better Together: Restoring the American Community, a study of promising new forms of social connectedness*.⁴⁶ Dette verket har særleg fokus mot amerikanske tilhøve og eg har difor i hovudsak nytta førelesinga hans i samband med tildelinga av skytteprisen og ein artikkel frå 1995.⁴⁷

Sjølv om det ikkje er i sosiologi han har professoratet sitt, reknar eg han som sosiolog i min samanheng. Den delen av arbeidet eg nyttar refererer så sterkt til sosiologiske teoriar og omgrep at det er naturleg å sjå dette som eit framhald av Elias og Bourdieu sine arbeid.

1.4.7 Thomas Hylland Eriksen⁴⁸

Thomas Hylland Eriksen (51) er professor i sosialantropologi ved universitetet i Oslo. I åra 2004 til 2010 leiar han forskingsgruppa CULCOM - fleirkulturell kompleksitet i det nye Noreg. Det var i denne perioden han skreiv boka om globalisering.⁴⁹ Eriksen er ein aktiv samfunnsdebatant og forfattar. Bøkene hans er omsette til 20 språk og han skriv og skjønnlitteratur.

1.5 Fagdisiplin og forskingsfelt

Kulturmøte er i seg sjølv ikkje ein eintydig avgrensa disiplin. Ordet i seg sjølv kan handla om møter både mellom individ, grupper eller meir materielle storleikar.⁵⁰ Masterprogrammet i kulturmøte i Volda produserer oppgåver over eit breitt spekter av fagfelt.

I mine granskingar har det heile tida vore viktig å ha ei breiast mogleg tilnærming til eit empirisk materiale som eg visste lite om på førehand. Utgangspunktet har vore eiga undring, og så har arbeidet balla på seg ulike teoriar etter som dei har gjeve meiningsfylte tolkingsrammer for dei empiriske funna. I kraft av at det er snakk om skildring av menneskjer, individ og grupper, er det eit vidt spekter av fagfelt og teoriar som er aktuelle.

⁴⁶ Boka er gjeve ut av forlaget: Simon & Schuster, New York i år 2000. Verket er ikkje referert i oppgåva og står difor ikkje i litteraturlista.

⁴⁷ (Putnam, 2007) Som hare it visst focus på nordiske tilhøve & (Putnam, 1995)

⁴⁸ (Forsgren, 2012)

⁴⁹ (Eriksen, Globalisering åtte nøkkelbegreper, 2008)

⁵⁰ Som t.d. rock møter opera eller finkultur møter harrykultur

Det sterkaste knippet med teoriar står sosiologane Norbert Elias, Pierre Bourdieu og Robert Putnam for.⁵¹ Dei byggjer på kvarandre og gjev kvar for seg og til saman mange gode analysar av kva som bind individ saman og kva som skil dei. Dei fortel og kva konsekvensar makttilhøva i samfunnet har og kva verdiar som ligg i det å stå saman og ha tillit til kvarandre. Slektskapen mellom desse teoriane gjer at dei til ei viss grad stadfester kvarandre og i noko grad gjentek kvarandre. I drøftinga av den andre delproblemstillinga var det mellom anna ikkje naudsynt med eit eige punkt for å handsame *kulturell kapital*.⁵² Desse aspekta var med under andre punkt.

Berry høyrer meir heime i psykologien og pedagogikken si verd og skildrar godt konsekvensane ulike strategiar har, og kva dei i røynda inneber.⁵³ Sosialantropologen Thomas Hylland Eriksen er og ein god skildrar av prosessar som går føre seg i samtida vår og har utforma gode omgrep som skildrar delar av røyndommen på ein god måte.⁵⁴ Eriksen er og viktig av di han jobbar i ein norsk kontekst.

Oppgåva er med andre ord eit kulturmøte mellom ulike fagdisiplinar og forskingsfelt. Det største knippet av teoriar høyrer heime i sosiologien, men eg har og funne god hjelp i teoriar knytt opp til sosialantropologi, psykologi og pedagogikk. Til sist har det og vore nyttig med kjennskap til teologi og religiøs praksis på sørvestlandet.

1.6 Metode

Då dette er ei oppgåva som granskar ei gruppe som ikkje har vore granska tidlegare har kvalitative intervju vore nytta i stor grad. Dette har vore gode primærkjelder. Grunngeving for dette valet og korleis dette har gått føre seg har sine eigne delar i oppgåva.⁵⁵

1.7 Oppbygging og disposisjon av oppgåva

Oppgåva har seks hovuddelar:

⁵¹ Elias; Punkt 1.4.4 & 2.2.3 – Bourdieu; 1.4.5 & 2.2.4 – Putnam 1.4.6 & 2.2.5

⁵² Under punkt 6.2 manglar kulturell kapital som eige punkt.

⁵³ Punkt 1.4.2 & 2.2.2

⁵⁴ Punkt 1.4.7 & 2.2.6

⁵⁵ Punkt 3

- Innleiing med presentasjon av tema, problemstilling og kjelder.⁵⁶
- Teorigjennomgang.⁵⁷
- Drøfting og skildring av metode.⁵⁸
- Gjennomgang av empiriske funn.⁵⁹
- Drøfting av empiriske funn i ljøs av teori.⁶⁰
- Oppsummering og konklusjonar.⁶¹

I tillegg er oppgåva utstyrt med forord, samandrag på engesk innhaldsliste, implikasjonar, litteraturliste og ulike vedlegg.⁶²

Forord, samandrag på engelsk og implikasjonar er strengt tatt ikkje ein del av oppgåva og står difor ikkje som nummererte punkt.⁶³ Nummererte element er på til saman 38749 ord.

1.8 Referanseteknikk

I oppgåva nyttar eg fotnotar til alt utanom hovudteksten. Den viktigaste grunngevinga for dette er å letta lesnaden. Det finnest tre hovudtypar av fotnotar i oppgåva mi:

- Referansar til litteratur, står alltid i parentesar.
- Referansar til andre delar av teksten, kryssreferansar, startar med ordea *punkt*, *tabell* eller *figur*.
- Utfyllande opplysningar står som vanleg tekst.

Ulike blandingar mellom desse er vanleg og ofte gjev eg utfyllande informasjon saman med litteraturtilvising og kryssreferansar.

⁵⁶ Punkt 0

⁵⁷ Punkt 2

⁵⁸ Punkt 3

⁵⁹ Punkt 4 & 5

⁶⁰ Punkt 6

⁶¹ Punkt 7

⁶² Punkt 8 & 9

⁶³ Forord og engesk samandrag er plassert framføre innhaldslista, medan implikasjonar er plassert mellom punkt 7 og 8

2 Sentrale omgrep og teoriar


Eg har funne det nyttig å organisere teorigjennomgangen som definisjonar av sentrale omgrep. Fyrst vil eg definere omgrep knytt opp til det empiriske materialet.⁶⁴ Så vil eg i all hovudsak presentera dei viktigaste trekka ved teoriane, og korleis desse er tenkt operasjonalisert på problemstillingane.⁶⁵

Meir enn at eg aksepterer eller avviser ein overordna teori, ynskjer eg så visa fram korleis fleire teoriar kan kombinerast for å seie noko meir heilskapleg. I størst mogeleg grad vil eg i utlegginga av teoriane gå attende til primærlitteraturen for teoriane, og ikkje leggja mykje vekt på ulike former for kritikk desse har vorte utsett for. I drøftingsdelen vil eg sterkare grad vega teoriane mot kvarandre.⁶⁶ Teoriane er kritikarar for kvarandre og fyller kvarandre ut.

2.1 Kort oversyn over Chin-folket og Burma

2.1.1 *Chin - Burmesarar*

Chin er namnet på ein burmesisk provins nær grensa til Bangladesh. Samstundes er det namnet på innbyggjarane i provinsen. Det er heller ikkje så at det er berre i denne provinsen i Burma det lever chin-folk. I India og Bangladesh er det og store områder der det bur chin-folk. Heile det området som det bur chin-folk i, vert kalla Chinram (Figur 1). Sjølv om arealet er stort, er folketalet lågt i høve til elles i Burma. Chin-folket er ei etnisk gruppe som i all hovudsak lever på landsbygda i Burma.



Figur 1 Chinram - Henta frå Sakhong 2003; xxiv

⁶⁴ Så som chin-folket og Burma under punkt 2.1.

⁶⁵ Presentasjon av teoriarane kan lesast under punkt 2.2 og teoretikarane under punkt 1.4

⁶⁶ Punkt 6.

I vår samanheng er det viktig å peika på at chin-folket i all hovudsak er kristne, og baptistar. Sjølv om sikre tal er vanskeleg å finna, kan ein rekne med at 80-90 % av alle chin-burmesarar er baptistar.⁶⁷ Under britisk styre nådde dei fyrste amerikanske baptistiske misjonærane hovudstaden i chin-provinsen, Hakha, den 15. mars 1899.⁶⁸ Tidlegare hadde naturreligionar stor oppslutnad i hjå chin-folket.⁶⁹

Sakhong konkluderer i boka si,⁷⁰ med at kyrkja vart den sentrale bærebjelken i det moderne chin-samfunnet då dette vaks fram på midten av førre hundreåret.⁷¹ Chin-samfunnet endra seg frå eit samfunn av klanar slekter og naturreligionar til eit samfunn av kristne. Vidare konkluderer han på dei same sidene med at kristentrua var med på å definera dei i høve til andre folkegrupper rundt dei, som indiske hinduar, bengalske muslimar og burmesiske buddhistar.⁷² «As a result, the Chin had no immediate link or direct connection with peoples of their own faith, other than of their own nationality, with whom they could identify as brothers and sisters».⁷³ Til sist konkluderer Sakhong, under same punkt, med at tilknytninga til kristendommen hjelpe dei til betre å skjønna tenkjemåtane til kolonimaktene og verda ikring.

Under lange periodar fekk chin-folket leve utan innblanding frå sentralmakta. Dei var fredelege fjellfolk, som ikkje gjorde særleg motstand. Dei var heller ikkje særleg godt organisert i militær forstand.⁷⁴ I dag er det få byar, og folket bur i all hovudsak i små landsbyar og livnærer seg som bønder. Samferdsle og utdanningssystem er dårleg, og etter burmesisk standard. Særleg har tilhøva forverra seg sidan 2003, då militærregimet stansa all statleg finansiering av helsestell og skulevesen.⁷⁵ I 2009 vart det rapportert at det fanst 12

⁶⁷ Tiam hevdar 80% av eit samla folketal på ein million, der halvparten framleis lever i Burma (Tiam, 2010: 208). Munnlege kjelder seier 90% av 1,5 millionar (Pastor Hlawnceu Ceu Mang)

⁶⁸ (Tiam, 2010; 208) C.K. Hrang Tiam er dekan og professor ved the Myanmar Evangelical Graduate School of Theology i Rangon. Opplysningane om Tiam er henta frå (Harper, 2010) og stadfesta av Hlawnceu Ceu Mang.

⁶⁹ Informasjon eg har fått munnleg frå pastor Hlawnceu Ceu Mang, og som er stadfesta i Sakhong si bok frå 2003

⁷⁰ Dr. Lian Hmung Sakhong er ein sentral person i Chin-Diasporaen. Han har mellom anna blitt tildelt Martin Luther king prisen for arbeidet sitt. For tida bur han i Sverige. Boka på litteaturlista mi, (Sakhong - In search of Chin Identity, A study in Religion, Politics and Ethnic Identity in Burma, 2003), bugger frå doktorgradsarbeidet hans frå universitetet i Uppsala. (Unrepresented Nations and Peoples Organization, 2007)

⁷¹ (Sakhong, 2003; 243f)

⁷² (ibid)

⁷³ (Sakhong, 2003; 244)

⁷⁴ Alt dette i følgje Pastor Hlawnceu Ceu Mang.

⁷⁵ (Tiam, 2010; 212)

sjukehus, 56 lækjarar og 128 sjukepleiarar. Skulestellet er representert med «1,167 primary schools, 83 middle schools and 25 high schools».76 Universitet manglar heilt. SN rapportar hevdar og at 70 % av folket lever under den internasjonale fattigdomsgrensa.77

2.1.2 *Burma, Myanmar eller Chinram*

I oppgåva vel eg å nytta termen Burma. Burmesarane nyttar sjølv denne termen. Termen Myanmar har ei buddhistisk slagside, og er på det viset framand for kriste minoritetar. Termen inneheld religion og etnisk eksklusivitet.78 Burma er nemninga som er nytta om ein union mellom fleire folkegrupper, som vart skipa av britiske koloniherrar. Noko eigen chinstat har aldri eksistert, og av to upassande nemningar er Burma den beste. Av respekt for informantane er det ikkje aktuelt å nytta termen Myanmar.

Chinfolket kjenner på ei samkjensle som kan liknast med ei nasjonalkjensle. Sakhong nyttar The Blackwell Dictionary of Political Science, og peikar på at «samkjensle» og «ulikskap frå andre» er viktige delar av nasjonalt medvit.79 Sakhong peikar og på at chinfolket må definerast som ei etnisk gruppe i tråd med Anthony Smith sine teoriar.80 Chinfolket har sitt eige namn, sitt eige opphav, sine historiske minner, element av felles kultur, eit heimland og ein form for indre solidaritet. Til den etniske gruppa høyrer og nemninga *Chinram* som kan nyttast som synonym for *Chinland*, nasjonen til chin-folket.

2.2 Definerings av sentrale omgrep, kontekstualisering og avgrensing av teori

Denne delen av oppgåva tek sikte på å presentera teoriane som vert nytta i analyse og drøfting. Dei viktigaste teoretikarane for desse teoriane er allereie presentert.81 For å grunnje val av teori vil eg gjennom teoripresentasjonen freista å gje døme på korleis teorien kan nyttast i høve til oppgåva. Desse tolkingane er ikkje på nokon måte fullstendige analysar basert på empiriske funn.

⁷⁶ (IRIN, 2009)

⁷⁷ (Khaipi, 2010)

⁷⁸ (Sakhong, 2003; xiii)

⁷⁹ (2003; xiv-xv)

⁸⁰ (ibid)

⁸¹ Punkt 1.4

2.2.1 Integrering

Det grunnleggjande vilkåret for at innvandrarakar lukkast i Noreg vert ofte definert som «å lukkast med integreringa». I norsk samfunnsliv er dette tydeleg og konkret formulert gjennom NOU 2011: 14:⁸²

Integrering handler om:

- *Kvalifisering, utdanning, arbeid, levekår og sosial mobilitet.*
- *Innflytelse i demokratiske prosesser.*
- *Deltakelse i sivilsamfunn.*
- *Tilhøyrighet, respekt for forskjeller og lojalitet til felles verdier.*

Resultatet langs disse dimensjonene avgjør hvor vellykket integreringen er.

*Integreringen er en tosidig prosess hvor innvandrere og majoritet både påvirker hverandre, og utformingen av samfunnet.*⁸³

Denne to år gamle utgreiinga må ein framleis rekna som aktuell, og dels rettleiande for norsk integreringspolitikk.⁸⁴ Det er difor fruktbart å måla dei burmesiske innvandrarakane si integrering i høve til desse konkrete måla. Særleg gjeld denne vide definisjonen for den siste av dei tre delproblemstillingane. Til ein viss grad er desse faktorane og kvantitativt målbare, som t.d. løn og utdanning.

Ei mykje lesen bok er Thomas Hylland Eriksen & Torunn Arntsen Sajjad si bok *Kulturforskjeller i praksis*:⁸⁵ «Med integrasjon menes deltakelse i samfunnets felles instiusjoner, kombinert med opprettholdelse av gruppeidentitet og kulturelt særpreg.»⁸⁶ I sum er dette kortforma til definisjonen i NOU 2011:14. Liknande definisjonar finn me og i *Store norske leksikon*: «Gjeldende prinsipp i norsk innvandringspolitikk; innebærer vanligvis at innvandrere og flyktninger skal gøres funksjonsdyktige i samfunnet, men uten at de skal miste sin kulturelle eller etniske identitet.»⁸⁷

For vår oppgåve er dette med «felles institusjonar» i Eriksen sin definisjon eit tyngdepunkt. Medlemskap i religiøse organisasjonar er absolutt eit tilkoplingspunkt mot det norske

⁸² NOU 2011:14, 2011 har tittelen Bedre integrering, Mål, strategier, tiltak.

⁸³ (NOU 2011:14, 2011; Boks 2.1 side 28)

⁸⁴ Definisjonen har t.d. fleire likskapar med føremålet til introprogrammet som er presentert under punkt 1.2.3

⁸⁵ Om eg søker på boka sin tittel i kombinasjon med ordet pensumliste finn eg den på minst 16 ulike pensumlister den 24. november 2013

⁸⁶ (Eriksen & Sajjad, 2012; 79)

⁸⁷ (Store norske leksikon, 2012)

samfunnet. I tillegg til gudstenester organiserer kyrkjesamfunna fritidsaktiviteter og driv oppsødings- og opplæringsarbeid. Kyrkjeleg arbeid er på dette viset organisasjonar som øver sterk påverknad på medlemmane sine. I vår samanheng kan det stillast spørsmål ved kor mykje norsk oppsøding som går føre seg i ein kyrkjelyd der det ikkje er etnisk norske deltakarar.

Kva rolle burmesarar spelar i Det Norske Baptistsamfunnet og kva rolle Det Norske Baptistsamfunn spelar for burmesarar i Noreg, er eit av dei spørsmåla eg stiller i delproblemstillingane mine. Organisatorisk høyrer dei utan tvil til same organisasjon, og i lokalmiljøet vil det vera naturleg at individ og grupper som er medlemmer av same kyrkjesamfunn.

Tankar om integrering og respekt i religiøs samanheng er konkret omtalt i NOU2013:1. «Det livssynsåpne samfunnet», frå stålsett-utvalet, peikar på kva som hender med livssyn og livssynsmangfald når samfunnet vert meir og meir mangfaldig i takt med tilflytting av individ med annan religiøs bakgrunn. Gjennomgåande for utgreiinga er åtte grunnleggjande prinsipp som eg har teke med i Tabell 2. Eksplisitt innheld prinsippa tankar

1. Tros- og livssynsfriheten beskyttes for alle.
2. Den enkeltes tros- og livssynspraksis må ikke krenke andres rettigheter og friheter.
3. Ikke-diskriminering: Staten må ikke utsette noen for usaklig eller uforholdsmessig forskjellsbehandling på grunn av deres tros- eller livssynspraksis.
4. Det legges aktivt til rette for alle borgeres tros og livssynspraksis.
5. Likebehandling: Staten bør tilstrebe at enhver borger får – i prinsipp og i rimelig praksis – samme grad av støtte til sin tros- og livssynsutøvelse.
6. Statens aktive tros- og livssynspolitikkk må i sin utforming vurderes opp mot sentrale fellesverdier: demokrati, rettsstat, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling.
7. Organisert tros- og livssynsutøvelse som mottar statlig støtte, må forventes å vise vilje til åpenhet og vise annen tros- og livssynsutøvelse den samme respekt som en selv forventer og nyter godt av.
8. Alle bør akseptere å bli eksponert for andres tros- og livssynspraksis i det offentlige rom.

NOU2013: 1 side 17f

Tabell 2 8 punkt for religiøst samspel

om livssynsfridom, rettferd, fridom, ikkje-diskriminering, demokrati, rettstat, likestilling og respekt. I sum kan ein godt seia at desse omgrepa og prinsippa høver godt saman med omgrepet for integrering i NOU2011:14. Samstundes handlar ikkje dei åtte punkta konkret om kva rolle livssynssamfunna er gjeve i integreringsarbeidet.

Det er og viktig å definere omgrep som slektar på integrering, slik at oppgåva vidare ikkje berre definerer bort det som ikkje er integrering, men i staden definerer kva dette eigentleg er. I samband med Akkulturasjonsstrategiar vert dette operasjonalisert.⁸⁸

2.2.2 Akkulturasjon, enkulturasjon og (re-)sosialisering

Akkulturasjonsomgrepet er lite kjend i den offentlege debatten, men er i nokon grad nytta i litteratur knytt opp til migrasjon og psykologi.⁸⁹ I min faglege samanheng har særleg Hildegunn Fandrem nytta omgrepet i boka si *Mangfold og mestring i barnehage og skole*,⁹⁰ Ho har i sin tur henta teoriar om akkulturasjon frå John W. Berry.⁹¹

På norsk er definerer Fandrem omgrepet som «[...] begrepet som brukes når vi har enkulturasjon og resosialisering som følge av at man flytter til en ny etnisk kultur».⁹² Så langt har eg snakka om integrering som ein målsetnad. I akkulturasjonsomgrepet er dette og ein målsetnad, men det er og ein prosess der feire andre strategiar og utfall er mogelege.

Sjølv om det i den overordna problemstillinga vår er ulik grad av integrering som er det viktigste eg vil sjå på, hjelper akulturasjonsomgrepet oss til å sjå kva meir som hender, kvifor det hender og kva konsekvensar dette har.

2.2.2.1 Enkulturasjon og (re-)sosialisering

Enkulturasjon kan ein sjå som eit systeromgrep til sosialisering, men dei skilst og på eit viktig punkt. Sosialisering handlar mest om læring til eit bestemt føremål, mendan enkulturasjon handlar meir om å bli «svøpt» inn i ein kultur.⁹³ Berry siterer Clanet 1990, side 70: «The set of processes by which individuals and groups interact when they identify

⁸⁸ Punkt 2.2.2.2

⁸⁹ Nærare bestemt «cross-cultural psykology» - på norsk «migrasjonspsykologi» eller «kulturkryssingspsykologi»

⁹⁰ (Fandrem, 2011)

⁹¹ Berry er presentert under punkt 1.4.2

⁹² (Fandrem, 2011; 51)

⁹³ (Fandrem, 2011; 50f).

themselves as culturally distinct».⁹⁴ Dette gjer enkulturasjon til noko meir grunnleggjande og djupare enn sosialisering. I enkulturasjon har ein ikkje sjølv den same aktive rolla som lærande, men er meir som ei brikke som får tildelt ein plass i samfunnsveven. På dette viset er det ikkje heilt ulikt omgrepet habitus.⁹⁵ Resosialisering er eit meir instrumentelt omgrep av di det handlar om å verta sosialisert på nytt. Føresetnaden er då at noko har øydelagt eller annullert den fyrste sosialiseringa, og at dette arbeidet må startast på nytt. I praksis vil ein i vår samanheng nytta omgrepet om vaksne eller ungdommar sin sosialiseringsprosess inn i eit nytt samfunn. Saman peikar omgrepa enkulturasjon og resosialisering på at det i eit akkulturasjonsperspektiv går føre seg både medvitne og umedvitne prosessar.

Fandrem peiker på at det er sosialantropologen Meville J. Herskovits som fyrst definert omgreper enkulturasjon i 1948,⁹⁶ og på same viset peikar John Barry i sin artikkel på same Herskovits sin definisjon av akkulturasjon frå 1936: «Acculturation comprehends those phenomena which result when groups of individuals having different cultures come into continuous first-hand contact with subsequent changes in the original culture patterns of either or both groups».⁹⁷ Herskovits sin tanke om at dette går bae vegar, er ein tanke som ein lett kan kjenne att i definisjonen av omgrepet integrering.⁹⁸

Om me tek utgangspunkt i definisjonen til nynorskorboka får me eit rimeleg klårt svar på kva sosialisering er: «føre inn i, tilpasse seg samfunnet». Resosialisering vil difor tyda «å føra nokon inn i eit nytt samfunn».⁹⁹ Vidare snakkar ein mykje om sosialisering i samband med skulen og skulepolitikk. I ei sentral lærebok for pedagogikk finn me følgjande definisjon: «Sosialisering omfattar både målrettede eller tilsiktete og den ikke-målrettede og utilsiktede påvirkning av individet».¹⁰⁰ Å gå opp grensa til enkulturasjon med slike definisjonar er ikkje særleg lett, men heller ikkje særleg viktig. I vår samanheng utfyller omgrepa kvarandre.

⁹⁴ (Berry, 1997; 8)

⁹⁵ punkt 2.2.4.2

⁹⁶ Meville J. Herskovits var professor ved Northwestern University i USA. Han jobba særleg med kultur, men var og kjend for økonomiske teoriar. (Siverts, 2012) i (Fandrem, 2011; 50)

⁹⁷ (Herskovits, 1936; 149 sitert i Berry, 1997; 7)

⁹⁸ punkt 2.2.1

⁹⁹ (Språkrådet & Universitetet i Oslo, 2013)

¹⁰⁰ (Imsen, 2010; 52)

Til sist tar eg med definisjonar av primær- og sekundærsosialisering. «Den primære sosialiseringen finner sted i hjemmet, altså i familien og nærmiljøet».¹⁰¹ Sekundær sosialisering vert då alt det andre, slikt som skule og medier. Om burmesaren møter ulike slags typar sosialisering med motstridande krav på dei ulike areaene, kan det oppstå konflikhtar. Konkret har chin-burmesarar i Noreg minst tre nasjonale identitetar: chin, burmesisk og norsk. Når me i tillegg har å gjere med baptistisk kristendom, herskar det neppe tvil om at sosialisering av «vår» gruppe er ein prosess på mange plan. Det er ikkje alle desse identitetane som har like gode vilkår i dei burmesiske heimane og i det norske samfunnet. På heimebane og i IBC står truleg chin, burmesisk og kristen identitet sterkt, medan sosailisering til ein norsk identitet er kravet ein møter på andre arenaer. Om burmesarane hadde vore aktive i norskdominerte lokale kyrkjelydane på Sandnes og Ålgård hadde dei truleg opplevd ei sterkare sekundærsosialiering mot ein norsk identitet i organisasjonslivet.


2.2.2.2 Akkulturasjonsstrategiar

Berry sine akkulturasjonsstrategiar er til hjelp når ein vil kaste ljøs over for korleis individ og grupper møter andre individ og grupper, og kva resultat dette får. I mine tidlegare definisjonar,¹⁰² og i boka til Berry, herskar det liten tvil om at integrering er det optimale og difor eit nyttig mål for innvandringspolitikken. Samstundes får vi hjelp frå Berrys teori med å definera kva som ikkje er integrering og kva ein då skal kalla dette.

¹⁰¹ (Eriksen & Sajjad, 2012; 138)

¹⁰² Punkt 2.2.1

Figur 2 illustrerer modellen. Dei fire utfalla vert definerte ut frå svaret på to nøkkelspørsmål. Svara på desse spørsmåla definerer og tydinga av omgrepa etter kvart som eg går gjennom dei.



1. *Integrering*. Om det er så at fleirtalssamfunnet seier ja til at minoritetar kan halda på sin identitet og minoritetane samstundes er interessert i å utvikla og halda ved like banda til fleirtalssamfunnet, får me integrering. Minoritetane vert ein del av fleirtalskulturen, men utan at dei går på akkord med avgjerande delar av eigen kultur. Berry sin definisjon av omgrepet er i tråd med mine definisjonar tidlegare og korleis omgrepet er å forstå i høve til hovudproblemstillinga.¹⁰³
2. *Assimilering*. Om det er så at fleirtalssamfunnet seier nei til at minoritetar kan halda på sin identitet og dei er interessert i å utvikla og halda ved like banda til

¹⁰³ Punkt 2.2.1 og 1.2

fleirtalssamfunnet, får me assimilering. Minoritetane vert ein del av fleirtalskulturen, men misser avgjerande delar av eigen kultur.

3. *Segregering*. Om det er så at fleirtalssamfunnet seier ja til at minoritetar kan halda på sin identitet og dei ikkje er interessert i å utvikla og halda ved like banda til fleirtalssamfunnet får me segregering. Minoritetane vert ein del av fleirtalskulturen, men då som egne grupper. I vår samanheng er dette med segregering mest aktuelt i høve til delproblemstilling 1.¹⁰⁴
4. *Marginalisering*. Om det er så at fleirtalssamfunnet seier nei til at minoritetar kan halda på sin identitet og minorittane på si side ikkje er interessert i å utvikla og halda ved like banda til fleirtalssamfunnet får me marginalisering. Minoritetane vert ikkje ein del av fleirtalskulturen, men kan likevel misse avgjerande delar av eigen identitet. Dette resultatet og denne strategien er sett på som det mest negative.¹⁰⁵ Strategien kan sjåast som ei forkasting av alle identitetar utan at noko nytt veks fram.

Målsetnaden om integrering står sterkt, og Berry har formulert visse vilkår for dette. Integrering krev to positive svar, medan marginalisering krev to negative svar, assimilering og segregering har eit ja og eit nei kvar, og resultat ligg ein stad imellom.¹⁰⁶ Integrering kan liknast med eit ekteskap som krev to ja for å lukkast. Berry hevdar at det mest grunnleggjande vilkåret for å få til integrering, er at samfunnet er multikulturelt, og setter opp vilkår for dette:

1. The widespread acceptance of the value to a society of cultural diversity.
2. Relatively low levels of prejudice
3. Positive mutual attitudes among cultural groups
4. A sense of attachment to, or identification with, the larger society by all groups.¹⁰⁷

Sett saman med integreringsomgrepet, som eg har drøfta tidlegare,¹⁰⁸ hjelper teoriar knytt opp til akkulturasjon oss til å betre skjønna kva som hender og kvifor dette hender. Integrering vert med andre ord ein del av ein større heilskap som ikkje berre definerer grad av integrering. Omgrepet akkulturasjon hjelper til å forstå integrering som ein prosess og ein meir eller

¹⁰⁴ punkt 1.2.1

¹⁰⁵ (Berry, 1997; 24)

¹⁰⁶ (ibid).

¹⁰⁷ (Berry, 1997: 11)

¹⁰⁸ Punkt 2.2.1

mindre medviten strategi. Dette gjeld og dei andre utfalla, segregering, assimilering og marginalisering, som og har sine prosessar og strategiar.

Berry argumenterer vidare for at akkulturasjonsstrategiane ikkje er statiske, men at dei endrar seg over tid og etter kontekst.¹⁰⁹ I vår samanheng kan det tenkast at me ser tendensar til segregering i religiøs kontekst, medan burmesarar vert godt integrert på andre felt. Sanninga kan og vera t.d. 80% integrert 15%, segregert og 5% assimilert i ein kontekst, medan blandinga kan vera ei helt anna i ein annan kontekst. Dette er ein av grunnane til at eg har teke med tredje delproblemstilling, som har ein annan kontekst enn dei to fyrste.

2.2.3 *Dei etablerte og outsiderane*

Overskrifta på dette punktet refererer direkte til Norbert Elias¹¹⁰ og John L. Scotson¹¹¹ sitt forskingsarbeid i eit lokalsamfunn med pseudonymet Winston Parva på 1960-talet, *The Established and the Outsiders*.¹¹²

Opphavleg vart boka utgjeven i London i 1965, men eg har lese boka i svensk omsetjing frå 1999. Denne utgåva inneheld og ein fortale av Norbert Eleias til den nederlandske utgåva i 1976 og eit forord til den svenske utgåva av Gunnar Olofsson.¹¹³

I vår samanheng er Elias sine teoriar nær knytt saman med Pierre Bourdieu, som han var ein avgjerande inspirator for.¹¹⁴ Det er logisk å handsama Elias fyrst av omsyn til kronologi. Like logisk kunne det ha vore å handsama omgrepet habitus under dette punktet, men Bourdieu har utvikla dette vidare i stor grad, og *Sosiologisk leksikon* viser og primært til Bourdieu.¹¹⁵

Artikkelsen i sosiologisk leksikon omtalar Elias sitt arbeid som historisk sosiologi, som i mest konkret tyding er sosiologiske studiar av historiske emne.¹¹⁶ Trass i at Elias sine teoriar

¹⁰⁹ (Berry, 1997; 12)

¹¹⁰ Elias er pretertert under punkt 1.4.4

¹¹¹ John L. Scotson (1928-80) var lærar og tidlegare student til Norbert Elias, frå tida Elias jobba ved universitetet i Leicester. (University College Dublin Press, 2013)

¹¹² (Elias & Scotman, 1999)

¹¹³ Gunnar Olofsson er forskar ved institutt for samfunnsstudier, Linnæus universitet, Sverige. (Linneuniversitetet, 2013)

¹¹⁴ (Korsnes, 2008; 63), Bourdieu er pretertert under punkt 1.4.5

¹¹⁵ (Korsnes, 2008; 101f)

¹¹⁶ (Korsnes, 2008; 110)

er nytta på historiske emne, er dei ikkje utan verdi nytta på samtida. *The Established and the Outsiders* handlar om eit samtidig samfunn. Elias sin fortale frå 1976 handlar like mykje om notid som fortid, og han omtalar teoriane sine som ålmenne om mange slag maktrelasjonar mellom grupper.¹¹⁷

I norsk samanheng kan ein trygt kalla etnisk norske baptistar for dei etablerte og burmesiske baptistar for outsiders.¹¹⁸ Dette i kraft av at dei er norske og forstår det norske samfunnet betre. Dei er oppseda i ein norsk kontekst og har difor ein sterkare posisjon i samfunnet med meir makt. Særleg kan dette gjelda for Gjesdal kommune, der baptistar har fleire leiande roller i lokalsamfunnet. For outsidergruppa er mangelen på makt problematisk på ulike vis. Ikkje minst av di det ikkje alltid er lett å få auge på kva som gjer at ein manglar makt til å verka inn på eigen lagnad. Det er på dette punktet at Elias sine granskingar er særleg nyttige. I vår samanheng er det lite truleg at den store skilnaden i makt skuldast undertrykking gjord med overlegg og medvit. Det er meir snakk om subtile relasjonar og prosessar. Elias skildrar dette i granskingane sine på ein måte som truleg vil gjera det mogeleg å finna fram til likskapar mellom hans engelske pseudosamfunn og lokalsamfunna i Sandnes og Gjesdal.

Integrering handlar mellom anna om likeverd mellom kulturar og identitetar. Når ein kultur er dominerande over ein annan kan dette skapa problem for integrering i eit lokalsamfunn i eit anna land. Det er denne ulikskapen i verdi og posisjon mellom etablerte og nykommarar som er sentral i min analyse og drøfting med bakgrunn i *The Established and the Outsiders*. Om det er ulikskapar i verdi mellom kulturar og identitetar vil dette vera hemmande for integreringa og Elias sin teori hjelper til å forstå kvifor og kva konsekvensar dette har.

2.2.3.1 Pseudosamfunnet «Winston Parva» – eit kort oversyn

Elias delte Winston Parva inn i tre delar:

- Ein gammal opphavleg del, med finare bustader for mellomklassen.
- Ein gammal arbeidardel, som gjerne vert kalla *byen*.
- Ein ny arbeidardel, som mellom anna vart kalla *rotteholet*.

¹¹⁷ (Elias & Scotman, 1999; xxvii-lxi)

¹¹⁸ Dei utanfor

Ein av hovudkonklusjonane hans var at skilje i hovudsak gjekk mellom ny og gammal og ikkje mellom arbeidarklasse og overklasse / mellomklasse. Etter t.d. marxistisk teori skulle ein tru at skiljet gjekk mellom arbeidarklasse og overklasse. Elias undersøkte og fleire andre faktorar, så som økonomi, utdanning og kriminalitet, utan å finna dei avgjerande skilnadane mellom dei to arbeidardelane.

Eit viktig funn gjorde Elias om kriminaliteten. Det var fleire lovbrøt i den nye delen, men desse skilnadane vart utjamna i løpet av den tida granskingane gjekk føre seg.¹¹⁹ Det store fleirtalet av kriminelle handlingar var knytt opp mot 8-9 familiar i det nye området. Desse var i seg sjølv ein minoritet og ikkje typiske for dei nye områda. Likevel vart dei sett på som typiske for outsiderane, og inntrykket av bustadområdet vart ikkje endra om dei seinare flytta. Fråvære av kriminalitet i dei nye områda vart sett på som mellombels. I forordet til Elias si bok skildrar Gunnar Olofsson denne tendensen til å samanlikne den «beste» delen av dei etablerte med den «verste» delen av outsiderane.¹²⁰ Sjølv om det var stor ulikskap innan alle delane av Winston Parva verka denne måten å samanlikna på stadfestande på det biletet av sanninga som rådde grunnen.

Det er lite som tyder på at burmesarar er særleg kriminelle, og at dette skulle hefte ved dei. Men for nordmenn utan spesifikke kunnskapar om asiatiske kulturar er det ikkje så lett å sjå skilnaden på asiatiske folkegrupper. Det kan tenkjast at t.d. vietnamesiske kriminelle grupper kan vera med på å skapa negativ sosial stemping av burmesarane, og på det viset hemma kontakt og sosial aksept. Norske baptistar, med kjennskap til etnisk segregerte kyrkjelydar, kan ha betre føresetnadar for å forstå burmesarar.

2.2.3.2 Etablerte og outsiderar i organisasjonslivet.

Ein av dei viktigaste grunnane til at outsidergruppa ikkje greidde å endra statusen sin, var at dei ikkje var sameinte på same viset som dei etablerte.¹²¹ Manglande formell organiseringa gjeld ikkje for medlemmane i IBC. Dei er sterkt organiserte og styrer kyrkjelyden sjølv. Veikskapen er likevel at det ikkje er andre enn burmesarar som deltek i IBC, og at koplinga til norske kyrkjelydar ikkje har særleg mange faste treffpunkt.

¹¹⁹ (Elias & Scotman, 1999; 125)

¹²⁰ (Elias & Scotman, 1999; xiii).

¹²¹ (Elias & Scotman, 1999; 65)

Organisasjonslivet er tematikk for heile kapittel 5 i boka til Elias.¹²² I Winston Parva gjekk alt viktig organisasjonsarbeid føre seg i sone 2, og det var stort sette berre innbyggjarar frå sone 1 og 2 som hadde leiande posisjonar i organisasjonslivet.¹²³ For frikyrkjer fann Elias at alle gudstenestelokala låg i sone to og at det var ni gonger fleire frå sone 1 og 2 som var aktive i desse, enn kva som var talet for sone 3.¹²⁴ Kontroll over organisasjonslivet var viktig for den sosiale kontrollen i familiar som var tett vevd saman. Familiar som ikkje hadde ein plass i dei nedarva strukturane hadde liten interesse og relevans.

Særmerkt i vår samanheng er at alle baptistar i Noreg kan definerast som outsidersar i kraft av at dei er ein religiøs minoritet. Historisk sett er det ikkje meir enn 168 år sidan dissenterlova vart vedteken, og mykje kortare tid sidan ein kan snakka om verkeleg likestilling mellom religionar i Noreg. Stålsettutvalet sine åtte punkt det førebels siste steget på vegen mot fullt religiøst likeverd,¹²⁵ og ein konsekvens av at Den norske kyrkja miste si særstilling i Grunnlova med endringane i 2012. Meir lik formell status, kan peika i retting ein samanbindane effekt mellom baptistar og lutherske kristne, trass skilnadar i teologisk syn.

Til sist er det og vert å merka seg at mange chin-burmesiske baptistar truleg har rolla som etablerte i heimtraktene sine, Chinram. Dei utgjer det store feirtalet religiøst sett, og har truleg posisjonar i høve til andre minoritetar. At dei er minoritet i Burma som heilskap, treng ikkje å tyda at rolla deira i det lokale dagleglivet har vore prega av underordning i høve til andre etablerte. I områder med mykje jordbruk og få byar, kan ein rekne tilhøyrsløse til geografisk område og jord, som viktige faktorar i høve til makt og det å vera etablert. Det å gå frå å vera ein etablert til det å verta ein outsider kan vera eit «fall» som kan verka inn på korleis integreringa går føre seg.

2.2.4 *Kulturell kapital*

Pierre Bourdieu er forfattar av *Distinksjonen* som mellom anna handlar om kulturell kapital.¹²⁶ Omgrepet kulturell kapital er ein del av eit større teoretisk system som gjennom fleire tiår har vore sentralt i sosiologisk teori. Reint kronologisk ligg dette systemet mellom

¹²² (Elias & Scotman, 1999; 47ff)

¹²³ (Elias & Scotman, 1999; 48)

¹²⁴ (Elias & Scotman, 1999; 48f) Eg har lagt saman og rekna ut etter dei absolutte tala Elias presenterer i teksten sin.

¹²⁵ Tabell 2

¹²⁶ Bourdieu er presentert under punkt 1.4.5

Elias sine teoriar om dei etablerte og outsiderane og Robert Putnam sine teoriar om sosial kapital.¹²⁷

Bourdieu snakkar ikkje om kulturell kapital som ein statisk storleik. Kulturell kapital er og ein del av eit større sett av teoriar og omgrep, som til saman seier mykje om makt og avmakt. Denne makta og posisjonane går i arv på måtar som liknar på det Elias skildrar. Bourdieu bygger på Elias, og omgrepet kulturell kapital gjer rom for større nyansar enn om me berre skulle drøfta kven som er etablerte og kven som er outsiderar. Kulturell kapital opnar mellom anna og opp for å sjå korleis skulesystemet, med uskrivne reglar og nedskrivne læreplanar, er med på reprodusere mønster av sosial og kulturell posisjon.

I ordpar til kulturell kapital står økonomisk kapital, som kort kan definerast som monetære verdiar. Negativt definert vert då kulturell kapital alt det andre som er att og som verkar inn på status og posisjon i samfunnet. Ulik kapital kan vekslast inn i ulike verdiar og posisjonar. Forenkla kan ein seie at økonomisk / monetær kapital kan kjøpe god kunst, medan det trengst kulturell kapital for å skjønna, tolka og verdsetta den same kunsten. Det er individet si danning og utdanning som bygger den kulturelle kapitalen, og korleis ein lukkast i utdanningssystemet går i arv mellom generasjonane. Søner og døtrer av akademikarar lukkast truleg betre i det akademiske systemet. Bourdieu meiner med andre ord at kulturell kapital kan gå i arv på same måte som økonomisk kapital / monetære verdiar.

¹²⁷ Leveåra for teoretikarane er som følgjer: Elias (1897-1990), Bourdieu (1930-2002) og Putnam (1941-). Mei detaljert presentasjon under punkt 1.4

2.2.4.1 Kulturell kapital i eit migrasjonsperspektiv


Konkret for våre granskingar er kulturell kapital viktig for å forstå noko av det komplekse som ligg idet å bli ein del av ein ny kultur.

Manglande tilknytning til og kjennskap til danning og utdanning i ein kultur fører med seg låg eller lite kompatibel kulturell kapital, som i sin tur gjer det vanskeleg å nå dei posisjonane ein kan ynskja i samfunnet.

Økonomisk kapital kan setta ein i stand til å nå nokre posisjonar i det nye samfunnet, medan det er langt verre å nå andre posisjonar. Figur 3 gjer døme på dette, og mellom dei gruppene som har høg

sosial kapital finn me mellom anna ulike utgåver av lærarar og kulturformidlarar. Desse er vidare viktige brikker i reproduksjonen av kulturell kapital og verdsettinga av denne.

For granskingane våre er det verdt å merka seg at burmesarar samla sett har særleg låg kapital.¹²⁸ Ikkje nok med at dei har med seg lite eller ingen økonomisk kapital når dei kjem, - dei kjem og med bakgrunn frå landsbygd og agrare yrker. Figur 3 gjer tydeleg kor låg kapital det er snakk om for «jordbrukarar». Ein slik samla posisjon spelar ei viss rolle for i kva grad



Figur 3 Kulturell kapital i «distinksjonen»

(Bourdieu, 1995; 35)

¹²⁸ Noko som dei truleg har til felles med andre minoritetar, men som ligg utanfor granskingane mine å drøfta.

dei lukkast i det norske samsfunnet. Konkret kan ein tenkje seg følgjande i høve til problemstillingane: Om me finn døme på segregering kan det oppstå system for kulturell kapital innanfor den burmesiske diasporaen. Ein kan og tenkje seg at kristen tru og identitet kan vekslast inn i relasjonar til norske baptistar og andre kristne.

2.2.4.2 *Habitus og sosiale felt*

Den leksikalske tydinga, som kan lesast i *Sosiologisk leksikon*, av omgrepet habitus er: «eit strukturert og strukturerande skjema for persepsjon, tenking og handling». ¹²⁹ Den leksikalske definisjonen av omgrepet kan godt nyttast i både Bourdieu, Elias og andre sine teoriar. Sjølv om ikkje Berry nyttar omgrepet kulturell kapital er det ikkje ulikt det eg tidlegare har skildra om enkultrasjon og (re-)sosialisering. ¹³⁰

Vidare er det så at ulike former for habitus esisterer innanfor ulike sosiale felt. Menneskjet oppfattar, tenkjer og handlar ulikt i ulike kontekstar. Ein måte å te seg på er bra i ein kontekst, men heilt uakseptabel i ein annan. Reglane for framferd og tenkjemåte går i arv, og setter grenser for kven som er med i ulike grupper, på same viset som Elias fann at det var i Winston Parva. ¹³¹ Sett saman kan ein seie at habitus er sosiale vanar innan eit sosialt felt.

2.2.4.3 *Sosiale felt i vår kontekst.*

I motsetnad til t.d. det marksistisk teori hevdar, kan sosiale felt gå på tvers av samfunnsklassar. ¹³² Sjølv om felles yrke kan sameina på somme felt, og gje grunnlag for ein sams habitus, treng ikkje dette vera det dominerande skiljemerket. Om ein i vår samanheng skulle sjå på baptistar i Sandnes og Gjesdal som heilskap vil ein truleg finna at etnisk norske og burmesarar høyrer til ulike samfunnsklassar, av di burmesarar truleg har store vanskar med å skaffa seg jobbar med høg status. Det kan dei heller ikkje rekna med grunna mangel på språk og relevant utdanning. Samstundes kan ein tenkje seg at det eksisterer eit sosialt felt, med ein eigen habitus, som bind dei saman. Kristen tru og etikk stiller krav til levesett, både moralsk og med omsyn til kva ein setter som viktig i livet. Det kan gjelda barneoppseding, seksualmoral, kvinnesyn, respekt for heilagdaggar eller bruk av rusmidler.

¹²⁹ (Korsnes, 2008; 101)

¹³⁰ Punkt 2.2.2.1

¹³¹ (Elias & Scotman, 1999)

¹³² Dette gjeld og for Elias, punkt 2.2.3

Kristne verdiar vert gjerne sett på som grunnverdiar i det norske samfunnet. Sjølv om kristendommen ikkje lenger er grunnlovsfesta som staten sin religion, og skulen ikkje lenger har sitt kristendomsfag, er det mange som ynskjer å setta likskapsteikn mellom det å vera norsk og leva etter kristne verdiar. I praksis er det tale om noko meir persomleg og bakanforliggjaande, i tråd med habitusomgrepet.

Som minoritet i Burma er dei og ein religiøs minoritet i eit land som i hovudsak er buddhistisk, med kristene, mulslimske og hindusistiske minoritetar.¹³³ Samstundes er kristendommen dominerande religion i deira kjerneområder, og har vore det gjennom gerasjonar. Allereie på omslaget til boka, *In Search of Chin Identity*, hevdar Lian H. Sakhong at kristendommen spelte ei avgjerade rolle i skipinga av ein chin-burmesisk identitet.¹³⁴ På same viset vil mange etnisk norske kunne seie at kristendommen, og særleg dei reformatoriske kyrkjene, har vore avgjerande i skipinga av ein norsk identitet. I norsk samanheng vil ein og kunne hevda at kristendommen er på retur.¹³⁵

Som etnisk minoritet er dei mindre ulike det norske fleirtalet i kraft av at kristendommen har spelt og spelar ei sentral rolle i oppseding og sosialt liv. Desse kristne normene lever sterkast i sosiale felt som gjerne er knytt opp til same type kristendom. Dette fann Elias og i Winston Parva, som hadde mange aktive kyrkjer. På same viset som «byanden» viste seg klarast i orkester og bowlingklubb.¹³⁶ Burmesarane si tilknytning til norsk organisasjonsliv kan vera ein faktor som er med på å strekka sosiale felt over etniske skiljeliner.

2.2.5 Sosial kapital

I kjølvatnet av Bourdieu sine teoriar har det vokse fram ein meir utdjupande teori om sosial kapital, som står godt på eigne bein. Internasjonalt er det Robert Putnam det vert referert mest til.¹³⁷ Dette gjeld og Wollebæk og Seggaard si bok, *Sosial kapital i Norge*.¹³⁸ Wollebæk og

¹³³ Jamfør punkt 2.1.1, der eg siterer (Sakhong, 2003; 243f)

¹³⁴ (Sakhong, 2003)

¹³⁵ Her i tydinga, den tradisjonelle krstendommen med sterk representasjon i skulen og offentleg samfunnsliv. Jill Loga har og funne fram til forskning som skildrar ei slik utvikling. (Loga, 2012; 57f)

¹³⁶ (Elias & Scotman, 1999; 48ff)

¹³⁷ Dette skriv Wollebæk og Seggaard med reine ord i boka si. (Wollebæk & Seggaard, 2011; 27). Putnam er prestantert under punkt 1.4.6.

¹³⁸ (Wollebæk & Seggaard, 2011)

Segaard er både knytt opp til Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor.¹³⁹ Dette gjeld og Jill Loga. Disse tre har skrive fleire forskingsrapportar som eg kjem attende til seinare. Alle desse rapportane nyttar omgrepet sosial kapital i varierende grad.

2.2.5.1 Sosial kapital og tillit

Definisjonen av sosial kapital hjå Putnam er: «[...] features of social life – networks, norms and trust – that enable participants to act together more effectively to pursue shared objectives».¹⁴⁰ Sosial kapital er noko som er større enn individet, då det er «nettverk, normer og tillit» som er det bærande for omgrepet. Desse tre er vilkår for effektiv samhandling for å nå felles mål. Den viktigaste tilleggsfaktoren i høve til Bourdieus teoriar vert «tillit», som ein slags overskridande og samanbindande faktor. Tillit er og ein viktig faktor i definisjonen av ulike former for sosial kapital.¹⁴¹

Med i biletet høyrer og erkjenninga av at sosial kapital og kan vera splittande. Det som bind saman kan og definera utanforskap og segregering. Særleg gjeld dette lukka kartell og grupper i konflikt.¹⁴² Teoriar om sosial kapital kan difor vera utfyllande om me finn tendensar til segregering i den burmesiske gruppa.

Eit viktig poeng i Putnam sine analysar og argumentasjon er at sosial tillit stig i takt med utdanningsnivå og medlemskap i grupper. Korelasjonen mellom desse faktorane er sterk i dei analysane han har gjennomført på det amerikanske samfunnet (figur 4). Tidlegare har eg peikt på at i Chinram er det få skular og ingen universitet.¹⁴³ Det kan difor tenkast at manglande utdanning kan gje lågare tillit, då faktisk kunnskap om andre skapar sterkare forståing for korleis andre lever. Samstundes er det slik at burmesarane me granskar, er medlemmar av ein aktiv kyrkjelyd. Dette verkar posistivt inn på den sosiale tilliten, om ein skal tolka i høve til fogur 4. I granskningar av skandinaviske tilhøve finn me høg grad av tillit og heilt på topp ligg Noreg. Allereie i byrjinga av boka si peikar Wollebæk & Segaard på at fire av fem nordmenn

¹³⁹ Dag Wollebæk er tilsett som forskar II ved institutt for samfunnsforskning i Oslo. Han har doktorgrad i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen. (Institutt for samfunnsforskning, 2012). Signe Bock Segaard er og forskar II ved same institutt og har doktorgrad i statsvitenskap frå Universitetet i Oslo (Institutt for samfunnsforskning, 2008).


¹⁴⁰ (Putnam, 1995; 664f) sitert i (Wollebæk & Segaard, 2011; 27)

¹⁴¹ punkt 2.2.5.2

¹⁴² (Wollebæk & Segaard, 2011: 18f)

¹⁴³ punkt 2.1.1

meiner at folk flest er til å stola på.¹⁴⁴ I vår samanheng kan og era viktig å peika på korleis stoda er for sosial tillit og kapital i Burma og Chinram. Sjølv om det ikkje er mogeleg å finna fram til liknande granskingar for dette, kan ein likevel rekna med at røyndommen er nærare andre enden av skalaen. Frå før kjenner me til at folkegruppa har låg utdanning, men me veit og at chin-folket er ein minoritet i eit militærdiktatur med tilsvarande dårleg organisert sivilsamfunn. Å granska sosial kapital i Burma ligg utanfor oppgåva, men for ordens skuld definerer eg den som heller låg og eit godt stykke unna nivået i Noreg.



(Putnam, Tuning In, Tuning Out: The Strange Disappearance of Social Capital in America, 1995)

Figur 4 Samanhengen mellom sosial tillit, utdanning og medlemskap i grupper.

Wollebæk & Seggaard freistar å tolka Putnam inn i ein meir norsk kontekst, og hevdar som Putnam at statar med velfungerande velferdsordningar lukkast betre i å halda oppe den sosiale kapitalen, samanlikna med statar med mindre regulert marknadøkonomi og større sosiale

¹⁴⁴ (Wollebæk & Seggaard, 2011: 12) Dette er informasjon dei har henta frå European Social Survey – Ei akademisk driven spørjegransking som har vore gjennomført i over 30 land sidan 2002. (European Social Survey, 2013)

ulikskapar.¹⁴⁵ I amerikansk samanheng har Putnam vidare funne at vekst i ulikskap, aukande pluralisme og fall i mobiliserande organisasjonsliv er med på å rive ned den sosiale kapitalen.¹⁴⁶ Eit viktig moment for ei oppgåve som har tematikk knytt opp til organisasjonsliv i Noreg er difor å sjå på korleis det å vera med i ein religiøs organisasjon verkar inn på korleis integreringa går føre seg.

2.2.5.2 Ulike typar sosial tillit

I teoriane om sosial kapital opererer ein oftast med fire ulike typar sosial kapital. I boka til Wollebæk & Segard er dette omtalt som sosial «tillit».¹⁴⁷ Dei fire kategoriane sosial tillit som dei opererer med, er presenterte i Figur 5 og gjort greie for vidare i denne tekstbolka.

Tabell 1-1. Ulike former for tillit

		Partikulær <i>... styrker forutsetningene for samarbeid med kjente andre som ...</i>	Generalisert <i>... styrker forutsetningene for samarbeid med fremmede som ...</i>
Sammenbindende	<i>... man deler viktige kjennetegn med</i>	Eksempel: «Jeg stoler på familien min.»	Eksempel: «Jeg stoler på andre medlemmer av trossamfunnet mitt.»
Overskridende	<i>... skiller seg fra en selv på vesentlige kjennetegn</i>	Eksempel: «Jeg stoler på en nabo som [i motsetning til meg] er flyktning fra Irak.»	Eksempel: «Jeg stoler på mennesker i sin alminnelighet.»

(Wollebæk & Segard , 2011; 32)

Figur 5 Ulike former for tillit / sosial kapital

¹⁴⁵ (Wollebæk & Segard , 2011: 41) Dette hentar forfattarane får Putnam og Goss si bok frå 2002: Democracies in Flux. Skandinavia inkludert Noreg kan reknast som velferdssamfunn. Burma er truleg i motsett ende av velferdsskalaen.

¹⁴⁶ (ibid) Dette hentar dei frå Putnam sin artikkel *The Civic Enigma* i *The American Prospect* frå 2005

¹⁴⁷ (Wollebæk & Segard , 2011)

1. **Samanbindande partikulær tillit** er den mest innsnevra forma for sosial tillit. I vår samanheng kan ein godt tenkje seg at menneskje som har vore på flukt og levd i eit diktatur til sist ikkje har kunne lita på andre enn den næraste familien, eller berre seg sjølv. Misstru er truleg ein stor del av kvardagen for menneskjer og grupper med slik tillit, og gruppaa ein kan ha tiltru til vil vera liten.
2. **Samanbindande generalisert tillit** skildrar den tilliten som medlemmer av same gruppe kjenner for kvarandre. Dei har tillit til dei andre i ei avgrensa gruppe, utan at dei treng å kjenna kvarandre personleg. Dømet i figur 5 peikar i retning oppgåva mi. Om ein skriv dette om får ein to interessante spørsmål «Har dei burmesiske baptistane tillit til kvarandre?» Og tvillingsspørsmålet: «Har dei burmesiske baptistane tillit til andre baptistar?» Grensene for tillit til andre kristne kan og vera med på å markera grenser for sosiale felt, som eg tidlegare har drøfta.¹⁴⁸
3. **Overskridande partikulær tillit** opnar opp for tillit til personar og grupper som ein oppfattar som ulike seg sjølv, men samstundes med klåre avgrensingar. Det er snakk om tillit til personar som høyrer til andre grupper, men som det vil vera naturleg å samhandla med. Det andre tvillingsspørsmålet under «samanbindande generalisert tillit» høver og for denne forma for tillit: «Har dei burmesiske baptistane tillit til andre baptistar?» Om ein definerer norske baptistar som medlemmar i ein annan organisasjon eller gruppe, og dei chin-burmesiske baptistane har tillit til desse, snakkar me om høg overskridande partikulær tillit. Det heile kjem an på korleis ein drar grensene mellom gruppene. I mine granskingar vil det vere avgjerande korleis dei sjølv ser på dette og i kva grad det er faktiske møtepunkt mellom burmesiske og norske baptistar.
4. **Overskridande generalisert tillit** er den forma for tillit som avlar mest integrering. Det handlar om tillit til menneskjer på eit generelt plan, -«ein kan stola på alle». Tillit som går utanpå etniske og kulturelle skilje har mykje til felles med respekten og dualismen som ligg i dei sentrale definisjonane av omgrepet integrering¹⁴⁹. Det at Noreg skorar høgt på sosial kapital tyde med andre ord at integreringa skal vera særleg vellukka i Noreg.

¹⁴⁸ Punkt 2.2.4.2.

¹⁴⁹ Punkt 2.2.1.

Dei to omgrepsspara i inndelinga i figur 5 er samanbindande/overskridande og partikulær/generalisert. Om dei i figuren er sett opp som eit kryss, dannar dei og ringar av tillit rundt kvart individ. Di større desse ringane er for individa i eit samfunn, di lettare går samhandlinga i mellom alle individa. Samfunn med stor grad av samhandling og lite misstru har høg sosial kapital, av di færre og mindre omfemnande kontrollmekanismer trengst. Smidige løysingar basert på tillit er effektive og lite kostnadskrevjande. Samfunn med låg sosial kapital har ofte kompliserte løysingar basert på misstru. Desse er ineffektive og kostnadskrevjande. Sagt med andre ord har sosial kapital både ei individside og ei samfunnsside. Summen av individa sin sosiale kapital er samfunnet sin sosiale kapital. Vidare er særleg den overskridande sosiale kapitalen eit av grunnvilkåra for integrering, då det er denne som handlar om tillit til menneskjer som er grunnleggjande ulike ein sjølv.

Til sist er det slik at: «samfunn på alle måter tjener på tillitsfull omgang mellom fremmede; fremmede som stoler på hverandre, tar færre anstrengende og begrensende forhåndsregler i sitt møte med omverdenen».¹⁵⁰ Ein kan seie at sosial kapital verkar som olje i samfunnsmaskineriet. Dei burmesiske baptistane har mange gode føresetnadar for å leva saman med etniske nordmenn. Likskapar og aktivitet i kristne kyrkjelydar kan skapa tillit som overvinn etniske skilnader. Desse likskapane kan gjera det lettare å sjå baptisttar frå alle land som same gruppe, med mykje samanbindane generalisert tillit. Eller som ei mengd med ulike grupper, som er knytt saman med høg overskridande partikulær tillit.

2.2.6 Globalisering

Thomas Hylland Eriksen skildrar åtte nøkkelomgrep knytt opp til globalisering i boka «globalisering».¹⁵¹ Som overordna teori for oppgåva mi er ikkje desse dekkande, men dei kan seie noko viktig om delar av funna. I gjennomgangen av dei åtte omgrepa vil eg difor nemna alle saman, men berre skriva utfyllande om og grunngje dei som er særleg relevante.

- *Fråkopling.*
- *Akselerelasjon*
- *Standardisering*

¹⁵⁰ (Wollebæk & Seggaard , 2011: 37) Dette har Wollebæk & Seggaard henta frå H. Grimen si bok frå 2009: Hva er tillit

¹⁵¹ (Eriksen, 2008)

- *Samanveving* tyder at trekk frå ulike kulturar og samfunn vert vevd saman til heilskaplege einingar. For Eriksen tyder det mellom anna at fotball kan verta ein del av mange kulturar, og at ulike fotballag kan ha appell til ulike individ i ulike kulturar. Storklubbane har sine tilhengjarar nærast overalt på kloten.¹⁵² Det er ikkje utenkjeleg at ein fotballinteressert burmesar kan knyta venskapasband med norske tilhengjarar av same lag.

Samanveving tyder og at fleire bøker, tekstar, filmar og fjernsynsprogram vert omsett til andre språk, og på dette viset aukar gjensidig forståing. Ein utvider dessutan felleskulturen. Bibelen er eit tydeleg døme i religiøs samanheng. Men det finnst og annan religiøs litteratur som vert omsett, og songar vandrar ofte over landegrensene. Ein burmesar som kjem i ei norsk baptistkyrkje vil kjenne att fleire melodiar, og kan synga med på ein tekst som har om lag same innhald på sitt eige språk.

Til sist skriv Eriksen at samanveving og handlar om pengeoverføringar og billege telefonsamtalar. Gjennom desse midla er det truleg mange burmesarar som held oppe ein brei og forpliktande kontakt med heimlege trakter og familiemedlemer i andre land.

- *Mobilitet* handlar om det at ein flytter på seg. I seg sjølv er dette ein føresetnad for å vera ein flyktning, og burmesarar som har kome til Noreg, har flytta langt. At slik mobilitet er mogeleg, og går føre seg i så sterk grad, er eit grunnleggjande premiss for oppgåva. Det vil vera ei overdriving å kalla det ein flaum av burmesarar, men straumen har vore så sterk at det har vekse fram eit samfunn på drygt 150 individ i ein liten by på nesten motsett side av jorda. Slikt fordrar at individ er mobile.

I vår samanheng er det viktig å få med seg at flyktningar er mobile på heilt andre måtar enn turistar. Medan turisten kan nærast reisa friksjonsfritt mellom ulike nasjonal, statar og kulturar, vert flyktningen stadig utsett for kontroll, og kan risikera brutal heimsending på kort varsel.¹⁵³ I motsetnad til turisten, som ofte reiser til lokalsamfunn som er tilpassa turisme, krevst det mykje større grad av tilpassing frå flyktningane. Etnisk norske veit mykje om det å vera turist, men truleg lite om det å vera flyktning.

¹⁵² (Eriksen, 2008; 105ff)

¹⁵³ (Eriksen, 2008; 125ff)

Til sist innheld mobilitet omgrep som bindestrekidentitetar og langdistansenasjonalisme.¹⁵⁴ Bindestrekidentitet er i praksis det som eg kallar norsk *kristen-baptistisk chin-burmesar*, og tyder at for å skildra grupper eller individ er det ofte naudsynt å ta med fleire identitetar. Dømet eg gav i førre setninga, er av den meir ekstreme sorten, men det er mange individ som treng meir enn ei nemning i identitetskarakteristikken sin.

Langdistansenasjonalisme er og aktuelt i høve til burmesarane, då dei har flykta frå eit land som er særst ulikt Noreg. I seg sjølv er det å måtta flykta utan fri vilje noko som kan skapa grunnlag for sorg, «-landet mitt vil ikkje ha meg...». Men det er heller ikkje urimeleg at dei saknar den staden der dei er oppvaksne. Chin-folket tek vare på kulturen sin og bygger samkjensle som strekkjer seg over lange distansar. Dei er ein resurs for Chinram, som Tiam hevdar.¹⁵⁵

- *Blanding* kan ein gjerne sjå i framhaldet av bindestreksidentitetar. Når det gjeld menneskje og kultur kan ein gjerne kalla det hybriditet. For burmesarane er dette tydeleg, og det at det er ein del av globaliseringsomgrepet er med på å utvida perspektivet.
- *Sårbarhet*
- *Attendekopling* er typisk for folkegrupper som lever i diasporaen. Saknet av eit tidlegare heimland kan vera sterkt, og stå i kontrast til krav om å verta ein del av ein ny kultur.¹⁵⁶ Eit tilleggsmoment for vår folkegruppe er at dei er og ein nasjonal minoritet i Burma. Press frå fleirtalskulturar kan på dette viset vera med på å styrka trongen til å ta vare på det som ein ser som viktig i den opphavlege kulturen.

2.3 Viktige samanbindingar mellom teoriane og problemstillingane

Så langt har eg presentert det teoristoffet eg vil gjere meg nytta av i oppgåva. Eg har peikt på samanhengar mellom teoriane og peikt på korleis og kvifor dei er aktuelle for oppgåva mi. I denne oppsummerande bolka freistar eg å binda teoriane tettare saman og sjå dei i ljøs av problemstillingane.

¹⁵⁴ (Eriksen, 2008; 128ff)

¹⁵⁵ (Tiam, 2010)

¹⁵⁶ (Eriksen, 2008: 177).

Omgrepet integrering er eksplisitt til stades berre i akkulturasjonsteorien. Saman med klårgjeringa av sjølvte integreringsomgrepet vert målet for integreringa at burmesarane sin opphavlege identitet skal bløma saman med ein tileigna norsk identitet. Dei skal ta del i det norske samfunnet utan at dette går på kostnad av viktige element i det dei kjenner som sitt eige. Integreringsomgrepet sett saman med akkulturasjonsomgrepet seier mykje om kva som er målet, men ikkje alt om kva som er vegen og vanskanane på vegen.

Makt og avmakt møter me i teoriar om dei etablerte og outsiderar, samt i teorien om kulturell kapital. Det er liten tvil om at menneskje som flyttar frå andre sida av jorda, har svake føresetnadar for å ta del i den habitusen som rår i norske sosiale felt. Det er truleg heilt andre reglar for omgang mellom menneskjer som rår i Burma enn det som er gjeldande i Noreg. Manglande kjennskap til slike reglar er ofte ein stor del av bakgrunnen for at menneskje frå andre kulturar ikkje lukkast i sine nye heimland. Manglande suksess kan og vere ein viktig orsak til at dei skipar eigne sosiale felt der habitusreglar frå heimlandet sine sosiale felt gjeld. Dette kan sjåast på som segregering.

Teoriar om makt og dominans er vidareutvikla av mellom anna Bourdieu frå Norbert Elias. Bourdieu sine teoriar er nyare og meir omfattande og finmaska enn Elias sine. Habitus og felt er og meir utvikla i Bourdieu si forskning, og dette gjer det lettare å generalisera i høve til andre og større delar av samfunnslivet. På den andre sida er Elias si gansking meir lik mi eiga granskning, då Elias nytta kvalitative metodar i granskninga eg har funne fram til. Til saman fyller desse teoretikarane ut kvarandre på ein måte som kastar ljøs over mine funn på ein konstruktiv måte. Til sist vert Putnam sine teoriar om tillit eit slags trumfkort, som kan overvinna ulikskapar, om berre slik tillit er til stades.

Globaliseringa, slik den er skildra hjå Eriksen er faktisk røyndom som er systematisert i åtte omgrep med tilknytning til utviklingstrekk i alt frå små lokalsamfunn til store transnasjonale tendensar og prosessar. Utan å ta stilling til i kva grad det er noko negativt eller positivt, har Eriksen sine omgrep kraft i seg til avdekke lokale mekanismar og endringar i eit større perspektiv.

Mengda og variasjonen i teori og omgrep er vald for å kasta eit best mogeleg ljøs på problemstillingar, som handlar om ei gruppe som er lite utforska. For å beskriva og tolka detaljar og heilskap på ein mest mogeleg utfyllande og rett måte trengst det ei fyldig verktøykasse av omgrep og teoriar.

3 Metode, arbeidsmåtar og praktisk gjennomføring

Ulike teoriar er ofte kopla saman med ulike metodar. Elias sin metode var intervjuet, medan Bourdieu sine kart (Figur) er ofte utforma på grunnlag av store kvantitative granskingar. I kraft av mangfaldet i problemstillingane og granskingane mine, er det viktig med gjennomtenkte og gode grunngevingar i høve til val av metode og arbeidsmåtar. Formatet, masteroppgåve, sett og grenser med omsyn til omfang.

Når valet fell på kvalitative intervju, tyder ikkje dette at kvantitative aspekt ved granskingane fell bort. Som eg har peikt på er det fleire element som enkelt kan teljast og summerast.¹⁵⁷ Samstundes vert ikkje dette «skikkelege» kvantitative granskingar fordi talet på informantar er for lite. Korleis eg tolkar bruken av desse i mitt praktiske arbeid vil eg halda fram med å gjere greie for og drøfta vidare i oppgåva.

Viktigaste rettesnor i metodearbeidet har vore Johannessen, Tufte, & Christoffersen si bok frå 2011¹⁵⁸, *Introduksjon til samfunnsvitskapleg metode*. Særleg har eg lagt vekt på del I, II og V.

3.1 Val av kvalitativ metode

I kraft av teoretisk mangfald og manglande skildring av den burmesiske gruppa i Noreg vil det vera naturleg å møte burmesarane på ein mest mogeleg open måte. Kvalitative granskingar har difor vore eit nokså sjølvstøtt. Der ein ikkje veit svara, vil det vera best med ei mest mogeleg open haldning. Det eksplorerande element har vore styrande for all praktisk tilnærming til informantar, handsaming av informasjon og observasjon.¹⁵⁹ Som eg har vist til tidlegare har dette og ført med seg stor bredde i teori og omgrep.¹⁶⁰

Samtalane med den jamne burmesiske kyrkjegjengaren er den sentrale empiriske kjelda i granskingane mine. Korleis desse subjektivt oppfattar røyndommen er særskilt viktig for

¹⁵⁷ Som t.d. under den tredje delproblemstillinga, punkt 1.2.3.

¹⁵⁸ Asbjørn Johannessen er sosiolog og fyrstelektor ved universitetet i Oslo, Per Arne Tufte er siviløkonom frå DI og dr. polit. I sosiologi frå Universitetet i Oslo. Han jobbar er fyrsteamanuensis ved Høgskulen i Oslo og forskar ved Statens institutt for forbruksforskning. Line Kristoffersen er Ph.D. i marketing frå Handelshøgskulen i København. Ho er prorektor og fyrsteamanuensis ved Markedshøgskulen. (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; baksida)

¹⁵⁹ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 32)

¹⁶⁰ Dette gjeld heile punkt 2.2, og særleg er dette presistert under punkt 2.3

oppgåva. Denne røyndommen kan eg ikkje finna fram til ved hjelp av låste skjema.¹⁶¹ Summen av desse samtalan er dei viktigaste funna, som eg vil freista å forstå og tolka i ljøs av teorigrunnlaget. Fram til no har eg peikt på mogelege slutningar og funn, no kjem oppgåva i kontakt med røyndommen. Elias sine slutningar som er teke med på slutten av forordet er difor og styrande for korleis eg vil leggja opp arbeidet med empiri og teori. Empirien skal få tala fritt, tolkast ope etter varierte teoriar, og til sist skapa auka forståing. Vonleg vil dette hjelpa individ til betre å forstå og lettare hanskast med eit liv som er i brytning.

3.2 Val av norsk som samtalespråk

Eit viktig dilemma har vore å finna fram til opne spørsmål, som samstundes er så konkrete at vert oppfatta likt av alle respondentane og gjer sannferdige svar. Opne spørsmål er viktige med omsyn til oppgåva sin eksplorerande natur, medan dei samstundes kan tolkast ulikt av respondentar med svak kompetanse i norsk språk. Om spørsmål vert oppfatta ulikt gjer det vanskar for samanlikning, om dei er for lukka kan eg missa viktige perspektiv. Korte lukka spørsmål ville truleg vore lettare for respondentane å svara på, men hadde dempa det eksplorerande elementet ved oppgåva. Då ingen av respondentane i den burmesiske gruppa har norsk som morsmål, er dette ei stor utfordring. I praksis har eg difor tatt det valet at eg stiller mange opne spørsmål, der eg fleire gonger i løpet av samtalen er innom dei same problemstillingane.

Ved hjelp av omsetjartenester hadde det vore mogeleg å omsetja spørjeskjemaet til chin, eller eit anna høveleg burmesisk språk. Om alle hadde vore lese-kunnige kunne dei ha svart skriftleg på eige mål. Dette kunne ha sikra einsarta svar i høve til formuleringane. Samstundes har dette fleire viktige veikskapar:

- Svara måtte omsetjast til norsk for at eg skulle ha kunne ha jobba med dei. Dette hadde ført med seg ei dobbel omsetjing, med dei farane som ligg i dette for feiltolking.
- Om noko ikkje var klårt ville det ikkje vera mogeleg å stille spørsmål til avklaring. Med manglande skulegang som gjennomgåande problem i Burma og Chinram, kunne det vore fleire som ikkje forstod spørsmåla. Det kan og tenkjast at den lese- og

¹⁶¹ Johannessen, Tufte, & Christoffersen skriv at ein lett kan telja kva mat nordmenn eter gjennom kvantitative studeier, men ein treng kvalitative studier for å finna fram til måltidets sosiale funksjon (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 99)

skrivekunnige omsetjaren brukte eit språk som ikkje er ålment meistra i alle lag av folket.

- Omsetjaren kunne og mangla viktig kunnskap om korleis spørsmåla skulle utformast for å vera rette. Bak mine norske formuleringar ligg mykje kunnskap, som truleg hadde mangla hjå ein profesjonell ålmenn omsetjar.
- Eit spørjeskjema på eit språk eg ikkje meistrar ville gjord samtalen umogeleg. I seg sjølv er denne viktig då oppgåva er eksplorerande. Tilleggsopplysningar utanom dei eg konkret spør etter er viktige i høve til å finna fram til heilskapen i situasjonen deira.
- For å granska andre etniske grupper i kyrkjelyden måtte eg ha omsett spørjeskjemaet til fleire språk.
- Omsetjing er dyrt og tidkrevjande.

I sum er difor eit omsett spørjeskjema lite tenleg i vår samanheng. Det kan gje sikrere svar på somme punkt, men meir usikre svar på andre punkt. Det er og lite effektivt, dyrt, tidkrevjande og lite eksplorerande.

Ei anna løysing hadde vore å hatt tolk med på intervjuet. Ein tolk kunne der og då gjord den same jobben som ein omsetjar av eit skriftleg skjema utan at eg hadde mista høvet til å forklara og henta inn utfyllande informasjon. Samstundes har dette og klåre ulemper:

- Å finna fram til ein uhilda tolk har vore vanskeleg. Dei fleste som talar Chin i nærområdet hadde hatt tilknytning til kyrkjelyden, eller ein av nabokyrkjelydane. Dette hadde skapt vanskar i høve til sosial kontroll, om delar av informantane hadde ytra seg kritisk til andre i kyrkjelyden eller korleis kyrkjelyden dreiv arbeidet sitt på. Ein utanfor kyrkjelyden hadde truleg vore i eit mindretal som kunne ha vore til opposisjon til kyrkjelyden. På det viset kunn han/ho ha vridt omsetjinga i ein retning som kunne ha sverta kyrkjelyden. Dette problemet hadde vore endå større i minoritetsmiljø i kyrkjelyden, så som karen- og shan-burmesarar.¹⁶²
- Manglande kjennskap til norsk språk og sosiologiske termar kan vera feilkjelde i tolkinga. Å finna fram til ein tolk som meistrar teorien ville ha vore tilnærma umogeleg.

¹⁶² Den shan-burmesiske informaten er etter egne opplysningar den einaste frå si folkegruppe i Noreg.

- All tolking og omsetjing er i seg sjølv upresist, og særleg om det er stor skilnad mellom språka. Med bruk av tolk hadde eg truleg misst fleire høve for å klara opp og stilla spørsmåla meir presist.
- Om tolk hadde vore med, kunne eg ha misst dei stadane der informantane hadde vore i tvil om svaret sitt. Ein tolk hadde truleg gitt klåre omsetjingar, men det er ikkje alltid sikkert at svaret til informantane hadde vore like klårt og fritt for tvil. Denne tvilen kan vera vanskeleg for ein tolk å vidareformidla.
- Ein tolk måtte og hatt tid til å vera med på intervjuet. At to skal møtast er ikkje alltid like lett å få til. Tre som skal møtast er endå vanskelegare.
- Bruk av tolk hadde vore fordyrande og tidkrevjande.

I sum vil difor bruk av tolk vera for tungvint og ei mogeleg kjelde for feil. Om eg på dette viset hadde sikra misstolking på nokre punkt, hadde det opna for andre feilkjelder. Feila som kunne ha oppstått ville truleg vera vanskeleg å finna, då det ikkje er mogeleg for meg å granska kvaliteten på omsetjinga.

Valet mitt vart å gjennomføra intervjuet på enkelt norsk med støtte frå engelsk. Av den grunn måtte eg ekskludera dei informantane som hadde kortast opphaldstid. Informantar som hadde kortare opphaldstid enn 8-10 månader vart ikkje rekruttert. På dette tidspunktet er det vanleg å ha nådd kompetansenivå 1 i Intro-programmet. I utforminga av spørjeskjemaet vart difor skriftleggjinga av spørsmåla lagt på om lag dette nivået. Dette har eg røynsler med at fungerer. I det daglege arbeidet mitt jobbar eg mykje med innvandrardom med kort opphaldstid i Noreg. Arbeidsplassen min, Høyland Ungdomsskule har to innføringsklassar som eg stundom gjestar. I om lag 30 % av stillinga mi jobbar eg i ei lita gruppe der elevane berre har lært norsk i eit drygt år. Eg kan forenkla språket mitt, og er godt van med å gjera greie for norske omgrep på ein enkel måte. Vidare er det eit hovudpoeng for oppgåva at informantane har røynsler med integrering. Informantar med veldig kort opphald i Noreg ville truleg ikkje hatt så mykje å fortelja om i høve til integrering, og verdien av intervjuet ville vera av avgrensa interesse. Sjølv om eg kjenner meg trygg på valet mitt har eg vore medviten på desse veikskapane:

- I møtet med informantane er eg språkleg overlegen. Dei manglar mange ord for å skildra korleis dei opplever røyndommen, og kan oppleva at dei er underlegne.¹⁶³ For å bøta på dette var det viktig for meg å visa tydeleg interesse for det dei ville fortelja, og streka under at det er deira ærlege forteljingar som er viktige. Vidare gjorde eg det til ein vane å opna for spørsmål fleire gonger under samtalen, og eg la vinn på å svara mest mogeleg rett og utfyllande på dette. Rolla mi som lærar kom til nytte; Eg gjorde det klårt for dei at eg var van med og likte å jobba saman med innvandrarar. Til sist gjorde eg det klårt at det viktigaste med oppgåva var å kasta ljøs over lagnaden deira og på det viset hjelpa dei sjølve til eit lettare liv ved at fleire faktisk forstod korleis dei hadde det. På dette viset er eg trygg på at eg fekk oppleva mange opne og ærlege samtalar.
- Språklege misstolkingar kunne sjølvsagt oppstå. For å sikra rett forståing nytta eg i tillegg noko engelsk i tillegg til ei rekke norske synonym og forenklingar. Vidare markerte eg i svarskjemaet der eg var usikker på om informanten hadde forstått, og desse markeringane er teke med i Access-fila. Der eg har vore usikker på har eg sjekka etter på lydopptaket. Eg har og tilfeldig sjekka lydopptak mot notater for å kvalitetssikra at eg har notert rett. Det har og vore gonger der eg har latt informaten lesa korte delar av notatane mine for å sikra at eg har forstått rett. Med vilje noterte eg under intervjuet. Dette gav pausar som gav rom for refleksjon, og fleire gonger fekk eg nyttige utfyllande kommentarar medan eg noterte. Med bare meg og informanten til stades hadde eg sjølv overblikk over mogelege språklege feilkjelder.

Samtale under fire auger er fortrulege samtalar, og verdien av tilliten som kan oppstå under slike samtalar er viktig. Godkjenninga frå NSD spelte ei rolle, men den viktigaste motivasjonsfaktoren for informantane var truleg eit ynskje om å bli høyrd. Mange hadde mykje på hjarta, og svara godt og utfyllande.

Korleis eg har operasjonalisert teoriane i eit enkelt norsk språk vert gjennomgått seinare.¹⁶⁴ I hovudsak har eg nytta eit enkelt nynorsk, då dette er mest munnleg. I det som informantane fekk lesa nytta eg eit enkelt bokmål. Så langt det var forsvarleg la eg bort engelske lånord og faguttrykk, men nytta meir skildrande samansette norske ord.

¹⁶³ Særleg av di eg er akademikar og lærar. Ein klasse som ikkje er særleg vanleg i Chinram.

¹⁶⁴ Punkt 3.4.3

3.3 Utval av informantar

Gjennom arbeidet med granskingane mine har eg vore i kontakt med ein heil del folk. Eg viser til desse personane på ulikt vis gjennom oppgåva, og presenterer desse der dei fyrst dukkar opp.

3.3.1 *Utval av fagfolk og akademiske samarbeidspartnarar*

I forordet mitt takkar eg ulike fagfolk for hjelp og inspirasjon. I all hovudsak har dette dreidd seg om hjelp til å finna fram til brukbar teori og god litteratur. Vidare har eg vendt meg til desse fagfolka på ulike tidspunkt for å få hjelp med konkrete problemstillingar og kritisk tilbakemelding på konklusjonar og bruk av teori og litteratur. Dei har vist interesse og inspirert til vidare arbeid i periodar prega av stillstand og manglande tru på seg sjølv.

Samstundes er det viktig å understreka at eg ikkje på noko vis har motteke materiale frå andre fagfolk som ikkje er referert til. I den grad eg har fått hjelp med teori og konklusjonar har eg vekta og formulert dette sjølv.

3.3.2 *Utval av informantar i norske kommunar og kyrkjelydar*¹⁶⁵

I samband med oppgåva har eg vore i kontakt med medarbeidarar på flyktningekontora i Sandnes og Gjesdal. Med desse har eg ført opne samtalar om problemstillingane tidleg i arbeidet med oppgåva. Eg valde å gå lite vidare i samtalan med desse då dei hadde lite konkret informasjon om mi gruppe.. Dei hadde merkt seg det same som eg allereie visste, men hadde i liten grad informasjon og synspunkt på kva som kunne vera orsakar og samanhengar. I Gjesdal hadde dei rimeleg oversyn, då det er mykje færre innvandrarakter her og berre to flyktningekonsulentar. Slik var det ikkje i Sandnes. Flyktningekontoret er mykje større, og det var ingen der som sat på særleg kompetanse og oversyn på mi gruppe. Det var heller ikkje statistikk å henta ut, korkje i Gjesdal eller Sandnes. Etter å ha samla inn informasjon frå informantane hadde eg ingen spørsmål som det var naturleg å ta opp med desse. Difor vart ikkje denne kontakten halden oppe gjennom prosjektperioden.

I samband med oppgåva har eg vore i kontakt med nøkkelpersonar i dei baptistiske kyrkjelydane både i Sandnes og Gjesdal. Pastorane har vore informert og invitert til samtalar.

¹⁶⁵ Funn frå desse informatane er presentert under punkt 4

Eg har sendt to e-postar og snakka med dei på telefonen ein gong kvar. Trass i at dei gjer uttrykk for at dei er interesserte og vil bidra har dei ikkje svart på mine invitasjonar til samtale. Frå Sandnes har eg fått faktainformasjon om eigen kyrkjelyd. Dei seier at dei har eit tettpakka program og at det er vanskeleg å finna tid. Etter ei totalvurdering har eg vald å ikkje jobba vidare for å oppnå dialog med desse. Fokuset skal vera IBC, og desse fortel greitt om korleis dei opplever samarbeidet med norske baptistar. Samarbeidet mellom kyrkjelydane på overordna og formelt plan har eg og fått utfyllande skildra frå Hlawnceu Ceu Mang.

Til sist i den norske konteksten har eg vore i kontakt med ein etnisk norsk informant på Ålgård, som vart nemnd av eit fleirtal av dei burmesiske informantane i Gjesdal kommune. Ho ser ut til å driva eit slag fadderarbeid mellom den burmesiske folkegruppa i kommunen. Dette arbeidet ser ut til å vera så populært at born i desse familiane kallar desse for «besteforeldre». Kva motivasjonar som ligg bak arbeidet, kva det konkret går ut på og kor omfattande det faktisk er, har vore viktig å kartleggja. Sjølv om det er vanskeleg å finna sikre prov for effekten av arbeidet, er det viktig at det faktiske innhaldet i arbeidet og tankane bak arbeidet vert formidla som ein del av den norske konteksten.

3.3.3 *Utval av informantar i burmesiske kyrkjelydar*¹⁶⁶

Mellom dei burmesiske kyrkjelydsmedlemmene har eg gjennomført 13 kvalitativt strukturerte intervju. Av desse er ti chin-, to karen- og ein shan-burmesar. Informantane i denne delen av granskingane mine har eg gjord anonyme. Dette er ein av føresetnadane for godkjenning av NSD, då eg til ein viss grad samlar inn personopplysningar.¹⁶⁷ Meir om granskingane seinare.¹⁶⁸

Arbeidet med å rekruttera informantar starta med at eg møtte opp på ei gudsteneste i kyrkjelyden vinteren 2013. Her var eg einaste etnisk norske, og hadde ei passiv rolle. Dei einaste som var informert om at eg ville vera til stades var leigebuaren min og pastoren i kyrkjelyden. Det var slettes ikkje vanleg med etnisk norske på desse gudstenestene, og eg kjende på meg at eg sjølv vart observert. Dei einaste som aktivt tok kontakt med meg var dei to eg hadde informert og born i kyrkjelyden. Etter gudstenesta hadde eg ein kort prat med

¹⁶⁶ Funn frå desse informatane er presentert under punkt 5

¹⁶⁷ Godkjenninga frå NSD, som stiller desse vilkåra kan lesast under punkt 9.1

¹⁶⁸ Punkt 3.4

pastoren der eg fortalte om prosjektet mitt og utveksla kontaktinformasjon. Kyrkjelyden sin demografiske samansetnad var tydeleg på denne gudstenesta. I all hovudsak ser den slik ut:

- 75 % er barnefamiliar, der foreldra er frå slutten av 20-åra til byrjinga av 40-åra. Foledra var med på gudstenesta. Borna vekselvis var i gudstenesterommet, tok del i sundagsskule, var på gangen eller ute med foreldra.
- 20 % er ungdommar i alderen frå tenåringar til litt opp i 20-åra. Desse var særleg aktive i gudstenesta gjennom song, bøn og vitnemål.
- 5 % eller færre er eldre. Til saman har eg ikkje merka meg med fleire enn 6 individ i denne gruppa etter fleire møter med kyrkjelyden.
- Mellom familiefolka og dei eldre var det ei lita overvekt av menn og mellom ungdommane var det ei lita overvekt av kvinner.

Dette inntrykket fekk eg stadfesta ved ein seinare observasjon på eit laurdagsmøte våren 2013. Og med bakgrunn i eigne observasjonar, som var stadfesta av pastoren, vart samansetninga av den primære intervjugruppa klarlagd:

- Medlemmer over 45 år vart ekskludert frå utvalet. I seg sjølv var gruppa for liten til å ha særleg signifikans, og eg ville lett få problem med rekruttering. Omsynet til at gruppa skulle representere to kommunar og to andre demografiske grupper gjorde at denne gruppa vart lagd bort. Når desse gruppene er i eit så stort overtal i kyrkjelyden er dei og typiske. Utvalet er på dette viset typologisk.¹⁶⁹
- Mellom kommunane skulle det være om lag 1/3 frå Gjesdal og 2/3 frå Sandnes. Dette var i tråd med fordelinga mellom kommunane. Dette er ein form for kvotebasert utval.¹⁷⁰
- Informantane frå Gjesdal skulle berre vera frå barnefamiliar. Om ungdommar og skulle vore del av denne gruppa ville gruppa vorte for lite einsarta, og vanskeleg å trekke konklusjonar frå.
- Informantane frå Sandnes skulle ha eit visst innslag av ungdommar. Her var det rom for dette utan av gruppa med barnefamiliar vart for liten. Dette er ein form for strategisk utval for å sikra ei primærgruppe som var mest mogleg i tråd med gruppa

¹⁶⁹ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 110).

¹⁷⁰ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 109).

som den skulle representera og stratifisert på ein måte som kunne gje undergrupper som kunne som til ein viss grad kan samanliknast.¹⁷¹

- Den totale gruppa skulle vera på 10-12 informantar.¹⁷²

Styrande for utvalet var ynskje om å få med dei viktigaste gruppene, samstundes som dei var homogene nok til å kunne samanliknast med omsyn til livsfase og bustadkommune.

Tabell 3 syner korleis dette var sett opp og det faktiske utvalet.

Tabell 3 Liste over informantar i primærgruppa. Ideal og faktisk

faktor	Sandnes		Gjesdal	
	Ideal	Faktisk	Ideal	Faktisk
Eldre over 45	0	1 (♂)	0	0
barnefamilie	5-6	5 (3♂, 2♀)	4	4 (2♂, 2♀)
Ungdom	2-3	3 (2♂, 1♀)	0	0
Total	7-9	9 (4♂, 3♀)	4	4 (2♂, 2♀)

For å få til eit rett utval var eg avhengig av hjelp frå folk som kjente gruppa. For meg var medlemslistene verdilause, då eg ikkje ein gong kunne skilja menn frå kvinner. Til dels kunne eg identifisera alder og bustad, men opphald i Noreg og norskkunnskapar var uråd å få oversyn over. Vidare ville det vera særstidkrevjande å kontakta informantane og gjere greie for føremålet med undersøkingane, innhaldet i intervjuet og vilkåra for deltaking. For å sikra eit rettast mogeleg utval formidla eg difor krava og fordelinga til pastoren saman med kortversjonen av synopsisen og invitasjonsbrevet. Store delar av teorien og føremonane med granskingane hadde eg allereie diskutert med han. Vidare var det så han som kontakta informantane og sette opp avtalar om intervju på bestemte stader og tidspunkt. Alle informantane fekk tilsendt informasjonsbrevet på norsk og i engelsk omsetjing. Av dei tolv som var på den opphavlege lista møtte elleve. Det eine bortfallet var ein mann frå Sandnes som ikkje møtte til avtalt tid. Då minimumskrava til gruppestorleik var oppnådd, tok eg ikkje

¹⁷¹ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 106f & 109).

¹⁷² (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 104)

steg for å få fatt på denne informanten. I tillegg gjennomførte eg to intervju på eit seinare tidspunkt.¹⁷³ Det totale talet vart då 13.

Reint prinsipielt kan det stillast spørjeteikn ved at leiande tillitsvald plukkar ut informantane som skulle intervjuast. Om det hadde funnest konflikhtar i IBC kunne viktige stemmer vore ekskluderte. For å sjekka ut dette hadde eg ein samtale med leigebuarane mine og eit par andre burmesarar i krinsen deira om dei kjende til konflikhtar. Desse meir uformelle informantane hadde ikkje kjennskap til slikt, og peikte mellom anna på at så godt som alle chin-burmesarar var aktive i kyrkjelyden. Desse uformelle informantane stod ikkje på lista til pastoren, og er ikkje intervjuast etter skjemaet. Dei uformelle samtalanene tyder på at dei følgjer hovudtrekka i informantgruppa eg har intervjuast, men av omsyn til personvernet og presisjon nemner eg ikkje desse vidare eller tek dei med i vidare drøfting. Aktiv deltaking i IBC er og eit vilkår for granskinga, og medlemmer i opposisjon ville uansett vera av liten interesse i kraft av at dei ville vore lite aktive. I sum meiner eg at den gode samansettinga av gruppa, den effektive rekrutteringa av informantane og den effektive organiseringa av intervjuast, veger opp for risiko for slagside i svara.

Likevel har eg på eige initiativ bede om å få snakka med fleire informantar etter analysen av dei chin-burmesiske informantane. Ein av informantane i den fyrste gruppa hadde ein annan etnisk identitet. Denne informanten gav avvikande svar som kunne tolkast som om det var ein etnisk minoritet i kyrkjelyden som hadde avvikande syn, og andre røynsler enn den chin-burmesiske gruppa. Pastoren peike sjølv på at det fanst ein minoritet av karen-burmesarar, som ikkje var like aktive i kyrkjelyden. Eg bad difor om å få gjennomføra intervju med to ekstra informantar frå denne gruppa. Desse to intervjuast vart gjennomført ultimo september 2013. Dette er ein form for kritiske tilfelle, som kan vera nyttige for å oppdaga tendensar som kan stadfesta eller avkrefta viktige delar av teorien.¹⁷⁴

Til sist har ein Chin-burmesisk tidlegare student ved universitet i Agder teke del i samtalar saman med Hlawnceu Ceu Mang og meg sjølv. Han avslutta ein mastergrad i offentleg administrasjon våren 2013, og har difor noko kjennskap til fagfeltet. Hausten 2013 er han arbeidssøkjjar og tek tolkeoppdrag. Hans meir faglege refleksjonar i høve til si eiga folkegruppe er i seg sjølv interessant. Vidare er han og ein interessant informant i kraft av at

¹⁷³ September 2013, sjå og punkt 3.4.4

¹⁷⁴ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 109).

han har lukkast i det norske samfunnet og kome inn på høgare utdanning. Saman med Pastoren i kyrkjelyden representerer dei eit akademisk utdanna mindretal, som og har tre informantar i basisgruppa.

Utval av informantar har i det heile vore ein prosess der eg har teke mange ulike omsyn, og freista å få til eit utval som er teneleg for dei spørsmåla problemstillinga reiser. Gruppa må vera einsarta på ein måte som gjer at tendesar som går att i eit fleirtal vert tydelege. Samstundes har viktige undergrupper og alternative synspunkt kome med. Heilt medvite har eg nytta mange ulike strategiar for utval for å finne fram til ei gruppe som er representativ og interessant. Utvalet er eit resultat av ein prosess, der eg har teke mange ulike omsyn.¹⁷⁵

3.4 Gjennomføring av kvalitative intervju

Denne bolka samanfatar den metodiske gjennomføringa av dei kvalitative intervju. Tanken er å stegvis presentera korleis granskningane har gått føre seg, men og grunnfesta metode og innhald i viktig teori på metodefeltet.

3.4.1 Godkjenning frå NSD

Etter å ha jobba med teori og problemstillingar vinteren 2013 fann eg ut at kvalitative intervju ville vera mest nyttig. Spørsmål knytt opp til religiøs ståstad er i seg sjølv sensitivt og sett saman med sosial posisjon, haldningar til andre og nettverk vil varsemd vera viktig. Om ikkje varsemd kunne garanterast kunne eg truleg fått vankar i rekrutteringa og / eller svar som var mindre detaljerte og ikkje til å lita på.

Metodeboka til Johannessen, Tufte, & Christoffersen, har eit eige kapittel om slike problemstillingar, dei skriv om meldeplikt til Norsk samfunnsvitskaplet datateneste (NSD).¹⁷⁶ Då eg var i tivil om dette rådførte eg meg med Gunnar Stave, som i si tur snakka med kollegar på instituttet. Saman fann me ut at det vil vera klok å melda prosjektet til NSD og søka godkjenning. Hildegunn Fandrem tilrådde og ein slik søknad.

Søknad vert difor utferda av meg og rettleiar og send 9. april 2013. Søkanden presenterte prosjektet i tråd med synopsis, og inkluderte dei endringane som hadde kome som følgje av

¹⁷⁵ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 111).

¹⁷⁶ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 93ff)

arbeidet så langt. Då ikkje svar hadde kome den 22. mai kontakta eg skashandsamar, Anne-Mette Somby,¹⁷⁷ ved NSD. Ho fekk supplerande opplysningar frå meg munnleg og godkjende søknaden dagen etter. Godkjenninga ligg ved denne oppgåva.¹⁷⁸

Ombodet har kommentarar som handlar om refleksjon over etiske problemstillingar og korleis personvernet reint praktisk skal takast i vare. For samtykke frå informatane krev ombodet munnleg og skrifleg samtykke. Dette samtykket er sentralt i informasjonsskrivet til informantane.¹⁷⁹ Vidare setter ombodet og som føresetnad at at data vert handsama i tråd med norske lovar og reglar, samt interne reglar ved høgskulen i Volda. Desse reglane er gjennomarbeid i søknaden, og går i korte trekk ut på:

- Samtykkefråsegner, skriftlege notat og opptak vert oppbevart på ulike og trygge plassar. Det er berre samtykkefråsegna som har namn og den kan berre knytast saman med det andre materialet ved hjelp av talkodar.
- Talkoden skulle berre nyttast om informantar trekte seg, og vart difor lagra i safe i min private bustad. Ingen trakk seg og ingen skjema eller opptak vart kopla attende til namn.
- Opplysningar frå intervju vart digitaliserte i databaseprogrammet Microsoft Access 2013 som tekst. Eg kopla ikkje til lydfiler og denne databasen vart ikkje lagra på same maskinen som oppgåva.
- Databasefila, notata, lydfile, samtykkeskjema og koplingsnøkkel vert alle destruerte etter høveleg sensur. Papir brenn eg opp, datafil vert anonymisert og sletta.

Eg har lagt sterk vekt på å halda meg til lovar og reglar gjennom heile granskingsprosessen. Der eg har vore i tvil har eg alltid vald strengaste løysing. Tillit frå informatane er særst viktig og avgjerande for granskinga sin validitet. Det er grunn til å tru at informantar med bakgrunn frå eit strengt militærdiktatur skulle ha særleg trong til halda på løyndommar. Skikkeleg informasjon, gode rammer for intervju og god datahandsaming har vore eit grunnvilkår gjennom heile arbeidet med oppgåva og informasjonsinnsamlinga.

¹⁷⁷ Anne-Mette Somby er seniorrådgjevar ved NSD (Universitetet i Bergen, 2013)

¹⁷⁸ Punkt 9.1

¹⁷⁹ Punkt 3.4.2 og 9.2

3.4.2 *Gjennomgang av informasjonsbrevet til informantane*

Informasjonsskrivet er halde i eit enkelt bokmål for å fremja rett forståing av kva informatane tek del i.¹⁸⁰ I motsetnad til intervjuguiden, som vert lese på norsk av meg på lokal dialekt, skal dette brevet lesast av informantane sjølv. Enkelt bokmål skapar difor best forståing, då det er dette dei lærer å lesa i norskopplæringa. Saman med engelsk omsetjing og munnleg gjennomgang av meg er seg sikker på at innhaldet er rett forstått av alle. Innhaldet er retta inn mot å gje ei mest mogeleg presis framstilling av granskingane som heilskap og dei delane som vert særleg utforska i dei kvalitative intervju. I tillegg er det teke med ein stutt presentasjon av meg, rettleiar og Høgskulen i Volda.

Eit av vilkåra for underskrift på fullmaktskjemaet er at eg og går gjennom invitasjonsbrevet munnleg. Dette dannar fyrste punktet på intervjuguiden,¹⁸¹ og intervjuet ville ha blitt stoppa om informasjonsskrivet ikkje vert underskrive. Sjølv om informasjonsskrivet vart distribuert elektronisk på førehand, hadde eg med ekstra informasjonsskriv ved gjennomføring av intervju. For alle informantar ligg det føre skriftleg og munnleg samtykke.

3.4.3 *Gjennomgang av spørsmåla i intervjuguiden*

Denne tekstbolka er organisert i samsvar med inndelinga av spørsmåla i intervjuguiden.¹⁸² Oppbygginga av intervjuguiden er basert på Johannessen, Tufte, & Christoffersen si metodebok.¹⁸³ Tanken er å grunngje kvifor eg stiller nett desse spørsmåla, og gjere greie for korleis eg gjekk fram i det praktiske intervjuingsarbeidet.

3.4.3.1 *Innleiing*

Denne delen har som einaste føremål å sikra informert samtykke frå informantane. Samtykket er knytt til informasjonsbrevet og innhaldet er gjennomgått.¹⁸⁴ I tillegg til at eg punktvis gjekk gjennom vilkår og informasjon opna eg og opp for spørsmål om meg sjølv, rettleiar, høgskulen og sjølv ganskingane.

¹⁸⁰ Punkt 9.2

¹⁸¹ Punkt 9.3

¹⁸² Punkt 9.3 og 9.4

¹⁸³ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 140ff)

¹⁸⁴ Punkt 3.4.2 og sjølv brevet under punkt 9.2

3.4.3.2 Faktaspørsmål

Det innleiande spørsmålet i denne delen er avgjerande for om informanten er kvalifisert til å vera med i ganskiane. Vilråra er nedfelt tidlegare.¹⁸⁵ Det er i tre intervju lempa på kravet om etnisk tilknytning.¹⁸⁶ Det andre vilkåret om opphaldstid i Noreg og tilstrekkeleg språk reknar eg som avklart under gjennomgangen av invitasjonsbrevet i innleiinga. Om ikkje dette vart skikkeleg forstått ville ikkje intervjuet gjennomførast. Kort opphald og manglande kunnskapar i norsk er og diskvalifiserande for fleire av dei «kompliserte og sensitive spørsmåla».¹⁸⁷

Vidare i intervjuet kjem spørsmål knytt opp til familie, sivilstand og born. I tillegg til rein oppteljing og fordeling på kjønn, spør eg og etter fødeland for alle. Kor store delar av familien som har eit levande minne om Burma og andre land kan vera med på å forma deira identitet. Kor stor familien er og korleis den er sett saman fortel og noko om kva utgifter familien har. Utgifter kan så sjåast i ljøs av inntekter.

Kartet over Burma og Chin-provinsen er teke med for at informantane lettare skal kunne peike ut sin fødestad og andre stader der dei sjølve og familiemedlemmer kjem frå. By/land er og ein del av denne kartlegginga. Det kan og tenkjast at informantane var flyktningar allereie i Burma, og at dei før flukta frå Burma har vore interne flyktningar. Samstundes skal karta hjelpe til med å finna fram til eventuelle opphopingar på bestemte stader. Opplysningane er teke med for å få fram kor einsarta eller varierte gruppa er, og gjer grunnlag for oppteljinga og kategoriserifordeling etter Tabell 3.

Yrke og utdanning er teke med av same grunnar som nemnd ovanfor. Gruppa er ukjend i norsk samfunnsfagleg forskning. Vidare kan slike opplysningar seia noko om kva forståingsrammer dei har andsynes det norske samfunnet og kva føresetnadar dei har for deltaking i det norske samfunnet.

Spørsmål om religiøs familiehistorie frå Burma er viktig i arbeidet med å kartleggja informantane sin religiøse identitet. Det er skilnad på «nyfrelste» og dei som kjem frå

¹⁸⁵ Punkt 3.2 og 3.3.3

¹⁸⁶ Dette gjeld intervjuet med ein informant som er shan-burmesar og to som er karen-burmesarar. Grunngevinga for at desse er med kan lesast under punkt 3.3.3

¹⁸⁷ Punkt 3.4.3.3

etablerte kristne familiar. Det kan og tenkjast at informantane har endra religion eller kyrkjесamfunn ved ekteskapsinngåing.

Kartlegginga av flukta til Noreg er teke med for å skildra ei hending som truleg har vore viktig i livet til alle informantane. Kartet er teke med for å finna fram til mønster som kan dekkja fleire informantar. Reisetid, mellomstasjonar og reisefølge kan gje ein peikepinn på akkulturasjonsstress og i kva grad informantane har vore gjennom andre akkulturasjonsprosessar tidlegare. Om familien har kome på ulike tidspunkt, vil eg og freista å finna ut av dette her. Formell status kan peika på kor stabil tilknytninga til Noreg er. Då desse punkta handlar om framtida er dei ikkje sterkt med i drøftinga, men dei er med på skildra gruppa.

Til sist under dette punktet kartlegg eg jobb og utdanning i Noreg. Spørsmåla er med på å gje svar på i kva grad burmesarar vert inkluderte i norsk arbeids- og samfunnsliv.

3.4.3.3 Kompliserte og sensitive spørsmål

I høve til reell integrering er nettverk av vener interessant å kartleggja. Dei innleiande spørsmåla i bolka kartlegg talet på nære og perifere vener og fordelinga av dei etter nasjonalitet og religiøs tilknytning/ tru. I det praktiske arbeidet med intervjuar merka eg meg at eit knapt fleirtal av informantane ikkje skilde mellom nære og perifere vener. Når det gjeld jobb- og skulevener kartlegg eg desse etter kva grad dei snakkar med desse om private spørsmål og kva sosial omgang dei har med desse. Ein viktig del av integreringa er å knyte band på tvers av identitet. Jobb- og skulevener er i utgangspunktet perifere vener, men sosial omgang og samtalar om private spørsmål kan vera teikn på at det vert knyta nærare band på tvers av etniske skilje.

Vidare er det ei større bolk spørsmål som handlar om gudstenesteliv. Fyrst spør eg om kva slag gudstenester, kor ofte og kven i familien som deltek. Omfang og type kan seia noko om aktivitet, kor viktig dette er, vekesyklussen og i kva grad dette er ein aktivitet for heile familien. Deltaking på norske gudstenester kan t.d. vera eit teikn på integrering. Kva som er viktig med gudstenestene og i kva grad dei er viktige peikar i retning av kor viktig denne møteplassen er totalt sett. Saman med spørsmålet om kor viktig gudstenestespråket er, kan me få indikasjonar på kva som er motivasjonsfaktorane for deltaking på ulike gudstenester.

For ein etnisk organisert kyrkjelyd er det naturleg å tenkje at kyrkjelyden fyller andre roller enn berre det reint religiøse. Kor mykje tid ein nyttar før og etter gudstenestene, i kva grad ein

avtaler sosiale møter elles, kva ein lærer i kyrkjelyden og kva hjelp ein kan rekna med å få/gje peikar alle mot sosiale dimensjonar ved deltaking i kyrkjelyden. Gransking av den sosiale rolla kyrkjelyden og gudstenesta spelar er viktig å kartleggja for å kaste ljós over kva rolle den spelar i den sosiale prosessen integrering. Om det er sterke sosiale funksjonar, som legg band på store delar av medlemmane si tid og resursar, kan det tenkjast at aktivitetane verkar segregerande. Men det kan og tenkjast at dei saman lærar meir om det å vera burmesar og norsk og på det vise opplever sterkare integrering. På desse og mange andre måtar kan ei kartlegging av det sosiale livet i kyrkjelyden seia mykje om informantane sin faktiske ståstad i høve til det å vera burmesar, chin, norsk, kristen og baptist.

Nokre av burmesarane kan ha norske fadrar som hjelper til med ulike praktiske og sosiale spørsmål. Kven desse er, og kor lenge dei har hatt kontakt med informantane, kan spela inn på faktorar som eg elles måler i granskingane mine. Etnisk norske som søker kontakt med nyleg tilflytta burmesarar kan vera viktige katalysatorar i integreringa. Informantar som får slik hjelp kan oppfatta i akkulturasjonsprosessen annleis.

Før det opne sluttspørsmålet spør eg etter draumar og von for framtida. Skjemaet er sortert etter identitetar, men vert i røynda stilt ope. I noteringa og på dataarket skil eg mellom dei ulike identitetane som er lista opp. Målsetnaden er å finna ut kva for ein identitet som står sterkast, og då særleg med tanke på å avdekka ynskjer om å vera norsk eller burmesisk.

Til sist får informanten høve til kome med det han eller ho har på hjartet. Dette spørsmålet stilte eg alltid heilt til sist, etter eg og hadde vore gjennom tillegsskjemaet. Tematikken for samtalen var på dette tidspunktet kjent, og vona var at informantane her kunne fylle inn med informasjon som dei meinte kunne vera av interesse. Eg opna og opp for at dei kunne stille spørsmål til meg under dette punktet. Korleis informasjon vart gjeve og spørsmål stilt, kunne gje indikasjonar på kva grad ulike spørsmål hadde blitt forstått tidlegare. Her kan ein tenkje seg fleire moglege utfall, som på ulikt vis kan seie noko om kor valide svara til informanten er:

- Om informanten her berre gjentok informasjon som han eller ho hadde kome med tidlegare, kan ein tolke dette som om tidlegare spørsmål ikkje har vore heilt rett oppfatta.
- Om informanten kjem med relevant og utfyllande informasjon er dette eit teikn på at informanten har forstått innhaldet i spørsmåla.

- Om informanten stiller spørsmål eller kjem med informasjon av meir personleg karakter kan dette sjåast på som teikn på tillit. Dette styrkar og validiteten til informasjonen informanten gir.

I sum kjenner eg meg trygg på at eg har laga ein intervjuguide som sikrar informasjon om viktige detaljar og fangar opp meir heilskaplege spørsmål og problemstillingar.

Intervjuguiden er og laga for å kontrollera kvaliteten på svara ved hjelp av spørsmål som grip inn i kvarandre. Slike spørsmål avslører tvil og manglande forståing for spørsmåla.

3.4.3.4 *Tilleggsskjema til intervjuguide*

Som eg vil greie ut om nærare seinare,¹⁸⁸ var det naudsynt å laga eit tilleggsskjema for spørsmål som mangla eller var uklare. Skjemaet er lagt ved oppgåva.¹⁸⁹

Det fyrste som var utelate var spørsmål om ektefelles arbeid og inntekt. Spørsmålet er viktig for å få oversyn over den totale økonomiske situasjonen for familien.

Då fyrste informant viste seg å ha ein veldig avgrensa venekrins, fann eg det tenleg å spørja meir direkte om tillit til ulike grupper. Difor utforma eg eit sett med spørsmål, som refererte meir direkte til ulike kategoriar av menneskje. Dette skjemaet er i tråd med dei ulike formene for sosial tillit.¹⁹⁰

3.4.4 *rammer for intervju*

Intervjua av informatane busett i Sandnes, vart gjennomført i lokala til kyrkjelyden, medan informantane busett på i Gjesdal vart intervjua i min private bustad. Val av desse to lokalsjonane gjorde eg saman Hlawnceu Ceu Mang. Valet av kyrkjelydssenteret på Sandnes var enkelt, då dette var ein trygg plass for informantane. Dei var kjende der, og eg fekk tilgang til eit rom der me kunne sitte uforstyrra. Vidare var det eit godt rom rett ved sida, der det gjekk godt å vente. Når det gjeld min private bustad, var den ikkje kjend for informantane på same måte. Ingen hadde vore der før, men alle hadde vore i leigebustaden i huset vårt. Medan eg intervjua fungerte leigebustaden som eit venterom. Dette var truleg med på å skape

¹⁸⁸ Punkt 3.4.4

¹⁸⁹ Punkt 9.4

¹⁹⁰ Punkt 2.2.5.2 og Figur

tryggleik. Intervjua i september var gjennomført i ein privat bustad i Sandnes. Dette var bustaden til den eine av dei to informantane eg snakka med denne kvelden.

Elleve intervju er gjennomførde frå medio mai til medio juni 2013. Eg gjennomførte og to intervju med informantar med anna etnisk opphav i september 2013. Punktvis vert det slik:

- Fyrste intervju med informant frå Sandnes. Dette var ein slags test for spørjeskjemaet med omsyn til korleis spørsmåla vart oppfatta, kva svar eg fekk og kor lang tid eg burde setta av til dei andre intervjua. Etter dette intervjuet fann eg ut at spørsmåla fungerte greitt, men at punkta som var meint å kartleggje sosial kapital var for lite tydelege.
- Andre bolka med intervju gjekk og føre seg i Sandnes. Eg snakka med fem informantar.
- Tredje bolka var heime hjå meg med informantar frå Gjesdal. Eg snakka med fire informantar.
- Fjerde bolka var heime hjå ein av informantane, busett i Sandnes. Eg snakka med to informantar.

Under alle samtalanene har eg aktivt teke notater. Generelt sett er dette ikkje tilrådd,¹⁹¹ men eg valde dette av omsyn til språk.¹⁹² For å sikra rett notering bedde eg om løyve til opptak, og fekk dette frå alle. Desse dataa, notata og transkripsjonane er handsama i tråd med løyve frå NSD.¹⁹³ Arbeidet er gjennomført i forståing med leiarskapet i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes. Alle informantane er informert om dette på ein forståeleg måte både skriftleg og munnleg.

¹⁹¹ (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; 147)

¹⁹² Punkt 3.2

¹⁹³ Punkt 3.4.1

4 Gjennomgang av viktige funn i samtalar med norske informantar

Denne bolka omhandlar funn hjå norske informantar og listar kort opp dei viktigaste. Meir detaljert informasjon vert presentert der det er naturleg i drøftingsdelen.

4.1 Gjennomgang av funn i dei to aktuelle lokale norske baptistkyrkjelydane

Informasjonen eg har fått baserer seg på den kontakten eg har hatt med pastorar i andre lokale kyrkjelydar.¹⁹⁴ Eg vil i tillegg legge fram den viktigaste informasjonen som eg fekk frå ein frivillig medarbeidar på Ålgård.¹⁹⁵ For å letta oversynet freistar eg fyrst å samanfatte desse opplysningane i nokre korte punkt.

4.1.1 *Kort om andre baptistkyrkjelydar i Sandnes og Gjesdal*

- I Gjesdal er det berre ein baptistisk kyrkjelyd, Ålgård baptistmeinghet. Den har eige kyrkjebygg i kommunesenteret Ålgård. Den har røter heilt attende på 1800-talet og i 1904 vert det rapportert om 15 medlemmar.¹⁹⁶ Kyrkjelyden har 5 tilsette i 2013.¹⁹⁷
- Sandnes har og ein baptistkyrkjelyd med primær tilknytning til det etnisk norske fleirtalssamfunnet. Kyrkjelyden har i dag to tilsette¹⁹⁸ og eg har personleg kjennskap til kyrkjelyden attende til 1980-talet¹⁹⁹.
- I Sandnes er også det ein økumenisk kyrkjelyd med egelsk som preikemål. Denne har husvære i baptistkyrkja på Sandnes.
- Ingen av kyrkjelydane har oppgitt medlemstal til fylkesmannen i 2012.²⁰⁰

¹⁹⁴ Punkt 3.3.2 Informasjonen vert presentert under punkt 4.1.1

¹⁹⁵ Punkt 4.1.2

¹⁹⁶ (Ålgård baptistmeinghet, 2013)

¹⁹⁷ (Ålgård baptistmeinghet, 2013)

¹⁹⁸ (Sandnes baptistmeinghet, 2013)

¹⁹⁹ Eg har ikkje vore medlem, men det har ein barndomsven. Det har ikkje vore mogeleg å finna fram til skipingsår på ein effektiv måte. Eksakt alder er heller ikkje viktig for oppgåva

²⁰⁰ (Fylkesmannen i Rogaland, 2012)

4.1.2 *Den viktigaste informasjonen frå ein etnisk norsk som jobbar aktivt for integrering av burmesarar i Gjesdal*

I vår kontekst er arbeidet til denne informanten særleg kartlagt i høve til burmesarar, men informanten jobbar og med andre etniske grupper. Informanten heiter Eli og er ein 66 år gammal uførepensjonist busett i kommunen.²⁰¹ Namnet til informaten har eg fått frå tre av dei fire burmesiske informatane busett i Gjesdal.²⁰²

Eli har jobba med flyktningar på frivillig basis sidan 1999, og som Gjesdalven sidan dette arbeidet starta i 2012.²⁰³ Ho sit og i styret til internasjonal kvinnegruppe i Gjesdal.²⁰⁴ Arbeidet til Eli stort, og ho styrer det for det meste sjølv. Sjølv seier ho at kontakten gjer ho mykje positivt, og at dette er noko som ho vil tilrå andre å driva med. Ho seier ho har fatta større interesse for geografi og historie gjennom arbeidet, og at ho har lært mykje. Eli meiner at fleire burde fått seg vener frå andre kulturar, og at ho får mykje meir attende enn kva ho gir.

Burmesarane har ein serleg plass i hjarta til Eli. Ein familie som kom i 2007 har knytt særleg nære band til Eli og familien hennar.²⁰⁵ Borna i denne familien kallar Eli for bestemor, og dei treffest fleire gonger kvar veke. Gjennom det burmesiske nettverket til denne familien har Eli knytt band til dei fleste burmesiske familiane på Ålgård.²⁰⁶

Eli seier at ho er fortvila over korleis flyktningar vert tekne imot i kommunen. Ho meiner at kommunen truleg tener mykje pengar på dei, då dei gjer lite for å hjelpa. Så snart dei er ferdige med Intro og har fått seg ein jobb, gjer dei ingenting meir. Det same meiner ho gjeld skulen. Særleg har ho jobba for at ein gut på ungdomsskulen skal få eit betre tilbod. I denne saka har ho snakka med både rektor og skulesjef. Guten har fått tilpassa lekseplan, men Eli meiner han treng mykje meir hjelp.²⁰⁷

²⁰¹ Eli har ikkje bede om streng anonymisering, snarare tvert om. Ho meiner det er viktig å fortelja om korleis ho opplever stoda for seg sjølv og etniske minoritetar i Gjesdal. Det fulle namnet er: Eli Brekken.

²⁰² Punkt 5.2.3

²⁰³ Ordninga med Gjesdalven er eit samarbeidsprosjekt mellom frivillighetssentralen og Gjesdal kommune (Gjesdal kommune, 2012).

²⁰⁴ Dette arbeidet omfattar om lag 70 deltakarar, inkludert om lag 20 etnisk norske. Arbeidet omfattar 20 ulike nasjonalitetar (Gjesdal frivillighetssentral, 2013).

²⁰⁵ Eli lever saman men mannen sin på Ålgård. Dei har to døtrer og fleire barnebarn. I haust skal ho få sitt fyrste oldebarn.

²⁰⁶ Unnataket i informantgruppa er ein familie der kona ikkje er chin - punkt 5.4

²⁰⁷ Dette kan sjåast i ljøs av den skilnaden det er på skuleteneste for denne gruppa i kommunane. Sjå punkt 4.2

Dei Eli meiner er flinkast i integreringsarbeidet er kyrkjelydane. Når ho treng praktisk hjelp, ting eller pengar, er det desse som er flinkast til å støtta opp. På språkstasjoen er det mellom anna ein lærar som er aktiv baptist. Denne læraren formidlar noko kontakt med besøksvenner i den lokale baptistkyrkjelyden. Desse besøksvenene kjem ein til tre gonger, men har ikkje resultert i fast kontakt. Sjølv om Eli ikkje er aktiv i kyrkjelydsarbeid reknar ho seg som vanleg kristen, og er medlem av Den norske kyrkja. Ho har fleire gonger sagt til meg at ho ville blitt misjonær om ho no fekk velja yrke.

Eli delar lagnad med flyktningane på det viset at ho er innflyttar i bygda. Sjølv om ho har budd på Ålgård i fleire tiår er ho kjend med at det er vanskeleg å koma innpå lokalbefolkninga.

4.2 Gjennomgang av funn knytt opp til kommunale tenester

Eg har hatt litt sporadisk kontakt med kommunale tenester i Sandnes og Gjesdal kommunar. Eg vil i korte trekk skildra desse punktvis under og trekka fram likskapar og skilnadar.

- Store delar av integreringsarbeidet i alle norske kommunar er regulert i introduksjonslova.²⁰⁸ I tillegg til sjølve lova er det utferda ein læreplan i norsk og samfunnsfag av VOX,²⁰⁹ som er eit nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk med særleg vekst på vaksne si læring. VOX er underlagt kunnskapsdepartementet, men får og oppdragsbrev frå Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet.²¹⁰
- I både Sandnes og Gjesdal vert dette kalla for Intro-programmet og gjeld for vaksne. Det er NAV i samarbeid med vaksenopplæringa som gjennomfører opplæringa i båd kommunar. Tilbodet er gratis og løna med trygd.
- Tilbodet varer normalt i to år. Nokre gonger kortare, og det kan søkjast om forlenging.
- I Gjesdal er det tilsett to flyktningekonsulentar. Dei to som jobbar her har godt oversyn over flyktningane i kommune og ein del kunnskapar om burmesarar spesielt.

²⁰⁸ (Justisdepartementet & Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo, 2003)

²⁰⁹ (VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, 2013)

²¹⁰ (VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk., 2013)

- Sandnes er ein større kommune med fleire tilsette ved flyktningekontoret. Ingen av desse har eit særleg ansvar for burmesarane. Då gruppa eg granskar ikkje har ein felles kontakt i kommunen, med særleg kompetanse på desse, har eg ikkje funne det tenleg å granska dei kommunale tenestene på meir enn generell basis.
- I tråd med læreplanen er det i hovudsak vaksenopplæringa i kommunane som står for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap.²¹¹ NAV jobbar med arbeidsretta tiltak og sosiale spørsmål. Vaksenopplæringa har tilsett pedagogar. NAV har tilsett sosionomar.
- Born i skulealder, som kjem til båe kommunar frå andre land, går sjeldan direkte inn i ordinære norske klassar. I båe kommunar er det vanleg at dei går i eigne klassar det fyrste året i Noreg.
- I båe kommunar er desse elevane samla på ein ungdomsskule²¹² og på ein barneskule²¹³ det fyrste året. I Sandnes vert dette kalla introduksjonsklassar. I Gjesdal vert det kalla for språkstasjon.
- Sandnes kommune har eit eige senter for fleispråklege born og unge, -FBU. Dette er organisert i barnehage- og skuleavdeling.²¹⁴ Her jobbar det tospråklege lærar og morsmåslærarar. I røynda har desse arbeidet sitt på alle skular og dei fleste barnehagar i kommunen. Dei tilsette ved senteret jobbar som tospråklege assistentar og lærarar eller som morsmåslærarar.
- Gjesdal kommune har ikkje eit senter som kan samanliknast med FBU. Dei har heller ikkje tilsette som jobbar som morsmåslærarar eller tospråklege lærarar. I somme høve har dei tilsette som jobbar som språkhjelparar.²¹⁵
- Retten til særskild norskopplæring, tospråkleg lærar og morsmåslærar er regulert i opplæringslova.²¹⁶
- Rogaland fylkeskommune har og innføringsklassar og tospråklege lærarar. Ingen av desse er lokalisert i Sandnes eller Gjesdal og ingen informantar har gått i desse klassane.

²¹¹ (VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, 2013)

²¹² Sandnes kommune – Høyland ungdomsskule, Gjesdal kommune – Gjesdal ungdomsskule

²¹³ Sandnes kommune – Aspervika skule, Gjesdal kommune – Ålgård skule

²¹⁴ Senter for fleispråklege born og unge (FBU) (Senter for fleispråklege born og unge, 2013)

²¹⁵ Språkhjelparar kan samanliknast med tospråklege assistentar, og er ikkje rekna som pedagogar.

²¹⁶ Opplæringslova § 2-8. (Justisdepartementet & Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo, 1998)

5 Gjennomgang av empiriske funn i samtalar med burmesiske informantar

For å gjera tydeleg funn i gruppa som heilskap og skapa ein kontrast for ulike undergrupper freistar eg fyrst å skildra den typiske Chin-burmesiske baptisten. Vidare vil eg skildra ulike grupper og skilnader og likskapar mellom desse.

Til saman har eg snakka med 15 burmesiske informantar,²¹⁷ -om lag 10 % av kyrkjelyden. Å generalisere frå ei lita gruppe gjev rom for mange typar feil. Sjølv om eg ved observasjon har funne gruppa demografisk representativ, og i ettertid har røkja etter ulike trådar, som t.d. karen-burmesarar. Sanninga om heilskapen kan ikkje sikrast før ein har snakka med alle i heilskapen. Så langt det er mogleg vil eg difor antyda styrken på utsegnene mine ved å visa til kor mange av informantane som utsegna gjeld for.

Vidare har gruppa informantar tre slagsider som ein lyt vera klar over:

- Det er ei prosentvis overvekt av informantar som ikkje er chin.
- Det er ei prosentvis overvekt av informantar med akademisk utdanning.
- Berre ein informant er over 45 år. Sjølv om dette truleg er rett fordeling i høve til gruppa, er det ikkje mogeleg å generalisera frå dette.

Grunngjevinga for å snakka med fleire informantar i desse gruppene har eg gjort greie for tidlegare.²¹⁸

I skildringa av dei ulike gruppene vil eg fyrst lista opp ulike funn punktvis, før eg samanfattar i ein meir samanhengande tekst. Grunngjevinga for dette er todelt:

1. Å få med mest mogeleg empiri som ein form for rådata. Opplistinga gjev referansar til konkrete spørsmål i intervjuguiden, og lettar på det viset etterprøvinga av slutningane seinare i framstillinga.
2. Om alle rådata skulle vore med i ein samanhengande tekst hadde det vore vanskeleg å få oversyn og samanheng. Data som hadde vore i grenseland for relevans hadde truleg ikkje kome med, og på det viset svekka andre alternative tolkingar. At slikt er mogeleg

²¹⁷ 13 ordinære informantar, pastoren og ein tidlegare student. Det er berre for de ordinære informantane det er mogeleg å samanlikne og dra fastare konklusjonar. Kven dei ordinære informatane er kan listast opp i Tabell 3

²¹⁸ Punkt 3.3.3.

er viktig med omsyn til oppgåva sin validitet og vidare arbeid med liknande problemstillingar i denne eller andre grupper.

I sum skal rådata og skildrande tekst gje eit rikt empirisk materiale for drøfting.

Punkta er organisert i tematiske grupper, og i den samanfattande teksten viser eit avsnitt til ei gruppe med punkt. Det er rådata som vert sett opp punktvis. Samanfattainga er i den samanhengane teksten under.

Tematikken følgjer ikkje intervjuguiden, då denne med fullt medvit er organisert annleis. Som eg har gjort greie for tidlegare skil denne mellom bakgrunnsspørsmål og sensitive spørsmål.²¹⁹ Spørsmål frå alle delar av skjemaet er i denne delen sortert etter tematikk for å gje ei meir samanhengande skildring. Somme spørsmål er og laga for å kontrollera andre spørsmål, som t.d. spørsmålet om tillit til ulike grupper.²²⁰

Meir detaljerte empirisk data vert presentert der det er naturleg i drøftingsdelen. Gjennomgangen presenter og funn som er lite drøfta i drøftingsdelen. Dette for å sikra at desse funna kan nyttast i andre granskningar og av di gruppa elles er lite kartlagd.

5.1 Den typiske chin-burmesiske baptisten

Det store fleirtalet av medlemmane i IBC er anten barnefamiliar og ungdommar av Chin-burmesisk opphav. Skildringa under dette punktet tek difor mest omsyn til desse. Desse gruppene er representerte med til saman 10 informantar, då tre informantar i primærgruppa hadde eit anna etnisk opphav enn Chin. Ein av desse tre informantane er gift med ein Chin. Svara deira er vekta svakare i denne delen framstillinga.

5.1.1 *Bakgrunn og familie*

- Alle informantane er fødde i Burma, og alle i familiare deira er burmesarar.
- Alle som er gifte er, med eit unnatak, gifte med ein frå same etniske gruppe.²²¹
- Ingen informantar er skilde eller lever i sambuarskap.

²¹⁹ Punkt 3.4.3, Tematikken vekslar gjennom spørsmålsstillinga. I tillegg er det utferda eit tilleggsskjema.

²²⁰ Tabell 6

²²¹ I samtale med pastor Hlawnceu Ceu Mang opplyser han at det berre finst to medlemmer av dei chin-burmesiske baptistkyrkjelydane i Noreg som er gifte med etnisk norske.

- Alle informantane høyrer til kjernefamiliar som er skipa utanfor Noreg. Det vil seie at dei sjølve eller foreldra deira er gifte i Burma eller i tredjeland under flukta. Seks er gifte i Burma, to i Malaysia og ein i Bangkok.
- Omtrent like mange kjem frå byar, som bygd / landsby.
- Alle informantane kjem frå familiar som har vore kristne i generasjonar. Berre ein informantant har bakgrunn som presbyterianar, men er no baptist.

- Talet på born er lista opp i Tabell 4. Alle som er gifte, har born.
- Eit fleirtal av dei førstefødde barna er fødde i Burma, -fem av ni, men berre ein familie har flytta med meir enn eit barn. Alle burmesisk fødde barn har fått yngre søsken i Noreg. Ein informant har eit barn som framleis er att i Burma.

Tabell 4. Storleik på familiar	
Talet på barn	Talet på familiar
1	2
2	5
3	2

- Informantane har kome til Noreg på tre ulike måtar: som kvoteflyktning, som asylsøkjjar eller på familieegjenforeing.
 - o Dei som har søkt om asyl hadde politiske grunnar for at dei reiste, og peikte alle på dårlege vilkår for demokratiet. Ingen av desse fortalde om direkte og personleg religiøs eller etnisk undertrykking.
 - o Tre informantar vart sameina med ektefeller som hadde reist i førevegen. To av desse reiste direkte frå Burma.
 - o To informantar kom som SN-flyktningar. Desse reiste med samla familie.

- Åtte informantar hadde mellombels opphald i Malaysia, og særleg Kuala Lumpur, på mellom 1 og 5,5 år. Ein informant kom via Thailand etter ein månads opphald der. På reisevegen var alle informantane innom Thailand i mindre enn ei veke.
- Gjennomsnittleg opphaldstid i Noreg er 4,5 år, medan typetalet er 6 år. Tabell 5 gjer oversyn over det året informantane kom til

Tabell 5 Årstall for ankomst til Noreg	
År	Tal på informantar
2004	1
2005	0
2006	1
2007	4
2008	0

<p>Noreg. Det store fleirtalet har budd i Noreg i mindre enn sju år. To informantar har ikkje gitt opplysningar om dette.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Berre ein informant har budd i ein annan del av Noreg. - To informantar har norsk statsborgarskap. Dei andre har permanent opphaldsløyve. 	2009	1
	2010	1
	2011	0
	2012	2
	2013	0

5.1.2 *Arbeid og utdanning*

- Alle informantane er sysselsette med skule eller arbeid. Berre ein informant informerer om at ho er arbeidssøkane, men ho går og på skule. Dei som ikkje er fullt sysselsette er heime med born. To kvinner seier at dei godt kan tenkja seg å jobba meir, men dei er ikkje aktivt arbeidssøkande.
- Løna varierer mellom dagpengar og drygt ein halv million. Dei som jobbar fulltid tener mellom 300 000 og 350 000 i året. 80% av familiarene har ei samla inntekt på mellom 300 000 og 500 000.
- I familiarene jobbar stort sett alle foreldra, men i ingen familiar jobbar båe heiltid. I tre tilfelle ønskjer den som jobbar deltid å jobba meir, men ikkje fulltid.
- Berre ein informant utanom pastoren har arbeid som krev høgare utdanning.
- Alle informantane som har kome til Noreg i vaksen alder, tek del i intro-programmet til NAV, eller har teke del i dette før han eller ho tok arbeid. Dei som har kome her som ungdommar har gått i innføringsklasse i den norske grunnskulen og seinare i den vidaregåande skulen.
- Av dei seks som har fullført intro er det berre halvparten som har teke norskprøve tre. Den andre halvparten har teke norskprøve to. Ingen av dei vaksne informantane har teke norskopplæring utover introprogrammet..

5.1.3 *Vener og nettverk*

- Eit knapt mindretal skil mellom nære og perifere vener:
 - o Dei som skil mellom dette har fire eller åtte slike vener og med eit unntak er alle desse nære venene burmesiske baptistar. Dei seier og at alle i IBC er perifere vener.

- Alle dei som ikkje skil mellom nære og fjerne vener seier at alle som er med i IBC er venene deira.
- Alle, utanom ein, seier at dei treffer kollegar og skulevener nesten aldri utanom jobb eller skule. Med den same informanten som unnatak, snakkar dei heller aldri om private ting med jobb- og skulevener. Nokre deltek på sosiale arrangement på arbeidsplassen, så som firmafestar, julebord, kurs og turar.
- Dei fleste informantane har eit reint burmesisk baptistisk nettverk. Unnataka er:
 - To informantar har perifere vener som er norske (nabo og norske baptistar).
 - Ein informant er ven med ein burmesisk buddhistisk familie.
- Sju informantar svarer at burmesarar kan hjelpe dei med alt.
- To informantar svarar at etnisk norske kan hjelpe dei med alt. Fem svarar at etnisk norske ikkje kan hjelpe med noko. Resten, på ein skala frå ein til ti svarer: 3, 5, 6 og 7.
- På spørsmålet om tillit fordeler svara seg slik i Tabell 6

Tabell 6 Tillit til ulike grupper på ein skala frå ein til ti.

Spørsmål	Svar i gjennomsnitt
Tillit til eigen familie	9,9
Tillit til dei i kyrkjelyden	6,8
Tillit til nabo av annan etnisitet	4,25
Tillit til menneskjer i heilskap	3,0

5.1.4 *Kristenliv og gudstenester*

- Alle informantane går til gudsteneste i IBC kvar sundag. Ungdommane går på ungdomsmøter i tillegg.
- Alle informantane deltek og på gudstenestene med norsk gjestepastor. Desse er 1-2 gonger i året.
- Alle informantane går alltid saman med heile familien.
- På ein skala frå ein til ti, svarer alle informantane ti på kor viktig gudstenesta er.
- På same skala svarer informantane i snitt 8.7 på kor viktig det er at gudstenesta er på chin. Typetalet er 8, og ingen svar mindre enn dette.

- På det opne spørsmålet om kva som er viktig med gudstenesta er svara tematisk fordelt om lag slik:
 - o Kristen tru – det andelege 90%
 - o Chin og Burmesisk kultur og språk 6 %
 - o Sosialt og vener 4 %
- Fire informantar har vore aktive i andre kyrkjelydar før dei starta i IBC. Då gjekk dei på norsk gudsteneste 2-4 gonger i månaden.
- Ingen av informantane rapporterer at dei lærer noko om Noreg på gudstenestene.
- Sju av informantane seier at dei lærer chin språk og kultur i gudstenestene. Tre seier at dei og får vite om nyhende frå heimlandet på gudstenesta.
- Dei fleste møter til gudsteneste 5-15 minutt før start, medan alle informantane blir verande att i gudstenestelokalet etterpå. Her er det ei sosial samling med mat, som godt kan samanliknast med kyrkjekaffi.
- På spørsmålet om i kva grad dei gjer avtalar om å treffast i andre samanhengar, svarer informatane slik eg har sett det opp i Tabell 7.

<i>Tabell 7, I kva grad gjer du avtalar om å treffast seinare.</i>	
Alternativ	antall
Aldri	1
Sjeldan	0
Av og til	4
Oftast	3
Alltid	2
Ikkje svart	1

5.1.5 Tankar om framtida

- Ingen av informantane svarer tydeleg at dei vil flytte attende til Burma. To seier at dette er mest truleg om det vert fred i landet.
- Alle vaksne informantar seier dei vil vitje Burma når det er praktisk mogeleg, men helst som turist. Det typiske er at dei vil at borna skal lære om landet, språket og kulturen. Dei kan og tenkje seg å bu i Burma i lengre periodar når dei vert pensjonistar.
- Alle informantane med born ynskjer at desse skal bli buande i Noreg.

5.1.6 *Samanhengande tekst som skildrar den typiske chin-burmesiske informanten*

I sum kan ein seie at dei burmesiske informantane bur i etnisk homogene familiar med sterke røter i Burma. Familiane er nesten utan unnatak samla i Noreg no, sjølv om dei har vore splitta i ein fluktperiode på eit til seks år. Alle har sikre juridiske rettar for opphald i Noreg.

Dei følgjer NAV sitt introprogram, men berre halvparten tek testar på det høgste nivået. Med omsyn til sysselsetjing ser det ut som dei greier seg godt. Dei tener mindre enn norsk gjennomsnitt, og dei som går på Intro tener minst. Det vanlege er at dei vaksne jobbar, men det er alltid minst ein som jobbar deltid. Ingen av informantane har gjennomført opplæring utover det som er «obligatorisk».

Informantane har mange vener, men for dei fleste er denne venekrinsen samanfallande med kyrkjelyden. Dei fleste meiner og at venene dei har i denne gruppa kan hjelpe dei med alt, inkludert økonomisk hjelp. Ingen rapporterer at dei har nære vener som er etnisk norske, men eit mindretal seier at dei har vener som anten er norske eller høyrer til andre innvandrargrupper. Dei som har vener utanom kyrkjelyden seier at dei har hatt desse venene lenge og oftast sidan den fyrste perioden etter at dei flytta til Noreg. Dei stolar og mest på dei som er medlemmer i kyrkjelyden, og mange skil ikkje mellom medlemmer av kyrkjelyden og nære vener. Det er ikkje vanleg at dei knyter band til etnisk norske eller innvandrar frå andre land på arbeidsplassane sine.

Alle informantane og familiane deira er trufaste deltakarar på gudstenestene i kyrkjelyden. Dei meiner at denne er særst viktig for dei. Særleg av religiøse grunnar, men og av sosiale grunnar. Alle informantane deltek på kyrkjekaffien etter gudstenesta og dei gjer ofte avtalar der om å møtast på andre dagar. Dei meiner og at det er særst viktig at gudstnesta er på Chin, men deltek på norsk gudsteneste om det ikkje er alternativ på eige språk. Gudstenester som er felles med norske kyrkjelydar har like stor oppslutnad som dei vanlege gudstenestene på Chin.

Det er eit mindretal som har klåre tankar om å flytta attende til Burma. Dei fleste svarer at borna bestemmer og at dei truleg vil klare seg best i Noreg, og at dei difor ikkje ser for seg retur.

5.2 Skilnader på informantar busett i Sandnes og Gjesdal

I problemstillinga er det heilskapen som er viktigast, og skilnader mellom Sandnes og Gjesdal er i så måte underordna. Samstundes er det ulikskapar mellom desse kommunane som kan gjera vilkåra for intergrering annleis. Dei fleste av desse skilnadane har eg peika på tidlegare, men eg vil for oversynet si skuld samanfatta dei i nokre korte punkt:²²²

- Sandnes er by, Gjesdal er bygd. Sjølv om tettstaden Ålgård i Gjesdal har innpå 10 000 innbyggjarar reknar ikkje kommunen seg som by.
- Gjesdal baptistkyrkjelyd utgjer ein større del av lokalsamfunnet på Ålgård
- Gjesdal har mange baptistar i leiande posisjonar. Mellom anna tidlegare ordførar og noverande stortingsrepresentant.

Den vidare drøftinga tek sikte på å drøfta ulikskapar mellom informantane som bur i desse kommunane. Av omsyn til det svake datagrunnlaget tek eg berre med dei punkta der tendensane er klårast. Handsaminga elles følgjer malen som gjeld for denne delen av oppgåva. I hovudsak er det informantane frå barnefamiliar som er vekta tyngst i Sandnes.²²³

5.2.1 Bakgrunn og familie

- Tre av dei fire busett i Gjesdal informantane kjem frå landsbyar med hundre hus eller mindre. Ein informant kjem frå ein by på om lag 50 000 innbyggjarar.
- Fem av sju informantar busett i Sandnes seier at dei kjem frå ein by i Burma. To av dei fem kjem frå ein by som i år 2000 hadde 5000 innbyggjarar.²²⁴

5.2.2 Arbeid og utdanning

- Dei tre informantane som seier at dei budde på landet i Burma, og er busette i Gjesdal, fortel at dei livnærte seg som bønder eller hjelpte til i storfamilien i Burma. Den fjerde jobba på fabrikk.

²²² Desse opplysninga er presenterte for fyrste gong under punkta 1.1 og 4.1.1

²²³ I Gjesdal er det berre intervjuar bornefamiliar, sjå Tabell 3 Liste over informantar i primærgruppa. Ideal og faktisk

²²⁴ Dette i følge den eine informanten sjølv. Eg har namnet på byen, men sikker informasjon om storleik har det ikkje vore mogeleg å finna frå andre kjelder.

- Tre av informantane busett i Sandnes jobba som lærarar eller assistentlærarar. Alle desse var busett i Hakha. To av desse har Bachelor-grad. I tillegg er det ein tidelegare student og ein tømrrar.
- Ungdommane busett i Sandnes har ikkje jobba i Burma.
- Når det gjeld noverande jobbar og inntekt er det lite som skil informantane i dei to kommunane.
- Tre av informantane busett i Gjesdal er ferdig med Intro utan å ta norsksprøve på nivå 3. Alle informantane i Gjesdal har avslutta Intro.
- To av dei tre informantane, som er ferdig med Intro i Sandnes kommune, har greidd norskttest nivå 3. Dei to som framleis går på Intro i Sandnes, har universitetsgrad frå Burma.

5.2.3 *Vener og nettverk*

- Informantane frå Ålgård er jamt over meir positive til hjelp frå etnisk norske. Tre nemner Eli som hjelper, ein nemner andre norske familiar.
- Ingen informantar busett i Sandnes melder om hjelp tilsvarande den informantane får frå Eli.
- Informantane busett i Gjesdal meiner i større grad at etnisk norske kan vera til hjelp.

5.2.4 *kristenliv og gudstenester*

- Om me utvider Tabell 7 til å skilja på kommunar Vil det sjå slik ut i Tabell 8. Informantane i Sandnes rapportar at dei avtaler oftare å treffast andre gonger.

Når det gjeld «tankar om framtida» gjev informantane svar som ikkje gjer det mogeleg å skilja gruppene frå kvarandre på ein systematisk måte.

<i>Tabell 8 Avtaler å treffast andre gonger fordelt på kommune</i>		
Alternativ	Gjesdal	Sandnes
Aldri	1	
Sjeldan		
Av og til	3	1
Oftast		3
Alltid		2
Ikkje svart		1

5.2.5 *Samanhengande tekst som skildrar ulikskapar mellom informantar busett i Sandnes og Gjesdal*

Det er ein samanheng mellom kor informantane bur i Noreg og kva type lokalsamfunn dei kom frå i Burma. Dei som budde på landet i Burma bur på landet i Noreg, medan dei som budde i byar i Burma bur i ein by som t.d. den middels store byen Sandnes. To informantar busett i Sandnes identifiserte Htanglang som ein by, sjølv om denne staden er i grenselandet for kva som kan kallast by. Staden er truleg mest på storleik med Ålgård og mykje mindre enn Sandnes.

Utdanning og yrke frå Burma følgjer det same mønsteret. Dei som bur i Gjesdal har grunnskuleutdanning og jobba i hovudsak i primærnæringane. Dei som bur i Sandnes har oftare høgare utdanning, og jobba i hovudsak i skuleverket. Det er og ein sterkare tendens til å ta norsktest på nivå 3 for informantar busett i Sandnes. Informatane busett i Sandnes har og gjennomgåande høgare utdanning frå Burma enn informatane busett i Gjesdal. Informantane busett i Sandnes har difor bakgrunn frå yrker som krev høgare utdanning enn dei busett i Gjesdal. Likevel er det ikkje så at informantar busett i Sandnes har jobbar som krev høgare utdanning, med høgare status eller tener meir enn dei busett i Gjesdal.

Det at alle informantane i Gjesdal melder om at dei får hjelp av etnisk norske, medan ingen i Sandnes melder om det same er ein veldig tydeleg tendens. Dette kan tyda på skilnadar som er systematiske. Men då tre informantar melder om de same «hjelparen»,²²⁵ kan det og tyda på at det er snakka om ei eldsjel som gjer ein særskild jobb, utan at det er snakk om særdrag ved kommunen og/eller baptistar i Gjesdal. Denne hjelpa kan sjåast saman med at informatane busett i Gjesdal rapporterer at etniske norske kan hjelpa med mykje. Samstundes er det ikkje skilnad i kva tillit informantane seier at dei har til naboar som ikkje er burmesar.

IBC ser og ut til å spela ei litt annleis rolle for informantane busett i Sandnes. Det kan sjå ut som om dei som er busett i Sandnes i større grad nyttar tida etter gudstenesta til å gjera avtalar for resten av veka. Ein grunn til dette kan vera at Sandnes er ein større kommune og at kyrkjelyden er spedd over eit større geografisk område enn kva som er tilfellet i Gjesdal. Ålgård er ei ganske kompakt bygd med få møteplassar der det er lett å treffa på kjentfolk. Sandnes er langt større og har fleire «sentrum» og knutepunkt.

²²⁵ Hjelparen det er snakk om er Eli. Ho er intervjuet og funn knytt opp til ho er presentert under punkt **Error! Reference source not found.**

5.3 Særdrag ved ungdomsgruppa

Ungdomsgruppa omfattar tre informantar i byrjinga av 20 åra. Det er snakk om to gutar og ei jente. Ein av desse er karen-burmesar, og skil seg difor ut frå ungdomsgruppa på nokre punkt. Dette er markert i gjennomgangen. Då gruppa er så liten er det få punkt det er mogeleg å finne særdrag ved. Eg listar berre opp dei punkta der to informantar rapporterer det same og samstundes skil seg frå det som er typisk. Punkta er så få at dei ikkje er organisert tematisk.

- Informantane i denne gruppa har fullført norsk grunnskule og tek del i norskopplæring i vidaregåande skule på linje med norske jamaldringar dei går i klasse med.
- Alle tre informantar skil mellom nære og perifere vener.
- To chin-burmesarar spør meg som intervjuar som studierettleiing. Særleg er dei interesserte i bibelskular og utdanning for arbeid i kyrkjelydar.
- Alle informantane er aktive i ungdomsgrupper, som treffest på laurdagar. Ein av informantane går og tidsvis på ungdomsmøter i ein norsk baptistkyrkjelyd og har reist på ungdomsleir med denne. Karen-burmesaren er aktiv i KRIK²²⁶, som vert driven av baptistkyrkja på Sandnes.
- Alle tre informantar melder at dei har ein venekrins som er meir variert enn dei vaksne sin venekrins med omsyn til etnisk opphav.
- To informantar meiner at dei er kristen på ein annan måte enn dei vaksne. Ein seier at han/ho er fyrste verkeleg kristne i familien. To informantar er medvitne om misjonsoppdraget og seier at det er viktig for dei å fortelja om Jesus til burmesarar og etnisk norske. Karen-burmesaren er buddhist og kjærast med ein muslim, men meiner at kyrkjelyden er viktig. Denne informanten gjer ikkje utrykk for så sterke religiøse motiv for deltaking, og meiner at tilknytning til Burma er viktigast.
- Alle informantane ser for seg ei framtid i Noreg og har ingen planar om å flytta attende til Burma, som dei faktisk er fødd i.

Ungdommane er i likskap med dei andre informantane fødde i Burma, men ser ut til å ha svakare tilknytning til sitt opphavlege heimland med omsyn til heimlengt og tankar om retur.

I sterkare grad enn foreldregenerasjonen tek dei del i det norske skuleverket, og har i fleire år gått i ordinære norske klassar. I staden for å hatt introprogram i byrjinga har desse

²²⁶ KRIK står for KRisten Idretts Kontakt. (KRIK, 2013)

informantane gått i innføringsklassar på vanlege norske skular. Dei har motteke ordinære norske vitnemål. Dei tenkjer på å studera og søker aktivt informasjon om dette. At dei nyttar meg som intervjuar som studierettleiar kan tyda på at dei har vanskeleg for å finna fram til informasjon som dei meiner er viktig på eigenhand. I framtidsplanane deira står misjon sentralt for dei to som er chin-burmesarar.

Koplingane ungdomsgruppa har til miljø som er dominert av etnisk norske, ser ut til å vera av tilfeldig karakter. Dei er alle med i ulike norske ungdomsgrupper, i tillegg til aktiviteten i det burmesiske ungdomsmiljøet i kyrkjelyden. At dei har koplingar til andre kristne miljø kan og vera ein grunn til at dei har lågare tillit til medlemmer av IBC.

5.4 Særdrag ved informantar som har eit anna etnisk opphav enn Chin.

Informantar som ikkje er etnisk Chin har heller ikkje Chin som morsmål. Tidlegare har eg og skildra chin-identitet og korleis denne heng saman med kristendom.²²⁷ Gruppa er interessant av di den sjåast som ein etnisk minoritet i IBC.

Reint konkret omfattar denne gruppa med informantar to karen-burmesarar og ein shan-burmesar. Desse gruppene skil seg frå kvarandre. Karen-folket er i hovudsak kristne og er etablerte med eigne baptistkyrkjer i Noreg.²²⁸ Den Shan burmesiske informanten hevdar at ho er einaste frå sitt folkeslag som er busett i Noreg.²²⁹ Denne informanten er gift med ein chin-burmesar, og familien har då tilknytning til to burmesiske folkegrupper. Dette er og den familien på Ålgård som ikkje har særlege band til Eli.²³⁰

Og på dette punktet er skilnadane til den typiske chin-burmesar avgrensa til så få punkt at det ikkje er naudsynt med eigne underpunkt. Eg ha likevel freista å handsama momenta i same rekkefølge som elles i denne delen av oppgåva.

- Familiestrukturen er meir variert for denne gruppa enn det som er typisk for chin-burmesarane. Det er berre ein som har ektefelle er kjærast frå same folkegruppe og religion. Shan-burmesaren er gift med chin-burmesar, og kjem frå ein gammal

²²⁷ Punkt 2.1.1

²²⁸ Tabell 1 Oversyn over

²²⁹ Dette har det ikkje vore mogeleg å få stadfesta frå andre.

²³⁰ Punkt 4.1.2

presbyteriansk familie. Karen-burmesaren i ungdomsgruppa har kjærast som og er karen, men muslim.

- Karen-burmesarane har budd i Thailand i fleire år før dei flytta til Noreg. Det vanlege for chin-burmesarar er eit kort opphald i Thailand, før dei flyttar vidare til flyktningsleirar i Indonesia.
- Alle tre informantar rapporterer at dei har gode vener frå andre folkegrupper. Alle tre skil og mellom nære og perifere vener. To av desse seier at den beste venen dei har ikkje kjem frå same folkegruppe. Ein av desse rapporterer at beste ven er frå eit anna land og høyrer til ein annan religion.
- Alle tre informantar fortel elles at dei har mange perifere vener som høyrer til andre nasjonalitetar og folkegrupper.
- Alle tre informantar seier at IBC er det nettverket som er mest støttande for dei. Samstundes har to av informantane vener frå andre folkegrupper og land, som kan hjelpe dei med mykje.
- Ingen av dei tre informantane seier at dei har norske vener som kan hjelpa dei.
- Sjølv om det vanlege er at dei går til gudsteneste i IBC varierer dei det meir med å gå på gudstenester i norske baptistkyrkjer.

Karen-folket har lange tradisjonar i Thailand og det bur fleire hundretusen der permanent.²³¹ Dette er difor ein naturleg stoppestad for burmesiske flyktingar. Vidare oppgjev både informantar at dei har søkt om flyktningsstatus hjå SN sin høgkommissær for flyktingar i Bangkok. Det kan sjå ut som at ulike flyktningsgrupper i Burma har ulike flyttemønster.

Variasjonen i etnisitet ser ut til og å avgjerda for kva vener informantane har. Dette treng ikkje tyda at dei av den grunn har mindre fordommar mot andre. Reint faktisk har dei særst frå same etniske gruppe, som dei kan snakka med på sitt morsmål.

Deltakinga i den burmesiske kyrkjelyden ser ut til å ha rot i burmesisk identitet og eit ynskje om samhald med egne landsmenn. Dei får hjelp av dette nettverket og er lojale vener i kyrkjelyden. Religiøse motiv er likevel viktigast for deltakinga, slik det er for chin-

²³¹ Det mest konkrete talet er har funne er 320 000, men det er truleg endå fleire som ikkje er registrert. Talet er henta frå ei side som truleg vender seg mest mot turistar (iThailand, 2010). Wikipedia opererer med ein halv million. (Wikipedia, 2013)

burmesarane. Chin språk og kultur er ikkje viktig for dei, men religiøs overtyding og tilknytning til Burma er samanbindande faktorar. Då chinspråket er framand vil det vera naturleg at andre folkegrupper og søker til gudstenester på norsk.

5.5 Særdrag ved gruppa som har høgare utdanning

Denne gruppa omfattar tre informantar som alle har 16 års samla utdanning. I tillegg til barneskule og ungdomsskule har dei tre års vidaregåande skule og tre år på universitet.

Her er det og så få punkt som skil at det ikkje er naudsynt med underpunkt,

- Alle tre informantar var busett i Hakah, Hovudstaden i Chin-provinsen.
- Alle tre informantar hadde universitetsutdanninga si frå Rangoon.
- To informantar jobba som lærarar. Den tredje informanten var student då ho måtte flykta.
- Ingen av desse informantane budde lenge i flyktningeleirar. Den som hadde lengst reisetid frå Burma, brukte ein måned på å reisa heilt fram til Noreg.
- Det er berre ein av desse informantane som er ferdig med Intro. Ho har teke norsktest på nivå 3. Denne testen er den høgste i introprogrammet , men kvalifiserer ikkje for studiar.
- Berre ein informant utanom pastoren har arbeid som krev høgare utdanning. Denne informanten er tospråkleg lærar.
- Alle informatane i denne gruppa seier at dei får høyre nyhende frå Burma når dei er på gudstenste.

Likskapen i bakgrunn frå Burma er nok ikkje tilfeldig. I ein provins som er så lite utvikla er det truleg ingen jobbar på landsbygda, og få jobbar i byane. At dei alle har bakgrunn frå den største byen i provinsen er difor ikkje unaturleg.

Kort reisetid frå Burma kan vera tilfeldig for gruppa. To informantar flytta etter familiane sine og ein kom som akutt politisk flyktning.

6 Drøfting av funn i høve til relevant teori

Teori og empiri møtest i denne delen. Medan eg tidlegare har peikt i retningar teorien kan nyttast, er det i fyrst i denne delen teorien møter mine empiriske funn. Mine funn vert samanlikna med teoriar som har sine utgangspunkt i kva andre forskarar har funne andre stader.

Mindre granskingar som ei masteroppgåve kan ikkje avsanna teoriar med solide tradisjonar. Eit empirisk grunngeve funn vert heller ikkje mindre sanning om det ikkje kan knytast til eit bestemd knippe teoriar. Teoriar kan kasta ljøs over mykje og skapa djupare forståing av røyndommen, men den verkelege verda vert ikkje mindre sann om ho ikkje fell saman med generelle teoriar.

Drøftinga i denne delen følgjer inndelinga med hovudproblemstillingar og delproblemstillingar frå innleiinga med ein viktig skilnad.²³² I innleiingsdelen er delproblemstillingane dedusert frå hovudproblemstillinga for å gje meir spesifikke spørsmål og auka detaljrikdommen og presisjonen i granskingane. I denne delen er strukturen motsett. Fyrst drøfting og konklusjon i høve til delproblemstillingar, så skal desse indusere svar i høve til den overordna problemstillinga.

For å letta lesnaden av denne nokså omfangsrike delen vel eg å dela den opp etter ulike teoriar, slik eg har organisert dei tidlegare.²³³ For kvar teori vil eg freista å konkludera i høve til dei empiriske funna mine. For kvar delproblemstilling oppsummerer eg i ein kortare tekst. Dette for å letta lesnaden på kryss og tvers i oppgåva.

Likskapar mellom ulike teoriar fører med seg noko gjentaking i drøftingsdelen. Dette vil eg freista å halda på eit minimum. Men det har og sine positive sider. Om eg får like svar ved hjelp av ulik teori er det med på å stadfesta at analysen er rett i høve til røyndommen.

²³² Punkt 1.2

²³³ Punkt 2.3

6.1 Drøfting og konklusjonar knytt til første delproblemstilling

«I kva grad og korleis vert burmesarar som deltek i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes, integrerte i og / eller segregerte frå andre kyrkjelege kontekstar? Kva tyder medlemskapen i Det Norske Baptistsamfunnet.»

6.1.1 Integrering og akkulturasjon

Tett samanveving med den norske kyrkjelege konteksten tyder på integrering, medan tett samanveving internt i kyrkjelege kontekst skal tyda på segregering. Samstundes er biletet meir komplisert.

Om ein då kort teljar opp, finner ein lite personleg og privat kontakt med etnisk norske knytt opp til arbeidet i kyrkjelyden. Det friviljuge arbeidet i IBC er berre for burmesarar, og mest for chin-burmesarar. Det er ingen norske deltakarar i IBC og ingen etnisk norske gjestar IBC utan invitasjon eller at det er planlagt på annan måte. Etnisitet deler såleis dei baptistiske kyrkjelydane i Sandnes og Gjesdal. Kyrkjelydsarbeidet er i IBC er i seg sjølv segregert.

At arbeidet er segregert treng samstundes ikkje å tyda at det berre er segregerende. Alle informantane melder at dei er med på dei gudstenestene som IBC har felles med norske kyrkjelydar. Dette inneber at dei deltek i gudstenester saman med norske ein til to gonger i halvåret. Om dei ikkje hadde vore aktiv i frivillig arbeid hadde dei truleg ikkje teke del i det heile. Felles gudstenester er teikn på integrering.

Minoriteten i IBC, som ikkje er chin-burmesarar, ser og ut til å vera integrert i det kyrkjelege arbeidet. Dei går fast til gudsteneste og er ein del av det støttande sosiale nettverket, som hjelper til med praktiske problem og gjeremål. Samstundes er det så at denne minoritetsgruppa har fleire koplingar til andre religiøse og etniske grupper. Det som går på språk i denne samanhengen vil det være naturleg å handsama under neste delproblemstilling.²³⁴ Under denne problemstillinga er det viktigast å merka seg at dei som sjølve er minoritet i IBC, gjennomgåande har langt fleire band til individ frå andre etniske grupper, både burmesiske og andre.

Den gruppa som har flest og sterkast band til det norske majoritetssamfunnet er ungdomsgruppa. To av tre informantar seier at dei deltek fast i kyrkjeleg arbeid i regi av den

²³⁴ Punkt 0

norskdominerte baptistkyrkja i Sandnes. Med fast meiner eg to til fire gonger i månaden. Den tredje informanten deltek og i slikt arbeid, men meir sporadisk.²³⁵

Særmerkt for denne gruppa er at dei har gått på skular som er dominerte av etnisk norske over fleire år. Skulen er ein felles sosialiseringsarena for alle som bur i Noreg, der etnisk norske er i fleirtal. Sjølv om dei starta i introduksjonsklassar saman med andre minoritetselevar, var dei frå fyrste dag ein del av eit skulesamfunn dominert av etnisk norske. Sjølv om den faglege læringa i desse klassane truleg ikkje er så veldig ulik norskopplæringa for vaksne innvandrarakar, er det stor skilnad i kontekst for klassane. Ungdommane gjekk på skular dominert av etnisk norske jamaldringar,²³⁶ som kan sjåast sosialiseringsagentar og moglege vener.²³⁷ Sjølv om informantane i ungdomsgruppa ikkje har sær mange etnisk norske vener, har dei klårt fleire vener som ikkje er burmesarar. Det kan sjå ut som om dei er integrerte i fleire nettverk, som er dominerte av fleire ulike etniske grupper. Ikkje berre i grupper med etnisk norsk eller burmesisk fleirtal.

Sjølv om intervjuguiden min ikkje spør etter det, rapporteter fleire informantar om at dei var aktive i etnisk norske kyrkjelydar føre dei vart med i IBC. Grunnen til at eg ikkje granskar dette utfyllande er at det er notida som er fokus for oppgåva. Om dei ikkje var like aktive i kyrkjeleg arbeid som dei er no, tok dei del i gudstenester fleire gonger om månaden. Denne endringa kan tolkast som eit skifte i akkulturasjonsstrategi. Ved å ta del i gudstenester på norsk, valde informantane ein strategi som på sikt ville ført med seg betre integrering på individnivå i ein kyrkjeleg kontekst. Ved å gå inn i IBC valde informantane ein strategi der segregering i kyrkjeleg kontekst vil vera ein meir naturleg konsekvens. Grunngevinga for dette valet er truleg ikkje medvitne tankar om mangelfull integrering. Chin-burmesarane seier at språk er eit viktig trekk ved gudstenesta, og dette vert difor handsama nærare under neste delproblemstilling.²³⁸

Frykta for marginalisering er truleg ein av grunnane til at chin-folket i Noreg vel akkulturasjonsstrategiar som fører med seg segregering. Tiam sin artikkel skildrar og ulike problem i diasporaen, som utruskap, skilsmål og manglande disiplin i den oppveksande

²³⁵ I gjennomsnitt rekna denne informanten med at han tek del i slikt arbeid ein gong i månaden.

²³⁶ Ingen av informantane kom til Noreg i barneskulealder

²³⁷ Det er truleg ein skilnad i sekundær- og primærsosialisering for denne gruppa. Dette er i noko grad drøfta vidare under punkt 2.2.2.1 og 6.3.3

²³⁸ Punkt 6.2.1

generasjonen.²³⁹ Ein av hans informantar hevdar at om ein misser sin eigen kultur, misser ein sitt patriotiske sinnelag.²⁴⁰ Vidare har Tiam funne frykt for assimilering.²⁴¹ Kort sagt fryktar chinfolk som bur i diasporaen at dei skal missa viktige delar av sin identitet og at dei difor vel akkulturasjonsstrategiar som fører med seg segregering. Den sterke trongen til å ta vare på viktige delar av eigen kultur ser ut til å fremja åtferd som fostrar strategiar for segregering på kostnad av strategiar som fremjar integrering. Alternativa til segregering, assimilasjon og marginalisering, ser og ut til å spela ei rolle. Segregering er trass alt betre.

Den aktive deltakinga i IBC kan og sjåast som ein vaksine mot akkulturasjonsstress. Etter år med undertrykking og gjerne år på flukt kan det vera vanskeleg å slå seg til rå i eit nytt heimland. Mykje er ulikt og kvardagen kan opplevast som kaotisk. Etnisk orienterte kyrkjelydar kan opplevast som ei trygg hamn, og for chilenske katolikkar har ein funne at religiøsiteteten har blitt revitalisert etter flytting til Sverige.²⁴² Eg har ikkje granska religiøs aktivitet før avreise til Noreg, men dei er utan tvil særskilt aktive i religiøs samanheng i Noreg.

- Den jamne chin-burmesar er sterkt segregert i kyrkjeleg kontekst. I dei høva dei møter kristne med anna etnisk opphav, gjer dei dette som samla flokk.
- Burmesarar med eit anna etnisk opphav enn chin er også sterkt segregerte i ein kyrkjeleg kontekst. Sjølv om dei oftare går til gudstenste i norskdominerte kyrkjelydar, har dei ikkje fleire kristne norske vener frå norskdominerte kyrkjelydar.
- Ungdomsgruppa er dei einaste som fast tek del i kyrkjeleg arbeid i miljø som er dominert av etnisk norske. Orsaka til dette er truleg sterk og tidleg sosialisering på skular som er dominert av etnisk norske.
- Om det ikkje hadde eksistert ein stor burmesisk baptistkyrkjelyd i Sandnes, hadde burmesarane truleg vore deltakar i norskdominerte baptistkyrkjer framleis.
- Opprettinga av den burmesiske kyrkjelyden er mellom anna grunngeve i behovet for å ta vare på og styrka eige språk.
- Informantane fryktar verre lagnader enn segregering. Dei ser på assimilering og marginalisering som verre utfall av akkulturasjonsprosessen.

²³⁹ (Tiam, 2010; 217)

²⁴⁰ (ibid)

²⁴¹ (Tiam, 2010; 216)

²⁴² Den svenske sosiologen Orlando Malla har granska dette i 1994 og er referert i min litteratur. (Loga, 2012; 67)

6.1.2 *Dei etablerte og outsiderane*

Drøftinga mi i høve til Elias tek for seg to tilhøve som er viktige for å skjønna korleis og kvifor immigrantkyrkjer vert skipa:

- Dei fyller roller som er viktige for å halda oppe ein kultur som er sett på som viktig for immigrantane.
- Dei skapar rom for eit samfunn i samfunnet der sosiale strukturar vert tekne vare på og utvikla vidare.

Før sjølve drøftinga er det naturleg å skildra samfunnet i Burma og den burmesiske diasporaen grundigare:

Trass i at chinfolket er det dominerande folkeslaget i sine delar av Burma opplever dei undertrykking frå sentrale styresmakter. Sjølv om Burma har gjennomført demokratiske reformer dei seinare åra kjem det stadig nye burmesarar til Noreg som rapporterer om lite fridom og vanskelege levekår. Visse unnatakslovar er fjerna, men det er framleis ein risikosport å samlast i grupper.²⁴³ Religiøse minoritetar er og under press frå det buddhistiske fleirtalet. Mellom anna er det krefter som jobbar for lovar som skal verna buddhismen gjennom mellom anna å forby giftarmål mellom personar av ulik religiøs oppfatning,²⁴⁴ og i noko grad har buddhismen fostra terror.²⁴⁵ Summen av undertrykking gjer truleg dårlege kår for dyrking av minoritetsidentitetar i Burma, og manglande fridom er ein av dei viktigaste grunnane for flukt til Noreg.

Under slike vilkår lever truleg delar av chin-kulturen under betre vilkår i diasporaen enn i Burma. Diasporaen er difor ein viktig resurs for eit folk som generelt lever under vanskelege kår. Mellom anna peiker Tiam på at chin-folket skipar kyrkjer og organisasjonar i diasporaen og at det her truleg vil veksa fram nye leiarar for folket.²⁴⁶ Mange ventar difor at diasporaen skal fostra nye generasjonar med leiarar, og då særleg mellom dei som tek høgare utdanning i

²⁴³ Framleis eksisterer den såkalla «seksjon 18» av ei lov frå 2011, som regulerer fredfulle protestar. «Seksjon 18» gjev i røynda styresmakten rett til å gripa inn i protestar på bestemte vilkår. Menneskerettsorganisasjonar hevdar at «seksjon 18» fører med seg at bestemte grupper har svakare rettar til å ytra meininga si enn andre. (Eleven media, 2013). Artikkelen handlar ikkje spesifikt om Chinfolket, men skildrar særleg vanskelege kår for etniske og religiøse minoritetar.

²⁴⁴ (Eleven media, 2013)

²⁴⁵ (Beech, 2013)

²⁴⁶ (Tiam, 2010; 211ff).

den fyrste verda.²⁴⁷ Diverre er det ofte så at desse høgt utdanna individa ikkje returnerer, og dei som vender heim, er oftast busett i nabolanda til Burma. Frå den vestlege verda reknar ein ikkje med at meir enn 35 % vil returnera.²⁴⁸ I mi gransking er det mange som er usikre på retur, men dei fleste ser det som mest truleg at dei vert buande i Noreg. Det er sær få som er sikre på at dei vil returnera. Mellom dei som drøymmer om retur, er Hlawnceu Ceu Mang. Han målberer og ei haldning om at livet i diasporane skal avla eit folk som vil returnera og bygga opp eit godt samfunn i Chinram.

Røyndommen i Burma er med andre ord prega av undertrykking, sjølv om chin-folket har ei viss rolle som etablert sosial gruppe i sin eigen provins. Manglande økonomiske og menneskelege resurser i heimlandet gjer og at diasporane, som mellom anna lever i Noreg, vert sett på som viktig. Rolla som outsider er truleg djupt rotfesta i generasjonar, både i Bura og diasporaen. I praksis vert det difor slik at dei bygger opp og vernar om ein kultur som for dei fleste berre vil vera ein røyndom i diasporan, og som dei aldri vil oppleva som ein fleirtalskultur der dei bur. På dette viset spelar kyrkjelyden ei rolle i å halda opp ein kultur, eit språk og ein felles røyndom.

Dei yngre informantane målbærer ein identitet som er særmerkt. Dei er sterkare integrert i det norske samfunnet i kraft av språk, jobb og utdanning, og banda til IBC er av ein annan karakter. Chin kultur står ikkje så sterkt, medan det religiøse aspektet er endå klårare. Dei ser på seg sjølv som ungdommar med eit særleg oppdrag. Sephen Mennell,²⁴⁹ som er sterk influert av Elias si forskning, konkluderte på ein konferanse i Dublin i 2009 med at: «There is a tendency for groups to talk up their we-identity and ascribe to themselves heroic and charismatic characteristics, which of course distinguishes them from other groups».²⁵⁰ Dette er ikkje en dum konklusjon i høve til delar av informantgruppa, og då særleg ungdomsgruppa. Chin-burmesarane har ei sterk sjølvkjensle, dei stolar på kvandre og særleg ungdomsgruppa har eit bilete av seg sjølv som heroiske bærarar av universelle verdiar. I høve til integrering og segregering kan denne situasjonen vera eit tviægga sverd. Som misjonærar søker dei til andre folkegrupper, men dei held seg og for seg sjølv for å verna om det særmerke som gjev dei kraft.

²⁴⁷ (Tiam, 2010; 214)

²⁴⁸ (Tiam, 2010; 215).

²⁴⁹ Sephen Mennell er professor i sosiologi ved University College Dublin. (University College Dublin, 2013)

²⁵⁰ (Mowles, 2009)

Det er og mogeleg å sjå IBC i ein større kontekst, Det Norske Baptistsamfunn i Sandnes og Gjesdal. I denne samanhengen er dei to andre kyrkjelydane utan tvil dei etablerte og den burmesiske kyrkjelyden er utan tvil outsidergruppa. Sjølv om det ikkje er mogeleg å finna negativ omtale av den burmesiske kyrkjelyden, vert det likevel ikkje lagt til rette for denne folkegruppa i kyrkjelydsarbeidet til dei etablerte kyrkjelydane. Hlawnceu Ceu Mang er anerkjend som pastor, men han mottok ikkje løn for dette. Den burmesiske kyrkjelyden disponerer ikkje lokaler hjå baptistkyrkja, sjølv om ein nyare engelsk kyrkjelyd har funne husvære der. I det heile ser det ut som om den burmesiske kyrkjelyden vert møtt med lite faktisk tilrettelegging og samarbeid.

I bergen fann Loga at måten det lokale foreningslivet var organisert var viktig for deltakinga. Norsk foreningsliv er formalisert og har eksistert i Noreg gjennom fleire generasjonar.²⁵¹ Dett sitt i ryggmargen til mange etnisk norske som deltek aktivt,²⁵² og kan godt samaliknast med den rolla dei viktigaste familiene hadde i Winston Parva. Loga peikar på at integrering i norsk foreningsliv er meir krevjande enn integrering i andre norske kontekstar.²⁵³ I tillegg til det reint sosiale kan det vera krevjande å finna fram i systema for tilskott og tilrettelegging frå det offentlege.²⁵⁴

Lite samarbeid og hjelp med tilrettelegging er ikkje det same som negativ omtale og lågare status. Det er meir eit teikn på at den burmesiske kyrkjelyden er av mindre relevans for etnisk norske kyrkjelydar. I Winston Parva var det berre dei frå dei gamle bydelane som vart tillitsvalde i organisasjonslivet.²⁵⁵ Det kan sjå ut som om burmesiske baptistar ikkje er uønska, men at det er betre at dei har fått sin eigen plass i sin eigen kyrkjelyd. Det at IBC fungerer godt på eigne bein er truleg ein av grunnane til at andre baptistkyrkjelydar ikkje involverer seg i denne. Det er heller ingen etnisk norske som kjem innom på gudstenester utan at det er lagt særleg til rette for dette. Outsider-kyrkjelyden får fungera på eigne premisser utan innblanding frå andre. Den framstår som ei sjølvstendig eining med sine eigne indre

²⁵¹ (Loga, 2011; 106)

²⁵² (ibid)

²⁵³ (ibid)

²⁵⁴ (Loga, 2011; 68)

²⁵⁵ (Elias & Scotman, 1999; 48)

strukturar.²⁵⁶ Det samanbeidet som går føre seg, ser ut til å være vel regulert utan at det har skapt særleg med relasjonar på det individuelle planet.

- Chin-folket er ei marginalisert gruppe, både i Burma og diasporaen. Sjølv i heimtraktene opplever dei undertrykking frå storsamfunnet. Det er lita von om at dette vil endra seg i nær framtid.
- Diasporanen spelar ei viktig rolle i utdanninga av folket. Frå leiande hald ynskjer ein å utrusta folket på ein måte som hjelper chin-folket i Burma.
- Ungdomsgruppa ser på seg sjølv som særleg viktige og bærarar av eit særleg oppdrag. Dei er outsidersar med ei sterk sjølvkjensle.
- Dei to norskdominerte kyrkjelydane i Sandnes og Gjesdal, ser ut til å fylle rolla etablerte i høve til IBC.
- Eg har ikkje avdekt at outsidergrupper vert negativ omtalt, men det vert heller ikkje lagt positivt til rette for dei.

6.1.3 *Kulturell kapital*

Habitus hos våre informantar har truleg fellestrekk med fleire gruppe som og kan finnast i lokalsamma i Sandnes og Gjesdal. Eit av funna mine er at det er likskapar mellom kvar informantane kjem frå i Burma og kvar dei etablerer seg i Noreg. Dei som er oppvaksne i urbane områder bur i Sandnes, medan dei som kjem frå landsbygda bur på Ålgård. For alle praktiske føremål skil ikkje tettstaden Ålgård seg frå bydelar i Sandnes. Ålgård har innpå 10000 innbyggjarar og godt over dette om me reknar med tettstaden Figgjo.²⁵⁷ Likevel er diskusjonen om bystatus for Ålgård nærast fråværande. Ålgård har identitet som bygd, Sandnes har identitet som by. Likskap i habitus mellom landsbygd i Burma og Noreg kan vera årsaka til at burmesarar som er oppvaksne på landsbygda i Burma søker til ein landkommune. Dette kan og vera svaret på at større tettstadar vert definerte som byar av informantar som er busette i Sandnes. Skilnadar i habitus mellom by og land er truleg så sterk at han vinn over delar av dei etniske skilnadane og legger føringar for busetnad og korleis ein definerer sin eigen bakgrunn. Kva effekt dette har på integrering og segregering er det vanskeleg å slutta

²⁵⁶ Dette vil drøfta nærare under punkt 6.2.3

²⁵⁷ Figgjo ligg i Sandnes kommune, men har vokse saman med Ålgård.

noko om med bakgrunn i datamaterialet, men at informatane vel å busetta seg i lokalsamfunn som har likskapar med det lokalsamfunnet dei kjem frå, ser ut til å vera ein del av biletet.

Religiøse samfunn er i seg sjølv sosiologiske felt med mange reglar og nedarva tradisjonar. Felta har sine habitusformer som på ulikt vis genererer skilde og skiljande handlingar.²⁵⁸ Ein burmesisk baptist tolkar Bibelen på ein særmerkt måte, han syng, snakkar, ber og kler seg på måtar som truleg er ulikt det ein finn i andre kyrkjесamfunn. Noko av dette er truleg felles for medlemmer i norske baptistkyrkjer medan andre ting er meir spesifikt for burmesarane. Slike haldningar kan spele ei rolle i å fremje felles forståing av den norske røyndommen, og på slikt vis bygga bru over etniske ulikskapar.

For alle praktiske føremål er Bibelen lik over heile vera. Inndelinga i bøker, kapittel og vers er lik i alle omsetjingar. Om berre tilvisingar vert gjort skiftleg eller tydeleg munnleg kan burmesarar busett i Noreg ta del i noko av forkynninga i norske kyrkjelydar. Kanaan-språket er dels internsjonalt, så ord som «Jesus», «amen» og «halleluja» vert truleg gått forstått av burmesarar som deltek i gudstenestefeiring. Tungetale på burmesisk og norsk har og den likskapen at dei er like lite forståeleg for dei som ikkje har «den rette tolkinga». Det er og fleire songar som har lik melodi og noko av songen i den baptsitiske kyrkjelyden er og på engelsk. Burmesisk baptistisk kristendom ein praksis med sosialt samvære etter gudstensta som kan samanliknast med norsk kyrkjekaffi.²⁵⁹ I sum er det snakk om eit heilt sett med kulturuttrykk der ein kan finna likskapar på tvers av etnisitet som er rotfesta djupt i identiteten til individa. Slik likskap kan fremja felles habitus eller gjera det lettare få augene opp for likskapar i habitus.

På den andre sida røper informantane at føremålet med ein eigen kyrkjelyd har dimensjonar utover det reint religiøse. Sakhong har i boka si skildra kor tett Chin identitet er vevd saman med kristendom og informantane rapporterer sjølv at Chin identitet er ein viktig grunn for deltaking.²⁶⁰ Rolla som kristendommen spelar som viktig identitetsmarkør i eit landskap der andre religionar er i fleirtal, har truleg konsekvensar for tilknyttinga til kyrkjelydar i Noreg. Det er her heimlandet sin kultur får bløma, og ikkje alle delane av denne

²⁵⁸ (Bourdieu, 1995: 37).

²⁵⁹ Faktisk var det fleire burmesiske informantar som nytta ordet kyrkjekaffi om samværet etter at gudstensta i den burmesiske kyrkjelyden var slutt.

²⁶⁰ (Sakhong, 2003)

kulturen er rotfesta i kristendommen. Språk, mat og tradisjonsklede er tydelege dømer på felt der habitusen er ulik norsk baptistisk kristendom. Sjølv om delar av forkynninga og songen kan forståast av informantane om dei går i norske kyrkjelydar, vil det og vera mykje som er uforståeleg. Mat og drikke på kyrkjekaffien vil er ulik.²⁶¹ Og om kvardagsklede kan vera like, er høgtidsklede truleg særskilt ulike. Om ein så går djupare vil ein truleg og finna skilnader mellom norsk og burmesisk kultur som kan gå på høflege tiltaleformer, moral, alkohol og syn på ekteskapet. Mellom anna rapporterer pastoren om at dei fleste ikkje drikk alkohol og at skilsmål nærast er heilt fråværande. Slike haldningar er ikkje uvanlege i norsk religiøsitet, men graden er truleg ulik. Det er med andre ord fleire moment som gjer den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes til eit eige habitusfelt med sine egne markørar for kva som høveleg og ikkje høveleg for dei einskilde individa.

Bourdieu peikar og på lukkningsstrategiar, der t.d. frie merknadar i røynda ikkje er så frie som ein skulle tru. Der ein i teologiske termer snakkar om likverd og kriste systre og brør er det og saker som er avgjorde ved stilletiande konsensus,²⁶² som gjer det vanskeleg å verta ein integrert del av eit nytt samfunn og som styrkar banda innanfor. I granskinga mi har og informantane rapportert om sterk tillit innafør gruppa. Dette kan og tolkast som lukkningsstrategiar og teikn på segregering.

Borna si deltaking i kyrkjelyden er særskilt viktig for informantane. Desse tek del i gudstenestlivet og barnarbeidet er sterkt prioritert med sundagsskule som viktigaste aktivitet.²⁶³ Hlawnceu Ceu Mang hevdar at det å formidle chin-burmesisk kultur og språk vidare til borna er særskilt viktig for kyrkjelyden. Ein konsekvens av denne haldninga er at borna vert sterkt sosialiserte som kristne burmesarar i tillegg til at foreldra ynskjer at dei skal ta sterkare del i det norske samfunnet. I seg sjølv er ikkje ei slik dobbel sosialisering til hinder for god integrering av nye generasjonar. Men det kan vera problematisk om borna over tid ikkje får ta del i aktivitetar saman med den norske majoriteten, av di kyrkjelyden legg band på for mykje av fritida deira. Om sosialiseringa saman med den norske majoriteten manglar kan dette føra med seg svak kulturell kapital går i arv til neste generasjon.

²⁶¹ Ikkje minst av di ein i Asia er van med varm lønsj.

²⁶² (Bourdieu, 1995: 19) Her i eit forord av Dag Østerberg.

²⁶³ Det er 330 born som deltek i dette på landsbasis og 32 born som deltek i IBC, jamfør Tabell 1

Jill Loga har funne fram til liknande mønster i ein katolsk kyrkjelyd i Bergen. Ho skildrar kyrkjelyden som eit samfunn i samfunnet.²⁶⁴ Kyrkjelyden i Bergen hadde eit tilbod nærast frå vogge til grav og den var ikkje lenger ein møteplass for fleirtalet i bydelen.²⁶⁵ Den katolske kyrkjelyden i Bergen er mykje større enn IBC og driv mellom anna eigen skule og eit større utval av fritidsaktivitetar.²⁶⁶ IBC sitt arbeid er ikkje så omfattande, men både kyrkjelydar bygger truleg diasporaidentitetar. Desse er sosiale og internasjonale nettverk som kan vera vel så viktige som tilknytninga til lokalsamfunnet.²⁶⁷ Hlawnceu Ceu Mang sine verv på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå kan stå som eit bilete på dette.²⁶⁸

- Informantane busett seg i lokalsamfunn som har likskapar med lokalsamfunna dei kjem frå. Dette kan tolkast som ein strategi for å fremje integrering.
- Det er lite samhandling mellom etnisk norske og etnisk burmesiske baptistar. Dette hindrar utveksling av kulturell kapital, sjølv om det truleg ikkje er så stor faktisk skilnadar i kva verdiar desse habitusane byggjer på.
- Foreldra ynskjer og at borna skal ta fullt del i burmesisk kultur, språk og kyrkjeliv. Dei ser på dette som verdifullt. Borna må sosialisera slik at dei får ein kulturell kapital som høver seg for ein kristen burmesar.

6.1.4 Sosial kapital

Tilhøyrsløse til same religion kan og gjera integrering lettare med omsyn til sosial kapital. Tidlegare har eg peika på samanbindande generalisert tillit som ein mogeleg positiv faktor for integrering.²⁶⁹ Difor spurde eg og om tillit til medlemmer av same kyrkjesamfunn i samtalane med informatane. Utan unnatak rapporterte alle om særleg høg grad av tillit til medlemmer av IBC, og fleire snakkar om alle desse som nære vener. Samstundes er det ingen som ser på norske baptistar som ein del av same kyrkjelyd, og skilnaden i tillit til etnisk norske i høve til

²⁶⁴ (Loga, 2011; 126) og referert i (Loga, 2012; 72)

²⁶⁵ (ibid)

²⁶⁶ (Loga, 2012; 72), Den katolske kyrkja i Bergen representerer mellom 4000 og 8 000 katolikkar, alt etter korleis ein tel (Loga, 2011; 124)

²⁶⁷ (Loga, 2011; 126)

²⁶⁸ Hlawnceu Ceu Mang sin koplingar er presentert under punkt 1.4.1

²⁶⁹ Punkt 2.2.5.2

medlemmer av eiga folkegruppe er stor.²⁷⁰ Den faktiske organisatoriske samanbindinga ser ikkje ut til å skapa auka tillit til etnisk norske baptistar.²⁷¹

På den andre sida melder nokre informantar om at norske kristne ikkje er like brennande kristne som dei, og to av dei i ungdomsgruppa melder om at dei ynskjer å jobba aktivt for å breia ut evangeliet i Noreg. Det er heller ikkje så at informantar som har faste samband med etnisk norske, så som dei i Gjesdal,²⁷² rapportar om høgare tillit til etnisk norske på meir generell basis. Samanbindinga som ein skulle tru låg i det organisatoriske, ser ikkje ut til å vera med på å skapa auka tillit til andre etniske grupper hjå informatane i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes.

Vidare er det så at ulikskapar, i det minste på kort sikt, får fram skjelpadda i oss alle.²⁷³ Trass i felles religiøs ståstad er det store ulikskaper mellom etnisk norske og burmesar, ulikskapar som kan hindra kommunikasjon og fostra meir lukka grupper og individ. Putnam peikar sjølv på dette i tidsskriftartikkelen sin, og seier at konfliktteori støyr ein tanke om at solidaritet innafor gruppa fostrar samanbindande sosial kapital²⁷⁴ og aukar etnosentrismen.²⁷⁵ Ei slik skildring høver godt for gruppa vår, men ein kan neppe snakka om opne konfliktrar mellom kyrkjelydane. Putnam peikar i same artikkel på at mange amerikanarar ikkje er komfortable med ulikskapar,²⁷⁶ og dette gjeld truleg og i noko grad for etnisk norske. Dei samanbindande kreftene som rår, ser ut til å vera sterkare innanfor vår etniske gruppe enn kva dei er innanfor Det Norske Baptistsamfunn som heilskap. På kort sikt hular dette ut den sosiale kapitalen, men på lengre sikt kan nye former for sosial kapital og tillit veksa fram.²⁷⁷

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor publiserte i 2010 to rapportar der minoritetar si deltaking i frivillig arbeid er viktige delar av tematikken. Rapporten til Eimhjellen og Segard stadfestar at ikkje-vestlege innvandrar er klårt meir aktive i religions-

²⁷⁰ Sjå Tabell 6

²⁷¹ Manglande tillit til andre ser ut til å vera typisk for personar med ikkje-vestleg bakgrunn. (Eimhjellen & Segard, 2010; 46)

²⁷² Sjå punkt 5.2.3

²⁷³ (Putnam, 2007; 151).

²⁷⁴ Jamfør den sterke tilliten til dei innanfor kyrkjelyden uttrykt i mellom anna Tabell 6

²⁷⁵ (Putnam, 2007; 144)

²⁷⁶ (Putnam, 2007; 158)

²⁷⁷ (Putnam, 2007; 138f)

og livssynsorganisasjonar enn dei med vestleg bakgrunn.²⁷⁸ Dette høver godt med funna våre, og burmesarane sin oppslutnad om kyrkjeleg arbeid er truleg langt høgare enn 12 %.²⁷⁹ Same rapport granskar og ulike grunngevingar for å ta del i frivillig arbeid, og eit særmerke for den ikkje-vestlege gruppa er at dei rapportar om høgare sosialt press for deltaking enn den vestlege gruppa, 25 % mot 13 %.²⁸⁰ For chin-burmesarar er deltakinga i IBC truleg særst stor, og tilnærma 100 %. Om ein så vel å ikkje vera med i dette arbeidet, kan det tenkjast at ein opplever sosialt press. Med så stor oppslutnad kan det godt tenkjast at det er nærast sjølvstøtt å vera ein del av kyrkjelyden, og at det ikkje vert opplevd som press.

Eimhjellen & Seggaard viser til Paxton 2002; 259,²⁸¹ som hevdar at within-group solidaritet kan fremja eksisterande sosiale, politiske og kulturelle ulikskapar mellom dei to gruppene.²⁸² Overskridane sosial kapital kan stå i kontrast og motsetnad til dette. Funna mine kan i hovudsak tolkast i retning av Paxton sin posisjon. Samhandlinga og samhaldet er sterkt innanfor gruppa, og informantane syner liten tillit til dei som er utanfor. Målingane av overskridande sosial kapital syner låge verdiar.²⁸³ Dette låge tillitsnivået samsvarer med funna i Eimhjellen & Seggaard sin rapport: «De med ikkje-vestlig bakgrunn stoler mindre på andre mennesker».²⁸⁴ I endå sterkare grad ser det ut som om bakgrunn frå Asia, gjev ekstra låg tillit.²⁸⁵ Kva som er skuld i dette, er vanskeleg å seia i ein rapport som omhandlar ei særst mangfaldig gruppe av informantar frå heile «ikkje-vesten». Påstanden om at informantane deira generelt kjem frå land med låg sosial tillit kan vera eit langskot, men rimeleg tenkbar for vår meir homogene gruppe.²⁸⁶ Mange gjev opp manglande politisk fridom som viktigaste orsak for flukt, og Burma er langt frå eit demokrati der ordskiftet blømer fritt og uhindra. Å vita kven ein kan stola på har truleg vore viktig i Burma, og det å stola på alle har truleg vore direkte farleg.

²⁷⁸ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 18)

²⁷⁹ Særleg gjeld dette chin-burmesarane.

²⁸⁰ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 40)

²⁸¹ Pamela Paxton er professor i sosiologi ved Universitetet i Austin, Texas, USA. Ho har doktorgrad i sosiologi frå 1998, der tematikken var sosial kapital. (University of Austin, Texas, 2013)

²⁸² (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 43)

²⁸³ Tabell 6 Tillit til ulike grupper på ein skala frå ein til ti.

²⁸⁴ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 46)

²⁸⁵ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 49)

²⁸⁶ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 47)

Den andre rapporten frå senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor i 2010 handlar om «frivillige organisasjonar, sosial utjamning og inkludering».²⁸⁷ Frå denne rapporten sluttar Wollebæk & Seggaard på same viset som dei gjer i boka si frå 2011: Levekårsgranskningar syner at minoritetsgruppene ikkje har ein einaste ven utan minoritetsbakgrunn og at dei i mykje mindre grad enn majoritetsbefolkninga er medlemmer og aktive i frivillige organisasjonar.²⁸⁸ Desse spora av segregering stemmer med mine funn. Dei fleste har utelukkande vener frå same gruppe. Nokre har vener frå andre innvandrargrupper, men det er få som rapporterer om vener som er etnisk norske. Men det stemmer ikkje at burmesarane ikkje er aktive i friviljug arbeid. Dei er særst aktive, men berre i organisasjonar der dei sjølve er i majoritet. Det er berre i ungdomsgruppa dei er aktive i organisasjonar som er dominert av etnisk norske.

- Det er ikkje funne teikn på at burmesiske baptistar har særleg sterk overskridande sosial tillit til norske baptistar.
- Det er lite faktisk samhandling på individnivå mellom etnisk norske og etnisk burmesiske baptistar.
- Andre ganskningar har funne fram til at låg tillit er typisk for asiatar. Dette ser og ut til å gjelda for vår gruppe.
- Det er eit typisk trekk at ikkje-vestlege innvandrarakar er deltakarar i trus- og livssynsorganisasjonar.
- Burmesarane er særst aktive i friviljug arbeid der dei sjølve er i majoritet.

6.1.5 *Globalisering*

Globaliseringsprosessar verkar og inn på korleis integrering og segregering går føre seg. Samanveving kan mellom anna sjåast som eit uttrykk for integrering, men er ikkje berre det. Å sjå ein fotballkamp saman med ein ven frå ein annan kultur kan sjåast som integrering medan det å senda pengar til heimlandet ikkje er integrering. I vår samanheng er det ingen informantar som fortel at dei er aktive i organisasjonar som ikkje er religiøse, og ingen som fortel at dei har fast sosial omgang med etnisk norske på grunnlag av felles interesser utanom det

²⁸⁷ (Enjolras & Wollebæk, 2010)

²⁸⁸ (Wollebæk & Seggaard, 2011; 43)

religiøse.²⁸⁹ Det er ikkje det at dei ikkje er opptekne av fotball og slik, men dei deler ikkje slike opplevingar med etnisk norske.

Den deltakinga dei ser ut til å ha med etnisk norske i organiserte fritidssysler ser ut til å følgja det som er sedvane i kyrkjelyden. Det er og på det reine at informantane drar nytte av billige telefonsamtalar og overfører pengar til Burma. Hlawnceu Ceu Mang melder og om at det er vanleg å senda pengar til familie i Burma. Liknande opplysningar er han og sitert på i Tiam sin artikkel.²⁹⁰ Det punktet samanvevinga ser ut til å vera sterkast på er i samband med kulturuttrykk i gudstenesta. Ein stor del, godt over halvparten, av songane er engelske eller songar som er omsett frå engelsk. Desse har dei felles med mange andre land og nasjonalitetar, også dei norske. At dette aspektet ved globaliseringa kan har ein inkluderande effekt har eg peikt på tidlegare. I vår samanheng er det viktigast å konkludera med at samanvevinga avgrensar seg til bestemte felt, og ikkje er så generell som Eriksen skildrar.²⁹¹ Sett i eit globaliseringsperspektiv har burmesarane eit klårt potensiale for samanveving og integrering gjennom si sterke deltaking i organisasjonslivet.

Om ei side av segregering handlar om fråkopling frå det etnisk norske samfunnet, handlar den andre side ved segregering om eit tett indre nettverk. Tidlegare har eg og peikt på kor viktig kristendommen er for chin-burmesisk kultur,²⁹² og at denne tette samanvevinga truleg har fostra ein form for kristen identitet som skil seg frå norsk baptistisk kristendom. Ikkje i kraft av teologiske skilje, men av di kristendommen står for noko meir enn det reint teologiske. Samhaldet i IBC bind saman ikkje berre ei religiøs gruppe, men og ei etnisk gruppe med få andre identitetsmarkørar enn kyrkjefellesskapet. Ein vanleg norsk baptistkyrkjelyd kan truleg ikkje fylle den same rolla som IBC fyller.

Mobilitet resulterer mellom anna i bindestreknasjonalisme. Informantane våre har flytta langt både fysisk, materielt og kulturelt. Gjennomgåande rapporterer alle om at dei saknar noko av livet i Burma, familien sin der og at dei ynskjer å reise attende på besøk eller permanent. Fleirtalet har eit ynskje om å bli buande i Noreg, men dette har andre grunngevingar. Det klåre fleirtaler synest dette er viktigast av omsyn til borna sine

²⁸⁹ Som særleg gjeld for ungdomsgruppa og til dels for informantane med anna etnisk opphav enn chin.

²⁹⁰ (Tiam, 2010; 213) namnet står i fotnote 39, men er stava anleis.

²⁹¹ (Eriksen, 2008; 90ff)

²⁹² Punkt 2.1.1

framtidutsikter. Dei er og takksame for den tryggleiken dei opplever i Noreg. Heimlengeten er emosjonelt grunngeve medan ynskje om å slå rot i Noreg er meir rasjonelt grunngeve. Med andre ord er det slik at burmesarane i liten grad gjer norske tradisjonar og kulturuttrykk til sine egne. I staden tilpassar det praktiske dagliglivet og hegnar om sin opphavlege kultur gjennom deltaking i ein kyrkjelyd som og har som mål å styrka individa sin kjennskap og praksis i opphavelge kultur. Denne ulikskapen i tilknytning er hemmande for kulturell integrering og fremjar snarare kulturell segregering. I vårt tilfelle er det difor slik at norsk-burmesaren har to identitetar med særlikt ulike valør, som utviklar seg på ulike arenaer og nivå i tanke og praktisk handling. Seier ein det på ein annan måte kan det sjå ut som om burmesarane har ein form for turistperspektiv på det norske samfunnet. Dei lever i det og tilpassar seg i det daglege, men av di dei har så sterk tilknytning til sin opphavlege kultur, vert dei ikkje integrert i det norske samfunnet på eit djupare nivå.

- Samanveving er truleg årsak til visse felles interesser og likskap i kulturuttrykk som t.d. song. Denne samanvevinga ser ikkje ut til å ha fostra kontakt og samhandling på individnivå mellom baptistar i den burmesiske kyrkjelyden og den norske kyrkjelyden.
- Sjølv om burmesarane er fråkopla røyndommen i Burma i kraft av at dei har flytta frå militærdiktaturet, er ikkje kulturen deira vevd saman med norsk baptistisk kultur. Kyrkjelydane lever side om side utan særleg mange og sterke kontaktpunkt på individnivå.

6.1.6 *Oppsummering av drøftingar knytt til første delproblemstilling*

Så langt kan ein slutta at det er klare teikn på segregering for gruppa vår og at dette er i tråd med kva andre forskarar har funne.²⁹³ Manglande overskridande sosial kapital og sterk samanbindande sosial kapital er og teikn på segregeringsprosessar. I høve til akkulturasjonsteori og delproblemstillinga vår kan ein så langt slutta at segregering står minst like sentralt som integrering for gruppa vår, og at integreringa difor er mangelfull.

²⁹³ Jill Loga viser mellom anna til ein større komparativ studie frå Sverige. Sosiologen Orlando Malla har granska muslimar, katolikkar og ortodokse kristne. Han finn at deltaking i etnisk segregerte trussamfunn kan vera segregerende og fremja sosial isolasjon. (Loga, 2012; 74)

Segregeringa er mest utforska i høve til kristenliv i mine granskingar, og det er i desse samanhengane den chin-burmesiske identiteten ser ut til å bløma mest fritt. Det store fleirtalet av informantar meiner kyrkjelyden er viktig for å ta vare på kulturen og identiteten deira. Baptistisk kristendom er vevd saman med chinspråk og –kultur. Kombinasjonen av religion, språk og kultur er sterkt samanbindande for gruppa, og difor viktig for individa. Dette gjer det naturleg å reise spørsmålet om det like mykje er chin-burmesarane si interesse for eige språk, kultur og identitet som fostrar segregering, som det er fleirtalssamfunnet si manglande interesse som er årsak til dei klåre segregeringstendensane.

Det kan sjå ut som om baptistisk kristendom er svært viktig for informantane våre, men at baptistisk kristendom saman med chinspråk og –kultur er endå viktigare.

6.2 Drøfting og konklusjonar knytt til andre delproblemstilling

«I kva grad og korleis kan det vere ynskja at kyrkjelyden fungerer som ein etnisk segregert kyrkjelyd? I kva grad og korleis opplever medlemmene segregeringa som pregar kyrkjelyden som hemmande eller tenleg for livet i kyrkjelyden? Kva rolle spelar kulturen og språket i denne samanhengen?»

Konteksten er framleis kyrkjelivet. Sjølv om dette med språk kjem sist i denne delproblemstillinga, vil det vera naturleg å drøfte denne fyrst. Dels av di eg har vist til språk tidlegare i drøftinga, og at det difor er på høg tid at dette kjem med. Men og av di språk er ein tilleggsfaktor, som bør vegast saman med resten av teoristoffet. Kulturell kapital er ikkje drøfta under eige punkt under denne problemstillinga. Boudieu sine teoriar er allereie utfyllande drøfta i denne konteksten under førre problemstilling.²⁹⁴

6.2.1 Språk som avgjerande faktor

I vår samanheng har problematikken knytt opp til språk to hovudssider:²⁹⁵

- Burmesarane som språkleg minoritet i Noreg.
- Andre burmesiske folkegrupper som språkleg minoritet i høve til det chin-burmesiske fleirtalet.

²⁹⁴ Punkt 6.1.3

²⁹⁵ Liknande problemstillingar, med anna fokus enn berre det språklege er mellom anna drøfta under punkt 6.1.2

Reint faktisk er samanhengen den at chin-burmesisk er dominerande språk i kyrkjelyden, og på det viset har chin-burmesarar eit fullverdig kyrkjeleg tilbod på eige språk. For andre burmesiske minoritetar i Sandnes og Gjesdal er tilhøvet annleis. Alle burmesarar er språklege minoritetar i høve til det norske majoritetssamfunnet.

Under handsaminga av førre delproblemstilling kom det mellom anna fram at språkleg ulikskap var den viktigaste grunngevinga for at dei lokale baptistkyrkjelydane aksepterte og oppmuntra skipinga av den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes. Grunngevinga om å ta vare på chin-burmesisk språk var og viktig for dei som starta opp kyrkjelyden. Framleis er det å ta vare på eige språk viktig for chin-burmesarane. Særleg gjeld dette borna og søndagskulearbeidet.²⁹⁶

Omsyn til manglande språkleg meistring i fleirtalssamfunnet og viljen til å halda oppe eige språk er i seg sjølv ikkje eksplisitt til stades i dei teoriane som eg i hovudsak drar nytte av. Språkleg dugleik ligg meir som vilkår for annan teori. Det er eit viktig vilkår for samhandling mellom menneskjer. Om ein ikkje kan kommunisera på praktisk vis med menneskjer i lokalsamfunnet, er det i røynda vanskeleg å ta del i den samhandlinga som fører med seg at ein vert ein integrert del at det same lokalsamfunnet. Kroppsspråk, tolking og omsetjing kan bøta på noko, men verbal kommunikasjon på like fot med fleirtalet er truleg ein avgjerande faktor for faktisk integrering.²⁹⁷

I mi undersøking har eg funne at ungdomsgruppa, som har gått lengst på norske skule, er den gruppa som har flest og sterkast band til andre etniske grupper. I kommunikasjonen med individ utanfor si eiga etniske gruppe nyttar alle informantane det norske fleirtalsspråket. Ungdomsgruppa er dei som er flinkast i norsk. Banda til andre etniske minoritetar i Noreg har truleg oppstått i innføringsklassane, der dei har starta sine akkulturasjonsprosessar i ei etnisk blanda gruppe. I røynda har vaksengruppa hatt ein liknande start i introprogrammet. På skulebenken har dei vaksne og møtt mange andre i same situasjon, men tida på skulebenken har vore mykje kortare for dei fleste vaksne. Etter ei tid har dei fleste vaksne fått praksisplass og starta i løna arbeid. Somme etter berre eit år, men ingen etter lengre enn tre år. Sandnes

²⁹⁶ Hlawnceu Ceu Mang opplyser mellom anna at dei er på jakt etter ein samarbeidspartnar som kan hjelpa til med utgjevinga av ein barnebibel på chin-burmesisk.

²⁹⁷ NAV sitt introprogram handlar for ein stor del om norskopplæring. Dette kan sjåast som eit uttrykk for kor sentralt språkleg dugleik står i integreringsarbeidet. (VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansopolitikk, 2013)

kommune har ei grense på to år.²⁹⁸ For ungdommane er røyndommen ein annan. Dei har i mykje sterkare grad nytta norsk språk som instrument for læring i andre fag. Reint konkret kan det nemnast at samfunnsfag for vaksne innvandrarar skal lærast på opphavleg morsmål,²⁹⁹ medan ungdomsgruppa har lært faget i ordnære norske klassar på norsk. Slik skilnad i læring har innverknad på korleis og kor godt ein lærer stoffet. Men endå viktigare er læringsfellesskapet som går føre seg i norske klasserom. Ulike former for gruppearbeid og felles arbeid i klassar krev norskkunnskapar på eit høgare nivå enn det som er vanleg å krevja i den type arbeid dei fleste burmesiske informantane har.³⁰⁰

Informantane som ikkje har chin som morsmål ser og ut til å ha eit betre og tettare samband med andre etniske grupper. I kyrkjeleg samanheng forstår dei ikkje så mykje meir av forkynninga på chin enn kva dei forstår på norsk. Sjølv om dei kan kommunisere med andre burmesarar på det felles burmesiske språket,³⁰¹ er chinspråket uforståeleg for dei fleste som ikkje er chin. To av informantane i denne gruppa seier at dei har like stort åndeleg utbytte av gudstenester på norsk, som dei har av gudstenester på chin. Informantane i denne gruppa trekker fram tilknytning til både Burma og kristentru som viktig for deltaking i den burmesiske kyrkjelyden og legger mindre vekt på det som har med språk og kultur å gjera. Då språk og kultur er så viktig for arbeidet i kyrkjelyden, kjenner dei sig mindre knytt opp til arbeidet og søker difor samvær med andre grupper i sterkare grad. Kyrkjelyden fungerer mindre segregerande for denne gruppa.

- Språk har vore eit av dei viktigaste argumenta for skipinga av den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes.
- Ungdomsgruppa er flinkast i norsk språk og nyttar norsk som reiskap i anna læring. Denne gruppa har flest og sterkast samband til fleirtalssamfunnet og til andre etniske minoritetar.

²⁹⁸ (Sandnes kommune - flyktningeenheten, 2011)

²⁹⁹ (VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, 2013; 4)

³⁰⁰ Ingen av informantane, utanom læraren, har arbeid som stiller særlege krav til norskkunnskapar. Det vanlege er å jobba i industrien med oppgåvar som ikkje stiller krav til utdanning.

³⁰¹ Burma har eit fleirtalsspråk, med røter i Rangoon. Det dominerer i statsapparatet, og vert difor lært som andrespråk av alle burmesarar som ikkje har dette som fyrstespråk. (Munnleg informasjon frå Hlawnceu Ceu Mang, som og er stadfesta av søk på snl.no og Wikipedia.com)

- Informantane som kjem frå andre etniske minoritetar i Burma har og fleire og sterkare samband til fleirtalssamfunnet og andre etniske minoritetar. Chin språk og kultur betyr mindre for desse og dei legg meir vekt på felles opphav i Burma og det reint religiøse.

6.2.2 Integrering og akkulturasjon

Ungdomsgruppa står fram som den svakast segregerte gruppa. Denne gruppa har og sterkast kompetanse i norsk språk. Eit anna kjennemerke er at dei ser på seg sjølve som kristne på ein annan måte enn resten av kyrkjelyden. Dei tek del i aktivitetar som er dominerte av andre etniske grupper i mykje sterkare grad enn foreldra.

Det er likevel ikkje så at dei fullt ut tek del i norskdominerte kyrkjelydar. Dei ser ut til å ha eit like sterkt engasjement i IBC. Kort sagt vel dei både integrering og segregering som akkulturasjonsstrategi. Som aktive ungdommar ser dette ut til å gå greitt og dei får tid til mykje. Om dei i vaksen alder må gjera val av omsyn til tidsbruk vil framtida syne. I det heile verkar dei nøgde med tilværet og ser på seg sjølve som ein form for hybridar.³⁰² Dei er annleis enn foreldregruppa og kjenner på misjonskallet. Samstundes er dei trufaste mot arbeidet i IBC.

Informantane med anna morsmål enn chin vel deltaking i fleire kyrkjelydar, men er ikkje like aktive som ungdomsgruppa. Dei kan ikkje seiast å ha fullgod språkleg dugleik og kulturell kompetanse for full deltaking i nokon kyrkjelyd i Sandnes eller Gjesdal. Den Burmesiske kyrkjelyden reknar desse som medlemmar, men språk og kultur ser ut til å vera eit hinder for full deltaking. Dei seier at dei går til norske gudstenester for å få eit norsk nettverk. Slik deltaking er verdifullt og vil truleg hjelpa til med integrering i fleire kontekstar. For chin-burmesarar ville dette og vera ein god strategi for integrering, men dei ser ut til å vera meir bundne til IBC. Manglande tilknytning til chin språk og kultur ser ut til å setta informantane med anna etnisk opphav i ein friare posisjon som gjer at dei lettare kan ta del i arbeidet i andre kyrkjelydar.

For den typiske chin-burmesiske informanten ser det ut som om segregering er ein god strategi for å halda på språk og kultur som er viktig for informaten sjølv. Vaksne informantar

³⁰² Meir om dette seinare under punkt 6.2.5

ser det som viktig at borna får del i chin-burmesisk kultur og lærer språket skikkeleg. I ein kyrkjelyd dominert av etnisk norske ville dette truleg vore vanskeleg å få til i same grad. Kyrkjelyden er som eit kinderegg, det tener tre føremål: kristentru, chin språk og chin kultur. Det er truleg vanskeleg å finna tid og krefter til deltaking i andre kyrkjelydar.

- Ungdomsgruppa er aktive i fleire kyrkjelege samanhengar i tillegg til den burmesiske. Dei er særskild aktive og vel både integrering og segregering som akkulturasjonsstrategi.
- Den burmesiske kyrkjelyden fyller ikkje like mange behov for informatane med anna etnisk opphav enn chin. Dei ser ut til å ha ei lausare tilknytning til kyrkjelyden, og går ikkje like trufast til gudsteneste i IBC. Dette ser ut til å gje rom for sterkare deltaking i kyrkjelydar som er dominerte av etnisk norske. Deira deltaking i andre kyrkjelydar er ein medviten strategi for integrering.
- Segregering er ein ynskja strategi for å betre ta vare på eigen kultur og eige språk. Vaksne informantar prioriterer ikkje deltaking i andre kyrkjelydar på same viset som ungdomsgruppa. Dei har truleg mindre tid og krefter til dette.

6.2.3 *Dei etablerte og outsiderane*

Mine granskingar er på langt nær så omfattande som Elias sine granskingar av pseudosamfunnet Winston Parva. Mellom anna har eg ikkje granska den norske konteksten på ein måte som gjer det mogeleg å samanlikne desse to ulike gruppene på ein forsvarleg måte. Men til ein viss grad er det mogeleg å sjå på grupper internt i det burmesiske miljøet. Det er ei gruppe med høgare utdanning, som kan ha rolla som «sone 1», og det er eit etniske mindretal, som kan ha rolla som «sone 3». Fleirtalet, som er Chin og har låg utdanning, vert då «sone 2». Teoretisk sett skal dei *etablerte* då vera Chin-burmesarar og *outsiderane* vera det etniske mindretalet. Der Elias skil geografisk, skil eg etter etniske grenser. Både eg og Elias skil på utdanning.

Hlawnceu Ceu Mang er utan tvil den leiande figuren i kyrkjelyden. Ei chin-burmesisk dame som jobbar som to-språkleg lærar i Sandnes reknar eg og som ein utdanna elite i miljøet. Hlawnceu Ceu Mang er mellom dei som tener minst og merkar seg ikkje ut med finare klede eller egedelar. Han tek framleis imot trygd i introprogrammet. Det same gjeld læraren som jobbar deltid i ei mellombels stilling.

Når det gjeld informantane med anna etnisk opphav enn chin er dei faktiske tilhøva annleis. Dei er ikkje så nært knytt opp til kyrkjelyden. I mine granskingar har det ikkje vore mogeleg å registrera direkte negative haldningar mellom desse gruppene. Frå høgste hald i kyrkjelyden er haldninga til andre kristne burmesiske folkegrupper positiv. Hlawnceu Ceu Mang fortel at ofte vitjar karen-burmesarar og ber saman med dei. Samstundes er han klår på at desse ikkje har same utbytte av gudstenesta, då dei snakkar eit anna språk. Det kan sjå ut som om det er akseptert at desse er mindre aktive i kyrkjelyden. Det er større rom for deltaking i andre kyrkjelydar for desse.³⁰³

Samstundes er dei etniske minoritetane i gruppa utan tvil outsiderar etter Elias sine teoriar. Manglande språk og skilnadar i kultur,³⁰⁴ gjer det vanskeleg for desse å lukkast og få leiande roller i den burmesiske kyrkjelyden. Sjølv om dei ikkje vert avviste, vert det heller ikkje lagt særleg til rette for denne gruppa i gudstenestelivet. Det at dei lettare søker til gudstenester på norsk er og eit teikn på dei ikkje heilt finner seg til rette i IBC.

- Alle chin-burmesarar, utan omsyn til utdanning og posisjon, ser ut til å ha rolla *etablerte* i den burmesiske kyrkjelyden.
- Burmesarar med anna etnisk opphav enn chin, ser ut til å spela rolla som *outsiderar*.
- Språk vert sett på som viktigaste skiljemerke mellom gruppene.
- Eg har ikkje avdekt at outsidergruppa vert negativ omtalt, men det vert heller ikkje lagt positivt til rette for dei i gudstenestelivet.

6.2.4 Sosial kapital

Faste møteplassar med majoritetssamfunnet er viktige verkemiddel for å oppnå integrering. Det norske samfunnet er kalla for eit organisasjonssamfunn,³⁰⁵ og innvandrarar er mykje mindre aktive og har færre tillitsverv enn den etnisk norske majoriteten.³⁰⁶ Med Burmesarane er det motsett, alle tek del i samlingar og dei delar på ansvaret for ulike oppgåver. Dette gjer

³⁰³ Dette drøfta eg under punkt 6.2.2

³⁰⁴ Kva dei konkrete kulturelle skilnadane faktisk er og kor store dei er har eg ikkje lagt særleg arbeid ned i å avdekka. Det er heller ikkje avgjerande for konklusjonane vidare. Viktigast er det at det ikkje er mogeleg å forstå dei ulike språka innbyrdes og eit anna kulturelt og geografisk opphav.

³⁰⁵ (Wollebæk & Segard , 2011; 55)

³⁰⁶ (Wollebæk & Segard , 2011; 43)

dei innafør ein moderorganisasjon som er godt rotfesta i det norske samfunnet og som kan ha sterk lokal gjennomslagskraft på t.d. Ålgård.³⁰⁷ Deltaking i kyrkjelydsarbeid ser ut til å vera viktig for kristne burmesarar. Som folkegruppe har dei sterke koplingar til ein organisasjon som er sterkt rotfesta i Noreg. Dette er i seg sjølv positivt for integrering.

Hardy & Greenspan konkluderer og med at deltaking i etnisk segregerte religiøse organisasjonar har mange positive effektar på integreringprosessen.³⁰⁸ Dei hevdar at det er snakk om ei modning på både organisasjons og individnivå, som både innvandrarar og organisasjonar må gå gjennom. I vår samanheng tyder det at ein kan rekna med at situasjonen for kyrkjelyden i Sandnes og burmesarane i Sandnes og Gjesdal, vil endra seg over tid. Kyrkjelyden er endå ung, medlemmane har endå ikkje budd særleg lenge i Noreg, og den indre samanbindinga ser ut til å stå sterkt. Hardy & Greenspan konkluderer til sist med at deltaking i etnisk segregerte religiøse fellesskap fungerer som springbrett for deltaking utover det som går føre seg i den religiøse fellesskapen.³⁰⁹ Dette kan ein i noko grad sjå på ungdomsgruppa som deltek i andre kyrkjelydar. Det same gjeld for informantane med anna etnisk opphav enn chin. Aktivitet i ein organisasjon kan avla aktivitet i ein annan organisasjon. Over tid vil difor situasjonen modnast og endrast. Kva som vil henda i framtida ligg utanfor oppgåva mi å dra sluttningar om. Om det går som Hardy & Greenspan har funne i Canada, kan ein rekne med at deltakinga i kyrkjelyden i Sandnes i sterkare grad vil bidra til integreringa av både kyrkjelyden og medlemmane.

Sjølv om informantane i det faste vekelege kyrkjelydsarbeidet ikkje samhandlar med etnisk norske, er det møtepunkter som er felles. På fast basis er det felles gudstenester og ungdommane deltek på arrangement i andre baptistkyrkjer. Dei fleste deltek på arrangemang saman med etnisk norske minst ein gong i halvåret, og treffer på det viset ei fast gruppe norske baptistar. I seg sjølv er dette samhandling og integrering, og det gjev og rom for å knyta nærare band. Unge informantar rapporterer i noko grad at dei har vener som er norske baptistar, men dette er ikkje vanleg for eldre informantar. Ein viktig grunn for dette kan vera høgare språkleg kompetanse hjå yngre informantar.

³⁰⁷ Den baptistiske kyrkjelyden på Ålgård er over 100 år og er presentert under punkt 4.1.1. Den fyrste norske baptistkyrkjelyden vart skipa i 1860 (Bloch-Hoell, 2009)

³⁰⁸ Hardy & Greenspan (2009). Sitert i (Wollebæk & Seggaard, 2011; 134f)

³⁰⁹ Hardy & Greenspan (2009). Framleis sitert i (Wollebæk & Seggaard, 2011; 135)

Den hjelpa informantane ser ut til å få frå etnisk norske i Gjesdal, kan vera uttrykk for typiske trekk. Wollebæk & Seggaard peikar på at sosial tillit ser ut til å stå sterkare på landet, og at folk er meir skeptiske til innvandrar i byar.³¹⁰ Burmesarar busett i Gjesdal kjem og frå mindre samfunn, som kan ha høgare sosial tillit enn det ein finn i byar i Burma. Variasjonen er truleg mindre enn i Noreg, då Burma har vore eit undertrykkjande militærdiktatur gjennom fleire tiår, og av di burmesarane generelt har låg utdanning.³¹¹ Men det er rimeleg å konkludera, utifrå informasjon frå informantane og meir generelle oppfattingar av sentrum og periferi, at undertrykkinga har vore mindre til stades i meir rurale strom i Burma. I sum kan ein difor rekna med at det er høgare sosial tillit til stades på både sider i Gjesdal, enn kva det er i Sandnes.

Om ein sluttar at det er høgare sosial tillit i Gjesdal er det ikkje sikkert at det er slik på eit meir generelt nivå. Slike data finnest ikkje. I røynda er det ei samling einskildståande individ som gjer eit arbeid for burmesiske flyktningar utan at dette er koordinert på eit overodna plan. Eg har berre runne fram til eit individ som nyttar mykje tid på å hjelpa mange familiar i sitt eige nærmiljø. Dette individet, Eli, ser og ut til å dela eit fellestrekk med informantane. Ho er ikkje oppvaksen i bygda. Eli er oppvaksen i Sandnes og er sjølv innflyttarar. Etter Elias sine teoriar skal ho då høyra til outsidargruppa i lokalsamfunnet. Lik bakgrunn som innflyttar kan vera røter til liksakapar i røyndomsforståinga sjølv om det er stor skilnad i grad. Eit slikt lagnadsfellesskap kan styrka samkjensla og i praksis hjelpa til med integreringa i vårt tilfelle.

Som Tabell 8 syner, er det ein skilnad på korleis informantane samhandlar med kvarandre. I Gjesdal avtaler dei treffetider for komande veke i mykje mindre grad enn kva dei gjer i Sandnes. Ein av grunnane for dette kan vera at den norske hjelparen og har funksjon som bindeledd mellom dei burmesiske familieane. Eli vert mellom anna kalla for «bestemor» av fleire av borna, og og snakkar sjølv om desse som «barnebarn». Tilfeldig og til faste tider har ho samvær med småborna i burmesiske familiar og ho er gjerne med born frå ulike familiar samstundes. Dette bind familieane saman og skapar trygge koplingar til etnisk norske for nye generasjonar burmesarar. Om ein skal ta tiltaleformene på alvor vil det truleg vera viktig for integreringa av den neste generasjon burmesarar at dei har ei etnisk norsk bestemor. Verdilada tiltaleformer og mykje praktisk samhandling vil truleg over tid styrka den sosiale

³¹⁰ (Wollebæk & Seggaard, 2011; 51)

³¹¹ (Wollebæk & Seggaard, 2011; 65)

tilliten mellom minoritet og majoritet. Om det ikkje er sterke skilnadar i sosial tillit mellom den vaksne informanten, kan det vera von om ei sterkare samkjensle mellom ulike grupper i neste sleksledd.

I Guro Ødegård sine ganskningar av drabantbyen Veitvedt i Oslo,³¹² som er omtala i eit kapittel i boka til Wollebæk & Segard, er eit av funna at einskilde etniske norske er skeptiske til innvandrorganisasjonar som er etnisk orienterte.³¹³ Mange hadde haldningar om at slike organisasjonar kunne forsterka segregeringstendensane.³¹⁴ I vår samanheng er det liten tvil om at organisasjonsarbeidet er segregert. Samstundes finnest det truleg interesse for samarbeid og det å læra om burmesisk kultur på norsk side. Dei burmesiske kyrkjelydane er truleg interessante i eit rekrutteringsperspektiv, av di dei er unge og har born. Det kan og tenkjast at dei kan fanga majoriteten si interesse berre i kraft av at dei er annleis og eksotiske. I vår samanheng er etableringa av IBC og eit resultat av goodwill frå baptistkyrkjelydar i kommunane, men og frå Den norske kyrkja, som leeiger ut husvære. IBC har fått eit spelerom som er innanfor det etablerte norske organisasjons- og kyrkjelivet, noko som tyder på at kyrkjelyden har ein form for norsk legitimitet og eigenverdi. Medvit om at dette er tilfellet er viktig å ta vare på og pleia vidare, så tilhøva over tid vert betra for organisasjonane og individda i tråd med ein målsetnad om betra integrering.

Guro Ødegård hadde ei oppleving av at innvandrorganisasjonar ikkje var medvittne den interessa som det faktisk var for deira arbeid i samfunnet elles, og difor avgrensa arbeidsfeltet sitt for snevert.³¹⁵ Kva som er mogeleg å få til for kyrkjelyden i Sandnes er vanskeleg å seia. Truleg er det mogeleg for IBC å fanga interessen til eit breiare lag i lokalsamfunnet, og særleg frå baptistar busett i sandnes og nabokommunar. Særleg gjeld dette av di det er faste felles arrangement. Vonaleg vil situasjonen endra seg over tid og ting vil mognast i tråd med funna til Hardy & Greenspan.³¹⁶

Ødegård peikar og på at tradisjonelle organisasjonar med nettverksressursar i ein majoritetskontekst kan ha vanskar med å skapa samanbindane sosial kapital i ein fleirkulturell

³¹² Guro Ødegård er forskar II ved Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Ho har ein doktorgrad i sosiologi. (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2013)

³¹³ (Wollebæk & Segard, 2011; 129ff),

³¹⁴ (Wollebæk & Segard, 2011; 142).

³¹⁵ (ibid)

³¹⁶ Disse funna er presentert tidlegare i denne bolka og kan lesast i: (Wollebæk & Segard, 2011; 135)

kontekst.³¹⁷ Truleg er eit slikt syn til stades i vår samaheng. Baptistisk kristendom er i ein burmesisk kontekst mykje meir enn berre ein religiøs ståstad, og IBC er ein del av mange fleire sosiale felt enn kva som er vanleg for kyrkjelydar i det moderne norske samfunnet. Ein kan vanskeleg sjå at ein vanleg norsk baptistkyrkjelyd kan fylla rolla til ein burmesisk kyrkjelyd. Difor kan ein etnisk avgrensa kyrkjelyd spela ei rolle i å bygga samanbindane, men og grenseoverskridande, sosial kapital.³¹⁸ Om ikkje dei burmesiske informantane ynskjer å vera ein del av eit sekularisert norsk storsamfunn, ynskjer dei truleg å vera ein del av ein større kristen «familie». Difor hevdar Ødegård at fleirkulturell kompetanse og alternativ organisasjonsdrift vil vera viktig for å bygga opp sosial kapital og i praksis hjelpa til med politisk og sosial integrering i Noreg.³¹⁹ I mine granskingar har det ikkje vore mogeleg å avdekka formell kompetanse på fleirkulturelle møter i kyrkjelydane, men truleg ligg det mykje uformell kompetanse hjå mange medlemmar på ulikt nivå knytt opp til m.a. misjonsarbeid. Eldre og tradisjonsrike kyrkjelydar kan sjølvstøtt ha problemer med å romma nye og framandkulturelle kulturuttrykk. Vonleg kan IBC difor vera ein trygg platform der individ og grupper saman kan bygga sosial kapital som vil danna grunnlag for positiv integrering.

I kraft av å vera tilhengjarar av den største verdsreligionen er deltakarane i alle kristne kyrkjelydar medlemmer i eit transnasjonalt nettverk. Nettet er finmaska og består av ulike trusretningar og organisasjonar som er vert knytt saman på lokalt, nasjonalt, statleg og transnasjonalt nivå. Jon Rogstad³²⁰ spør i kva grad ei slik samkjensle fremjar eller hemmar politisk integrering.³²¹ Integreringa går føre seg i eit felt der individ og grupper har rett til både likskap og ulikskap.³²² I tåd med tidlegare drøfting under dette og det førre punktet kan ein kort konkludera med at kristendommen representerer eit transnasjonalt nettverk som kan skapa samkjensle med det norske samfunnet. Det er og relevant å peika på at tilhøyrarakap til kristendommen er ein av dei faktorane som har vore med på å skapa mindre samkjensle med den burmesiske staten.

³¹⁷ (Wollebæk & Segard , 2011; 149)

³¹⁸ (ibid)

³¹⁹ (ibid)

³²⁰ Jon Rogstad er forskingsleiar og professor ved FaFo. Han har doktorgrad i sosiologi frå universitetet i Oslo. (FaFo, 2013)

³²¹ (Wollebæk & Segard , 2011; 158)

³²² (ibid)

- Aktivitet i frivillig arbeid er i seg sjølv integrering, og forskning på sosial kapital tyder på at deltaking i segregerte miljø og kan vera fruktbart for integreringa.
- Sjølv om informantane har lite generell tillit til etnisk norske, er det fleire som har nære forpliktande band til Eli. Fleire informantar etterspør slik kontakt.
- Tilknytning til den verdreligionen som er dominerande i Noreg, er ein faktor som verkar positivt inn på den sosiale kapitalen.

6.2.5 Globalisering

Tidlegare har eg peikt på at medlemmer av ungdomsgruppa kan sjåast som ein form for hybridar i kraft av at dei knyter seg til fleire ulike miljø og identitetar.³²³ I noko grad syner informatane med anna etnisk opphav enn chin likande tendensar. Dei med anna etnisk opphav enn chin er lausare knytt til det chin-burmesiske fleirtalet i kyrkjelyden.

Den som klårast står fram som hybrid er karen-burmesaren som i tillegg til å vera aktiv i IBC, og er aktiv i den norskdominerte ungdomsgruppa i KRIK. Samstundes er han buddhist og kjærast med ein muslim. I intervjuet såg han alle desse identitetane som positive og meinte dette ikkje baud på problem. Dei to andre i ungdomsgruppa var nok ikkje like hybride som denne informanten i høve til andre verdsreligionar, men dei såg det som lite problematisk å vera aktive i andre kyrkjelydar. Desse to meiner og at dei hadde mykje å gje til andre norske og burmesiske kristne. Denne viljen og evna til å kryssa grenser og samarbeide med andre ulike individ er eit teikn på hybride eigenskapar ved informantane i ungdomsgruppa.

Hybride individ vekslar mellom ulike grupper og organisasjonar og bind desse saman. Individ i ungdomsgruppa kan dra med seg andre individ inn i nye og tettare relasjonar, med individ og grupper utanfor den burmesiske kyrkjelyden. Jo fleire slike band som oppstår, jo tettare vert ulike grupper vevd saman. Mange av informantane i foreldregenerasjonen hadde klåre ynskje om tettare band til etnisk norske individ og sakna det å ha ein norsk ven. Born og unge med gode relasjonar til individ frå mange ulike grupper kan hjelpa foreldra med norsk språk og fakta om det norske samfunnet.³²⁴ Dei kan gje foreldra innsikt i meir subtile reglar for samhandling, slik dei er skildra i Elias og Bourdieu sine teoriar. På det viset vert dei betre rusta for samhandling i det moderne Noreg. Truleg kjem vener til borna heim og foreldre

³²³ Punkt 6.2.2

³²⁴ Dei er fagleg sterkare av di dei lærer meir i eit lengre og meir integrert skuleløp.

treffest gjennom arbeid som dei gjer saman for borna i skulen og i frivillige lag. Å ha born som er aktive i t.d. idrett krev aktivitet frå foreldra. Deltaking på skuleavsluttingar og 17. mai er andre døme på korleis born og unge med sine aktivitetar vev foreldra tettare saman med det norske samfunnet.

Dei vaksne informantane ser dette og dei alle fleste hevdar at borna har ei betre framtid i Burma enn i Noreg. Men dei er mykje meir usikre på kor deira eiga framtid ligg. Dei vil bli buande i Noreg for borna si skuld, men mange opne på at dei helst ville flytta attende til Burma, om dei berre skulle ta omsyn til seg sjølv. I eit globaliseringsperspektiv handlar samankopling mykje om korleis verda vert vevd saman over lengre avstandar. Moderne teknologi hjelper til med å viska ut distansar, og det er mogeleg å halda kontakt med og hjelpa delar av familien som bur på andre sida av jorda. Telefonsamtalar har vorte billigare og det er mogeleg å overføre pengar heilt gratis til Burma på ei lita veke. Etter kvart som breiband og vert meir vanleg i Burma og sensuren slepper taket vil telefonar og nettbrett i Burma og få funksjonar som gjer bilet- og videooverføring lettare. Demokratisering vil vonleg føra med seg økonomisk vokster i Burma og med det fleire og billigare flyruter. Draumen mange av informantane har om å reisa attende til Burma som turistar vil kunne realiserast, og på det viset bøta på heimlengten. Attendekopling og samanveving som uttrykk for globalisering kan difor sjåast som to sider av same sak i samanhengen som eg no skildrar. Segregering i kyrkjelyden og brei og fast kontakt med opphavleg heimland kan gje rom for å leva eit fullverdig og meiningsfullt liv utan å ta særleg del i det norske samfunnet.

- Fleire informantar står fram som hybridar. Særleg gjeld dette ungdomsgruppa. Dei vekslar mellom ulike identitetar og tilhørslar og hevdar sjølve at dette er positivt for dei. Ungdomsgruppa står fram som mindre segregert enn dei andre gruppene.
- Den meir hybride oppveksande generasjonen hjelper til med å styrka banda til samfunnet utanfor det burmesiske miljøet. Foreldre-generasjonen vert og sosialisert inn i andre delar av det norske samfunnet gjennom borna si deltaking i skule og fritidssysler.
- Samanveving med slekt og vener i Burma, som vert gjort mogeleg ved hjelp av moderne teknologi styrkar antennekoplinga til Burma. Dette er med på å gjera eit segregert liv meir meiningsfylt og fullverdig.

6.2.6 Oppsummering av drøftingar knytt til andre delproblemstilling

Informantane forstår godt at dei tek del i ein kyrkjelyd som gjer at dei nyttar mykje tid på eit arbeid som er etnisk segregert. Den etnisk segregerte kyrkjelyden hjelper dei til betre å ta vare på verdiar som er viktige for dei, så som kristendom, chin språk og chin kultur. Språk spelar ei avgjerande rolle i all argumentasjon for skipinga av IBC. Fyrste gong eg snakka med Hlawnceu Ceu Mang om dette svarta han med eit retorisk spørsmål: «Korleis kan du prisa Gud på eit språk du ikkje kan?» Å halda på dette har vore vanskeleg i andre kyrkjelydar, og IBC ser ut til å vera det sentrale navet i det sosiale livet. Segregering er ein meir eller mindre medviten strategi.

Internt i kyrkjelyden finnest det eit hierarki som primært skil mellom chin-burmesarar og andre burmesarar. Det har ikkje vore mogeleg å finne fram til negative haldningar til andre grupper, men dei som ikkje er chin-burmesarar vert møtt med andre forventningar. Desse forventningane gjer det lettare for dei å knyta band til andre kyrkjelydar, og dei vekslar meir på kvar dei søker åndeleg fellesskap. Grunngevinga for den meir frie posisjonen er at dei ikkje meistrar chin-språket i kyrkjelyden. Nokon tydeleg overklasse i kyrkjelyden er ikkje tydeleg i materiell forstand. Det finnest personar som er sentrale i kraft av utdanning, jobb og tillitsverv.³²⁵

Delar av forskinga på sosial kapital gjev von om at kyrkjelyden vil utvikla seg i mindre segregerte retning. Nye generasjonar har tettare band til andre kristne, og deira tettare samanveving med andre kristne miljø smittar over på eldre generasjonar. Det finst formelle band som regulerer ein viss minstekontakt mellom kyrkjelydane. Denne kontakten har gjeve få konkrete resultat på det individuelle plan førebels.

Dei fleste informantane ynskjer slik kontakt med andre etniske grupper, og anna forskning tyder på at etnisk norske kan ha motsvarande interesser. Kristentru er tolka inn i mange kulturelle og sosiale kontekstar og skapar i seg sjølv rom for positiv samhandling.

Den attendekoplinga som er særleg viktig for foreldregenerasjonen, og dei får hjelp av den teknologiske utviklinga. Om det i framtida vil vera naudsynt med eit tett nettverk som den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes er, for å halda oppe eit tett samband med opphavleg kultur og språk er eit ope spørsmål.

³²⁵ Dette er personar som Hlawnceu Ceu Mang og den tospråklege læraren.

6.3 Drøfting og konklusjonar knytt til tredje delproblemstilling

«I kva grad og korleis lukkast burmesarar som er aktive i den burmesiske kyrkjelyden, i å bli integrerte i det norske samfunnet? I skulen, arbeidslivet og organisasjonslivet. Kva tyder kyrkjelivet i denne samanhengen»

Framleis er det burmesarar som er aktive i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes som er fokuset, men denne siste problemstillinga har fokus på ein litt annan kontekst. Spissformulert handlar det om korleis det går med integreringa i samfunnet elles når ein deltek i ein etnisk segregert kyrkjelyd.

6.3.1 Integrering og akkulturasjon

Tidlegare har eg peikt på at det er mogeleg å sjå på integrering som noko reint instrumentelt knytt opp til arbeid og skulegang.³²⁶ Slik introduksjonslova vert tolka av dei fleste kommunar er det absolutt viktigaste at dei som kjem til landet, får skulegang og etter ei stund går over i arbeidslivet. Det vanlege er at tiltaka vert kraftig trappa ned etter ein tidsfrist og når innvandrarane er komen i høveleg arbeid. Sandnes har eit tilbod som går over to år,³²⁷ medan Gjesdal kommune har tidfesta tenesta til å strekka seg over fem år.³²⁸ Dette treng ikkje å tyda at Gjesdal kommune gjev eit betre tilbod. Om ein ser på dataa mine er det færre informantar som fullfører norsktest på høgaste nivå i Gjesdal, men det er ikkje skilnader i grad av sysselsetjing. I Gjesdal er og programmet mest aktivt dei to fyrste åra. Ingen informantar, korkje i Gjesdal eller Sandnes gjekk fulltid i Intro i meir enn to år.

Alle informantar som ikkje går i Intro er å rekna for integrerte med omsyn til jobb, sjølvberging og funksjonelt norsk språk. Etter kvart sparer dei pengar, kjøper nye ting og bilar. Dei fleste meiner sjølv at dei har nok pengar, men er medvitne om at dei tener mindre enn det som er gjennomsnittet. Eit teikn på dette er at alle informantar som har born frå Burma og får nye born i Noreg. På chin er ordet for oppfostring det same som det å «gje nok mat».³²⁹ Det er difor naturleg å få fleire born når ein er i ein situasjon der ein ikkje berre har

³²⁶ Punkt 2.2.1

³²⁷ (Sandnes kommune - flyktningeenheten, 2011)

³²⁸ (Gjesdal kommune, 2013)

³²⁹ Dette er informasjon om språk, som eg har fått frå Hlawnceu Ceu Mang

nok pengar til mat, men og til klede og tilgang til helsestell og skule er godt ivareteke av det offentlege.

Eit anna trekk som går att hjå alle vaksne informantar er at dei ikkje er saman med kollegaer i sosiale samanhengar. Ungdomsgruppa deltek på noko sosialt samvære i regi av arbeid, men det er vanskeleg å slutta at dette er ein trend.³³⁰ Dei som seier at dei har nære vener på arbeidsplassen, seier og at desse er chin-burmesarar. Det er tre informantar som fortel at andre chin-burmesarar har hjelpt dei med å finna jobb, og til saman er det fire informantar som har andre chin-burmesarar som kolegarar. Nettverket i kyrkjelyden er også viktig med omsyn til arbeid, og ingen vaksne informantar deltek i fast frivillig arbeid som ikkje er i regi av kyrkjelyden. Det vil difor vera naturleg å konkludera med at arbeidet har liten direkte inkluderande effekt i høve til det sosiale livet for dei aller fleste av informantane.

Samstundes er det nyansar i dette biletet. Den informanten med det mest varierte kontaktnettet er karen-burmesaren i ungdomsgruppa. I likskap med jenta i ungdomsgruppa, går han på skule. Den andre guten i gruppa er lærling i byggebransjen. Han jobbar med kollegaer frå mange ulike land. Sjølv om han ikkje nyttar fritida med desse, deltek han på sosiale samlingar i regi av arbeidsgjevar. Felles for alle desse tre er at dei har gått på norsk ungdomsskule og er i vidaregåande opplæring. Tidlegare har eg peikt på at ordinær norsk skulgang er positivt for språklæring,³³¹ og dette gjeld på mange andre felt enn berre kyrkjeleg arbeid. To av informantane i ungdomsgruppa har og planar om å ta høgare utdanning. Sjølv om IBC er den primære gruppa, rapporterer alle desse informantane om ein venekrins som er mykje meir variert enn den dei vaksne informantane har.

Eit anna interessant unnatak er ein vaksen informant som ikkje er chin-burmesar. Ho rapporterer at ho har ein god venninne som kjem frå eit anna asiatisk land og høyrer til ein ulik religion. Denne venninna kan ho snakke med om nærast alt. Dette eit funn som er for lite til at det kan konkluderast klårt, men funnet peikar i same retning som for den unge karen-burmesaren. Manglande tilknyting til chin kultur og språk ser ut til henga saman med at nokre informantar ikkje berre finn religiøst fellesskap andre stader. Det ser og ut som om dei finn nære vener i andre religiøse og etniske grupper.

³³⁰ Det er berre ein av desse tre som jobbar, men det er heller ikkje urimelege å tenkja seg til at dei vil vera meir aktive i slike samanhengar. Dei er generelt meir aktive i anna frivillig arbeid.

³³¹ Punkt 6.2.1

- Alle vaksne informantar som er ferdige med introprogrammet er sysselsette. Dei nyttar ikkje sosialtenesta i kommunane. Introprogrammet varer normalt i to år
- Alle familiar står på egne bein økonomisk. Dei er medvitne om at dei tener mindre enn det som er vanleg. Dei er forsiktige økonomisk og bygger opp familieøkonomien stegvis.
- Alle vaksne chin-burmesarar deltek lite sosialt i arbeidslivet. Dei deltek heller ikkje i andre sosiale samanhengar eller i anna organisasjonsliv utanom IBC.
- Ungdomsgruppa sitt kontaktnett og venekrins er mykje meir samansett etnisk og religiøst. Dei er flinkare i norsk og har planar om å ta høgare utdanning.
- Informantar med anna etnisk opphav enn chin ser og ut til å ha eit breiare kontaktnett og fleire nære vener frå andre etniske og religiøse grupper.
- Sjølv om nokre informantar har breie kontaktnett til andre grupper er det få som deltek i nettverk som er dominert av etnisk norske.

6.3.2 *Dei etablerte og outsiderane*

Det er ingen burmesiske informantar i utvalet mitt som på noko vis kan kallast for etablerte på same viset som dei etablerte i Winston Parva. Eli kan heller ikkje kallast for ein etablert på Ålgård, av di ho eigentleg er oppvaksen i Sandnes. I høve til det norske samfunnet er chin-burmesarar å rekna for outsiderar om ein skal nytta Elias sin teori. Dei er alle tilflyttarar. For ei oppgåve med fokus på outsidergruppa er det ikkje avgjerande å definera noko skilnad mellom grupper av etnisk norske.

Ingen av informantane rapporterer om at dei har vore utsett for grov sjikane eller vald. Snarare er det vanleg at dei snakkar om etnisk norske som positive hjelparar. Alle i Gjesdal snakkar positivt om Eli, og dei som jobbar på vaksenopplæringa og flyktningskontoret. Arbeidet som ho er ein del av gjennom frivillighetssentralen er ofte vellukka, då det er mindre formaliserande enn det tradisjonelle foreiningslivet.³³² Det same gjeld dei i Sandnes, sjølv om dei ikkje har ein felles norsk hjelpar. Dei negative opplevingane ei har med etnisk norske er stort sett knytt opp til jobb og barnehage/skule. I samtale om jobb er det tre informantar som seier rett ut at: «desse jobbane er det ingen nordmenn som vil ha». Og sjølv om dei ikkje seier det same rett ut, er det ytterlegare to informantar som jobbar i avdelingar der det ikkje er ein

³³² Loga snakkar heilt konkret om dette i rapporten sin frå Bergen (Loga, 2011; 136)

einaste norsk tilsett utanom sjefen. Ein av desse fem fortel og at han ikkje fekk lagerjobb av di leiaren på arbeidsplassen meinte at asiatar ikkje hadde kroppsbygning for slikt arbeid.³³³

Informanten med mastergrad frå Universitetet i Agder er heller ikkje i arbeid som er høveleg for ein person med slik utdanning. Han jobbar mest som tolk og er arbeidssøkande. Han søker på mykje, men vert sjeldan kalla inn til intervju. Sjølv på eit lite statistisk grunnlag, som mitt, kan det sjå ut som om burmesarar har avgrensa mogelegheiter på den norske arbeidsmerknaden.

Barnehage og skule møter dei vaksne informantane som foreldre. Her har eg nemnd tidlegare at det er ein skilnad mellom kommunane.³³⁴ Denne skilnaden har og nokre konsekvensar for andre område enn berre språklæringa. I Sandnes er det aksept for å tilkalla tolk på foreldresamtalar og den tospråklege læraren har og rolla som bindeledd mellom skule og heim. Læraren, som og er i informantgruppa, seier at ho har ofte kontakt med foreldre som spør om andre tema enn det reit faglege. I tillegg gjer ho, i noko grad, informasjon og råd til skulane som jobbar med desse borna. Sjølv om Gjesdal kommune manglar denne kompetansen hjelper Eli mykje til med å letta samarbeidet mellom barnehage og skule. Eli gjer og råd i høve til skule og følgjer med på om foreldra er oppdatert på skulekvardagen til borna. Men til forskjell frå Sandnes er ho aldri direkte involvert i samarbeidet med skulane og kan ikkje hjelpa til med tolketenester. Vilkåra for samhandling mellom skulen og burmesiske foreldre er ulikt i dei to kommunane.

- I høve til Elias sin teori er alle dei burmesiske informantane mine outsiderargruppe i lokalsamfunna i Sandnes og Gjesdal.
- Ein stor del av informantane rapporterer om vanskar på arbeidsmarkanden, og at det er fleire jobbar som det ikkje er mogeleg for dei å få. Ein informant med mastergrad rapporterer om liknande problem.
- I Sandnes kommune er det tilsett tospråkleg lærar i chin, som hjelper borna fagleg. Denne læraren hjelper og med tolketenester og annan kommunikasjon mellom skule og heim. Slik hjelp finnest ikkje i Gjesdal, men Eli hjelper og motiverer foreldra til å vera aktive i borna sin kvardag i barnehage og skule.

³³³ Informanten har ein normal kroppsbygning og høgd etter asiatiske målestokk. Han seier sjølv at han er i god form og at han er rask.

³³⁴ Punkt 6.2.1

6.3.3 *Kulturell kapital*

Då chin-burmesiske heimar i liten grad byr på sosialisering inn i det norske samfunnet, vert skulen ein viktig komponent i prosessen med å gjera den oppveksande generasjonen til fullverdige medlemmar av det norske samfunnet. Sjølv om foreldra er integrert på mange vis, har dei ei von om at borna skal greie seg betre. Tanken om at borna skal få ei god framtid i Noreg står sterkt, og skikkeleg utdanning for neste generasjon vert sett på som viktig. Foreldra vil ikkje flytta attende til Burma, då dei har tru på ei betre framtid for borna i Noreg.³³⁵

Dei tre informantane som er i posisjonar der dei kunne ha oppnådd ein høgare posisjon status i det norske samfunnet, er pastoren, læraren og informanten med mastergrad. Alle tre har posisjonar som gjev dei høg status i det burmesiske samfunnet, men dei har ikkje oppnådd posisjonar som gjev dei status i fleirtalssamfunnet. Det ser ut som om dei sosiale felta er etnisk avgrensa, og att det er vanskeleg å veksla kulturell kapital mellom felt i burmesisk og norsk kontekst.

For oppveksande generasjonar burmesarar i Noreg er det mange ulike sosiale felt det vil vera viktig for dei å lukkast på. Tidlegare har me funne at det er viktig for informantane å halda oppe burmesiske språk og kultur for den oppveksande generasjonen,³³⁶ men at dei og har ei sterk von om at dei skal lukkast i det norske samfunnet. For å lukkast på både norske og burmesiske sosiale felt må dei meistre sterk språkleg og kulturell kompetanse. Sosialiseringssprossane må og vera gode både i heimen, kyrkjelyden, i barnehagen, på skulen og i frivillige lag og foreiningar. Foreldregenerasjonen kan truleg ta lite del i aktivitetane på fleire av desse arenaene, men dei har ei viktig rolle med å oppmuntra og leggja til rette for aktivitet og deltaking. Det vil vera avgjerande for nye generasjonar at dei får ta del i sosialiseringssprossar som går føre seg på arenarar som og er dominert av etnisk norske. IBC ser ut til vera ein flott arena for sosialisering som kristne burmesarar, men denne gjer lite kulturell kapital som kan vekslast inn i kapital som er valid på andre felt.

³³⁵ Dette funnet har eg og til felles med ei masteroppgåve ved Universitetet i Stavanger. Denne studenten fann at 80 av dei burmesiske foreldra ikkje hadde meir enn ungdomsskule som utdanning sjølve, men at dei hadde sterk tru på borna. Særleg stolte var dei av norskkunnskapane deira. (Munthe, 2011; 62)

³³⁶ Mellom anna i punkta 6.2.1 og 6.2.2

Kjennskap til kristendom og tilhørsle til fleirtalsreligionen i det norske samfunnet har potensiale til å vera ein verdi som kan fremja status og auka den kulturelle kapitalen i norsk samanheng. Religion kan stå som ein felles verdi som gjer det lettare å vinna over andre ulikskapar. Samstundes er det slik at baptistisk kristendom i seg sjølv ikkje er einerådane i norsk samfunnsliv. I chin kultur er kristendom særst viktig, og er eit viktig element i nasjonsbygginga.³³⁷ Slik har det nok vore i Noreg tidlegare,³³⁸ men den sentrale posisjonen kristendommen hadde i statsmakta, er endra. Den norske kyrkja har endra karakter frå å vere statskyrkje i og med endringa av grunnlova i 2012. Stålsett-utvalet³³⁹ sin viktigaste bodskap er 8 punkt for auka toleranse.³⁴⁰

Tilrådingane i NOU2013:1 trekker i retning av ei samfunnsutvikling der alle religionar lever under tilnærma like vilkår. Individ og grupper skal møtast med respekt frå samfunnet og kvarandre. Dette er truleg ein politikk som IBC og medlemmane der profiteter på. Dei vert aksepterte som ein del av Det Norske Baptsitsamfunn og det er ikkje problematisk å leige lokaler frå Den norske kyrkja. Tåleranse for andre individ og grupper sine religionar og livssyn kan tolkast som eit uttrykk for oppmjuking og liberalisering i religiøse dimensjonar av samfunnet. Desse liberale, og gjerne kalla moderne, haldningane står i kontrast til delar av det tankegodset som rår i IBC. I mitt møte med burmesarane står dei fram som meir konservative. Dei drikker lite eller inkje alkohol, Dei giftar seg relativt unge og tek ikkje ut skilsmål. Dei er nøye med at den dei giftar seg med er kristen. Dei går fast til kyrkje og opptrer høfleg og danna i alle samanhengar. På ulikt vis stadfester dei fleste informantane dette inntrykket med små anekdotar under intervjuet. Det er fleire som undrar seg over låg moral i Noreg. Dei synest mellom anna at etnisk norske skil seg for lett og drikk for mykje alkohol. Det kan difor sjå ut som om dei har verdiar og haldningar som gjer at dei står for ein habitus som ikkje er i tråd med etnisk norske, og at dei med omsyn til haldningar og verdiar slektar meir på tidlegare generasjonar i Noreg. Truleg kan dei finne liknande habitus i sosiale felt der konservativ kristendom står sterkt. Slike felt finst nok i frikyrkjer på Sørvestlandet. I ei drøfting som skal halda fokus på samfunnet som heliskap vil desse konservative haldningane

³³⁷ Punkt 2.1.1

³³⁸ Som ved kristninga på 1000-talet og nasjonsbygginga på 1800-talet.

³³⁹ (NOU2013:1, 2013)

³⁴⁰ Tabell 2 8 punkt for religiøst samspel

bli møtt med skepsis frå mange etnisk norske. Tidlegare har eg og peikt på at det i chin-diasporaen er ein viss skepsis til vestlege fridommar.³⁴¹

Konservative haldningar og verdiar som er viktige element i det som kan kallast ein chin-burmesisk habitus har dei til felles med fleire andre innvandrargrupper. Liberale verdiar heng ofte saman med høg materiell utvikling og sekularisert styresett. Mange ikkjevestlege innvandrarak kjem frå land der religionen spelar ei meir sentral rolle i samfunnslivet. Sjølv om religionen i seg sjølv ikkje er den same, er eit meir konservativt moralsyn til stades i mange innvandrargrupper. Bakgrunn frå trongare materielle kår kan og skapa likskapar med omsyn til korleis dei vel å leva livet reint materielt.³⁴² Nærleiken til andre innvandrarkulturar, reint etisk og materielt, og distansen til den jamne nordmann på dei same områda, kan truleg vera med på å forklåra kvifor fleire av informantane har fleire band til andre innvandrargrupper og ikkje så mange band til etnisk norske. Sjølv om dei ulike innvandrargruppene ikkje dannar eit felles habitusfelt, kan det vera grunn til å peika på at det kan vera likskapar i desse felta som skapar rom som samhandling, samkjensle og fellesskap.

Det er og granskingar som har funne at det er eit sterkt sosialt press for deltaking i innvandrarorganisasjonar i ulike ikkje-vestlege etniske grupper.³⁴³ 25 % meiner dette er av stor betydning, mot 13 % for etnisk norske.³⁴⁴ Det kan godt tenkjast at dette og gjeld for vår gruppe, og at det i røynda ikkje er tenktbart å vera chin-burmesar i Sandnes og Gjesdal utan å vera med i IBC. Sjølv om dei hevdar at det er religiøs tru som er det viktigaste er dei og opptekne av andre roller IBC fyller.

Ungdomsgruppa har fleire koplingar til andre miljø enn kva som er vanleg for foreldregenerasjonen. I seg sjølv kan dette tolkast som at dei lukkast betre i vekslinga av kulturell kapital mellom ulike felt. Samstundes er det slik at dei ikkje i særleg grad har mange faste og sterke koplingar til etnisk norske individ og norskdominerte grupper. Det vanlegaste er at dei har koplingar til andre outsiderindivid og grupper. Det å ikkje vera norsk kan difor sjåast som eit sosialt felt der burmesarar kan ha ein viss posisjon og status.

³⁴¹ Punkt 6.1.1 og (Tiam, 2010; 211ff)

³⁴² Som det truleg ofte er i land som flyktningar kjem frå.

³⁴³ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 39f)

³⁴⁴ (Eimhjellen & Seggaard, 2010; 40)

- Foreldregenerasjonen ynskjer at borna skal bli fullt ut integrerte i Noreg og lukkast i utdanning og arbeid. Dei er ikkje sjølve i posisjon til fullt ut å hjelpa borna med å sosialisera inn i det norske samfunnet som fullverdige medlemmer.
- Nye generasjonar med chin-burmesarar i Noreg vil oppleva ei dobbel sosialisering. Ei chin-burmesisk sosialisering i IBC og ei norsk sosialisering i skulen og lokalmiljøet. Det vil truleg vera skilnad mellom primær og sekundærsosialisering.³⁴⁵
- Tilknytning til kristendommen er med på hjelpa burmesarane til å betre forstå norsk samfunnsliv og kva verdiar som har vore med på reisa land og folk i tidlegare tider.
- Burmesarane sin meir konservative etikk og enkle livsførsel står i kontrast til store delar av det norske samfunnet. Det kan vera lettare å finna liknande habitus i andre innvandarmiljø.

6.3.4 Sosial kapital

Eg har tidlegare peikt på korleis ulikskap bringar fram skjelpadda i alle,³⁴⁶ og dette har ikkje berre konsekvensar for samhandlinga mellom ulike religiøse grupper og individ. Putnam sine teoriar er ålment meint og set ord på korleis aukande kulturell ulikskap endrar på samhandlinga i mange samfunn. Det norske samfunnet er framand for menneskjer som flytter hit frå andre land, men desse menneskjene endrar og samfunna dei kjem til, Den opphavlege folkegruppa kan finne grunn til å isolera seg sjølve for å verna om sin opphavlege kultur og andre verdiar dei ser som viktige. Det siste året har mellom anna Jon Hustad³⁴⁷ og Christian Tybring-Gjedde³⁴⁸ reist spørsmålet om norsk kultur treng eit sterkare vern i ei stadig meir multikulturell samtid. Tybring-Gjedde har tidlegare fått tilsvar frå dåverande kulturminister frå Arbeidarpartiet, Hadia Tadjik.³⁴⁹ Sjølv om det ikkje er mange som fullt ut støyr Hustad og Tybring-Gjedde gjekk debatten høgt i byrjinga på 2013. Det er mange som gjev uttrykk for ei viss redsle for å mista viktige delar av «det norske» om migrasjonen frå andre land vert for stor. Tanken om at norsk kultur vert øydelagt av individ som flyttar hit frå andre land, vil vera ein tanke som svekkjer tilliten mellom individa. Chin-burmesarar, som er opptekne av å ta

³⁴⁵ Foreldre og IBC vil truleg stå for ein type sosialisering medan skule og lokalsamfunn vil stå for ein annan type sosialisering. Familien vil alltid stå for den primære sosialiseringa. Jmfør punkt 2.2.2.1

³⁴⁶ Punkt 6.1.4

³⁴⁷ Mellom anna i: (Hustad, 2013). Jon Hustad er Journalist i *Dag & Tid*. Han er og forfattar.

³⁴⁸ Mellom anna i: (Tybring-Gjedde, 2013). Christian Tybring-Gjedde er fylkesleiar for framstegspartiet i Oslo

³⁴⁹ Mellom anna i: (Tadjik, 2012)

vare på sin eigen kultur og sitt eige språk, gjer i røynda lite for å gjere norsk felleskultur til sin eigen.

Informantane uttrykker liten grad av tillit til menneskja i sin heilskap. Det store fleirtalet seier at dei har ingen tillit til menneskje dei ikkje kjenner, og ingen har over middels tillit til menneskja som heilskap. Det var mange som svarte raskt med det retoriske spørsmålet: «Korleis kan me stola til menneskjer me ikkje kjenner?» Eit slik svar vil truleg mange etnisk norske og gje. Samstundes er det viktig å hugsa kva store internasjonale ganskingar fortel om tillit i Noreg.³⁵⁰ Mine funn peikar i retning av at chin-burmesarar har mindre tillit til menneskje dei ikkje kjenner, og difor mindre overskridande sosial kapital enn etnisk norske.

Putnam peikar på at lang utdanning, mykje avislesing og lite tid nytta til fjernsyn fremjar sosial kapital.³⁵¹ Sjølv om granskingane hans er frå USA er det ikkje urimeleg å slutta at desse kan vera relevante for vår gruppe. Som minoritetsgruppe har dei truleg lite tilgang til aviser,³⁵² utdanning er det lite av i Chinram,³⁵³ og tilgangen på fjernsynskanalar er stor i Noreg. Snarare peikar Putnam på at det er skilnader overskridande sosial kapital som følgjer ulike etniske grupper.³⁵⁴ Dette meiner han har rot i at menneskjer med annan etnisk bakgrunn har sterkare røymsler med undertrykking gjennom fleire generasjonar.³⁵⁵ Granskingar på amerikansk røyndom kan sjølvstakt ikkje overførast direkte, men det er heva over rimeleg tvil at mange av informantane har opplevd ulike typar for undertrykking. Truleg er det lite som bygger opp sosial kapital, og mykje som bryt den ned, i burmesisk røyndom. Denne manglande sosiale kapitalen gjer at burmesarane truleg er dårlegare rusta når dei skal oppretta kontakt og bygga venskapsband med individ frå andre etniske grupper. Om ein har mistru til dei ein ikkje kjenner er det vanskeleg å sjå korleis ein skal oppnå god og meiningsfull kontakt med desse.

Jill Loga peikar på at det er vanleg at marginaliserte grupper ofte har sterke samanbindande sosiale nettverk.³⁵⁶ Det vil ikkje vera urimeleg å kalla dei burmesiske informantane

³⁵⁰ Punkt 2.2.5.1

³⁵¹ (Putnam, 1995; 677ff)

³⁵² Det er sjølvstakt mogeleg at dei les norske aviser. Dette har ikkje informasjon om frå informantane, men etter mine vurderingar er det få informantar som visar tilstrekkeleg kompetanse i norsk til å glede av slik fast avislesing.

³⁵³ Punkt 2.1.2

³⁵⁴ I store amerikanske granskingar i perioden 1972-94 finn Putnam at 17 % av dei svarte svarer at menneskjer i sin heilskap er til å stola på, medan talet for kvite er 45 % og for andre rasar er det 27%. (Putnam, 1995; 672)

³⁵⁵ (Putnam, 1995; 672)

³⁵⁶ (Loga, 2012; 24)

marginaliserte i høve til delar av det norske samfunnet. Dette høver og med funna av sterk samanbindande sosial kapital og svak overskridande sosial kapital.³⁵⁷

- Kulturell ulikskap fremjar isolasjon mellom ulike grupper. Det finnest burmesiske krefter som ser det som viktig å ta vare på det som er særmerkt for dei gjennom å stø opp om ein etniske segregert kyrkjelyd. Det er og sterke krefter som meiner at norsk kultur treng særleg vern.
- Informantane viser teikn på at dei har lite overskridande sosial kapital. Dette er typisk for marginaliserte grupper med røyndom frå undertrykkande samfunnsstrukturar. Det er lite i informantane sin bakgrunn som ser ut til verka styrkande på den sosiale kapitalen.
- Svak overskridande sosial har truleg konsekvensar for kor lett det er for dei å oppretta og halda ved like kontaktar og venskap med menneskjer som ulike dei sjølve.

6.3.5 Globalisering

I høve til globalisering er røyndommen særskilt ulik for Chinram og Noreg. Noreg har opplevd langt meir utvikling innan informasjonsteknologi og turisme dei siste tiåra enn kva som er tilfellet i ein provins i eit diktatur som Burma. Burmesarane som kjem til Noreg har truleg lite forståing for korleis eit høgt utvikla samfunn som Noreg fungerer. Sjølv om mobiliteten og migrasjonen er ein del av dei same overordna globaliseringsprosessane, er innfallsvinkelen særskilt ulik. Eriksen tek opp skilnaden mellom turisten og flyktningen i boka si under punktet om mobilitet.³⁵⁸ Den viktigaste skilnaden går i grad av fridom for turisten i høve til flyktningen. Det er grunn til å tru at burmesiske flyktningar opplever globaliseringa og mobiliteten heilt annleis enn kva som er vanleg i Noreg. Fleire informantar fortel om akutte situasjonar som tvang fram emigrasjon, og for mange var det truleg ikkje deira eige val som gjorde at dei enda opp i Noreg. Lite kontroll over eigen lagnad kan fostra passivitet i høve til eige liv og livssituasjon.

- Chin-burmesarane sin mobilitet vert opplevd veldig ulikt den norske turisten sin mobilitet.

³⁵⁷ Tabell 6

³⁵⁸ (Eriksen, 2008; 125ff)

- Chin-burmesarane er takksame for alt dei har fått av materiell velstand og fridom i Noreg, og meiner det er viktig å takka Gud for dette. Dette er ein av grunna til at dei er aktive i IBC.
- Chin-burmesarane er takksame for alt dei har fått av materiell velstand og fridom i Noreg, og meiner det er viktig å takka det norske samfunnet for dette. Dei er difor aktive i arbeidslivet og betaler skatt.

6.3.6 Oppsummering av drøftingar knytt til tredje delproblemstilling

Materielt sett står informantane på eigne bein i det norske samfunnet. Dei greier å skaffe seg arbeid rimeleg greitt, men har vanskar med å gjera karriære. Det er mange jobbar dei ikkje får sjølv om dei meiner dei er kvalifiserte. Dei greier ikkje å gjera mykje for å bøta på dette, men dei er takksame for det livet dei, trass alt, har i Noreg. Dei tek del i arbeidslivet, men arbeidslivet ser ikkje ut til å skapa særleg sterke sosiale band til individ som høyrer til andre etniske grupper.

Informatane i ungdomsgruppa har mykje breiare og meir variert sosialt kontaktnett. Dei har og ein sterkt burmesisk identitet, men dei ser og ut til å vera meir fleksible. Heime opplever dei burmesisk kultur og sosialisering og dei tek del i ordinære norske sosialiseringarenaer, som skule og arbeidsliv. Dei meistrar det norske samfunnet betre, men tek ikkje særleg del i miljø som er dominert av etnisk norske.

Samstundes tek dei vaksne informantane lite del i samfunnslivet elles. Dei er ikkje aktive i anna frivillig enn IBC sitt arbeid. I noko grad ser det ut som om kjennskapen til kristendommen hjelper informantane med å forstå det norske samfunnet betre. Men på den andre sida gjer ei konservativ forståing av kristendommen at dei har problem med å forstå sider ved det moderne norske samfunnet. Det kan vera lettare å finna liknande haldningar i andre innvandarmiljø.

På same viser som burmesarar ynskjer å verna om sin særmerkte kultur, er det krefter i Noreg som ynskjer å verna om det som er særmerkt ved norsk kultur. Slike haldningar gjer grobotn for skepsis og svekkjer tilliten til menneskjer med annan kulturbakgrunn. Mange av informantane er klårt skeptiske til menneskjer dei ikkje kjenner og har sær sers høg tillit til menneskjer som er ein del av IBC.

Den personen som ser ut til å gjera mest for integreringa av informantane ser ut til å vera Eli. I tillegg til praktisk hjelp er ho særst oppteken av borna si framtid i det norske samfunnet. Do hjelper foreldra til å hjelpe borna med skule og vener. Eli er oppteken av at foreldra har haldningar som hjelper borna i det norske samfunnet. Det kan sjå ut som om foreldra følgjer opp Eli sine tilrådingar så best dei kan, sjølv om dei ikkje greier å få til den same integrering for si eiga skuld. Dei høyrer utan tvil til ei outsidergruppe i samfunnet.

6.4 Oppsummerande drøfting og konklusjonar knytt til hovudproblemstillinga

«Dei kristne burmesarane i Sandnes og Gjesdal er medlemmer i og deltek i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes. Kva tyder dette for integreringa deira i det norske kyrkjelivet og i det norske samfunnet?»

Hovudproblemstillinga samanfattar konklusjonane frå delproblemstillingane på eit meir overordna nivå. Alt som er nemnd i hovudproblemstillinga er drøfta i delproblemstillingane. I denne drøftinga er det difor viktigast å vega tidlegare konklusjonar mot kvarandre og konkludera på eit meir overordna nivå. Drøftinga er organisert etter struktur som elles i del 6 for letta lesnaden. Underpunktta i drøftinga viser til konklusjonar under motsvarande punkt tidlegare i drøftinga. Fotnotane til overskriftene viser kva punkt den korte drøftinga viser til.

Konklusjonen i høve til heilskapen i hovudproblemstillinga er svaret på sjølve oppgåva. Desse konklusjonane kjem difor under delen for oppsummering og konklusjonar.³⁵⁹ Under denne delen konkluderer eg etter dei ulike teoriane.

6.4.1 Integrering og akkulturasjon³⁶⁰

I kyrkjeleg kontekst er medlemmane segregert etter etniske skilje. Chin-burmesarane opplever dette sterkast, då det er deira kultur som er mest til stades i kyrkjelyden. Denne kulturen reknar chin-burmesarane som viktig og dei ser kyrkjelyden som den viktigaste reiskapen for å ta vare på denne. Chin-språket er ein viktig del av kulturen og skaper grenser mot andre burmesiske grupper som ikkje meistrar dette språket.

³⁵⁹ Punkt 7

³⁶⁰ Denne drøftinga viser til konklusjonar under punktta 6.1.1 / 6.2.1 / 6.2.2 / 6.3.1

Andre burmesiske minoritetar ser ut til å ha ein noko friare posisjon og deltek meir i andre religiøse samanhengar. Det vanlege er at dei vekslar på å gå til gudsteneste i ordinære norskdominerte baptistkyrkjer og IBC. Dei meistrar ikkje chin-språket.

Ungdomsgruppa har gått gjennom andre resosialiseringsprosessar enn dei vaksne informantane. Tilknyttinga til vanleg norsk skule har hjelpt dei til å verta kjent med norsk språk og kultur på ein annan måte.

Informantane meistrar arbeidslivet i ein grad som gjer at dei er sjølvberga. Trass i at dei nyttar mykje tid i arbeidslivet, ser ikkje dette ut til skapa sosiale band og vennskap.

6.4.2 *Dei etablerte og outsiderane*³⁶¹

I alle kontekstar som eg har undersøkt er burmesarar å rekna som outsiderarar. Dette gjeld både i lokal kyrkjeleg kontekst og i arbeidslivet. Einaste unnataket er Det chin-burmesiske fleirtalet som er å rekna som etablerte i høve til andre burmesiske minoritetar. Chin-kulturen har hegemoni i kyrkjelyden, og dette har særleg rot i den språklege dimensjonen.

I motsetnad til kva Elias fann i sine granskingar, har eg ikkje funne negativ stemping av outsidergrupper. Det er få etablerte som hjelper med tilrettelegging, men dei som gjer dette ser ut til å vera til god hjelp.

6.4.3 *Kulturell kapital*³⁶²

Sjølv om det er likskapar i religiøs overtyding og religiøs praksis, ser det ut til å vera vanskeleg å veksla kulturell kapital over dei etniske skilja. Særleg opplever foreldra at dei ikkje lukkast med å knyte band til etnisk norske miljø. Foreldra har ei von om at borna skal lukkast betre med dette, men at dei og skal ta vare på det dei ser på som viktig i burmesisk kultur. For borna vil det truleg vera snakk om ei dobbel sosialisering det heimekulturen står i kontrast til fleirtalskulturen i det norske samfunnet.

³⁶¹ Denne drøftinga viser til konklusjonar under punkta 6.1.2 / 6.2.3 / 6.3.2

³⁶² Denne drøftinga viser til konklusjonar under punkta 6.1.3 / 6.3.3

6.4.4 *Sosial kapital*³⁶³

Informantane har liten tillit til dei som ikkje høyrer til same gruppe som dei sjølve. Samstundes har dei sterk tillit til kvarandre. Dette tyder at den sosiale kapitalen er sterkt samanbindande, men ikkje særleg overskridande. Dette er en tendens som ser ut til å vera typisk for asiatar, marginaliserte grupper og grupper som har levd lenge med undertrykking. Deltaking i kyrkjelyden ser ut til å styrka berre den samanbindande sosiale kapitalen. Kulturell ulikskap ser ut til få fram skjelpadda i alle, og krefter i både det burmesiske og norske miljøet ser ut til hevda at deira kultur krev særleg vern.

6.4.5 *Globalisering*³⁶⁴

Likskapar i kulturuttrykk kan virka samanvevande. Impulsar frå andre land pregar både norsk og burmesisk baptistisk kyrkjeliv.

Fleire informantar står fram som hybridar og har mange ulike identitetar som dei vekslar mellom. Særleg gjeld dette ungdomsgruppa, som og vekslar mellom mange ulike sosiale miljø.

Delar av den burmesiske kulturen har sterke røter i Burma som heimland. Mange informantar har tette band til familiemedlemmer som lever i Burma eller i andre delar av diasporaen. Desse banda er viktige for informantane.

Alle informantane er takksame for det nye livet dei har fått i Noreg. Dei synest det er viktig å bidra til det norske samfunnet på ein positiv måte.

³⁶³ Denne drøftinga viser til konklusjonar under punkta 6.1.4 / 6.2.4 / 6.3.4

³⁶⁴ Denne drøftinga viser til konklusjonar under punkta 6.1.5 / 6.2.5 / 6.3.5

7 Oppsummering og konklusjonar

Fyrst i denne delen oppsummerer eg i høve til hovudproblemstillinga, og punkt 7.1 heng tett saman med førre punkt.³⁶⁵ Denne den kunne og stått som punkt 6.4.6.³⁶⁶ Men eg vel å skilja det ut som eige punkt, då det er denne oppsummeringa som oppsummerer heile oppgåva. Under denne delen vert oppsummeringa og ståande saman med konklusjonane.

Til sist tek eg med eit eige punkt som kort konkluderer i høve til hovudsproblemstillinga.

7.1 Oppsummering

Den faktiske organiseringa av kyrkjelyden verkar inn på korleis integreringa går føre seg for deltakarane i IBC. Vaksne chin-burmesarar og borna deira reknar stort sett medlemsmassen i IBC for å vera samanfallande med venekrinsen deira. Det gjer at det store fleirtalet at medlemmar i IBC berre har vener frå same etniske og religiøse gruppe. I denne gruppa har dei et tett samhald, stør kvarandre og tek vare på verdiar som dei meiner er særskilte viktige.

I dette biletet er det to viktige unntak.

- Ungdomsgruppa har fleire bindingar til fleire andre grupper, både med omsyn til skule, jobb og frivillig arbeid. I dette større mangfaldet deltek dei likevel på få arenaer der etnisk norske er dominerande.
- Andre etniske grupper har og ei lausare tilknytning til kyrkjelyden. Dei går oftare til gudstenester i norskdominerte baptistkyrkjelydar, og har vener frå fleire andre etniske grupper.

Det kan sjå ut som om den vanlege chin-burmesar opplever manglande integrering på andre felt enn det reint religiøse. Mange har problem med å gjera karriære i arbeidslivet og det er få som greier å knyta nære vennsksbands til kollegaer. Manglande språkleg meistring er ein grunn for dette.

Det er få vaksne informantar som jobbar i eit miljø der dei snakkar, skriv eller les mykje norsk i det daglege arbeidet. Om ein held dette saman med at dei heller ikkje treffer etnisk

³⁶⁵ Punkt 6.4

³⁶⁶ Dette er meir i tråd med handsaminga av delproblemstillingane, Punkt 6.1.6, 6.2.6 og 6.3.6

norske gjennom frivillig arbeid, vert språktreninga minimal. Informantar med lausare tilknytning til kyrkjelyden melder om fleire og sterkare band til individ og grupper som er etnisk ulike dei sjølve.

Sjølv om alle er takksame for nye moglegheiter i Noreg er det mykje i den opphavlege kulturen deira dei tek vare på. Religion og språk ser ut til å vera viktig for chin-folket og kyrkjelyden tek vare på desse verdiane. Ein segregert kyrkjelyd ser ut til å sikra viktige verdiar grupper og einskilde individ. Sjølv om kristendommen er sterkt til stades i Noreg og, spelar ikkje religionen den same rolla som den gjer i chin-samfunnet. Deltaking i andre baptistiske kyrkjelydar hadde truleg ikkje dekt behova til chin-burmesarane på same viset.

7.2 Konklusjonar

Som svar på spørsmålet i hovudsproblemstillinga: *Kva tyder dette for integreringa deira i det norske kyrkjelivet og i det norske samfunnet?*, kan ein kort konkludera:

Deltaking i den burmesiske kyrkjelyden i Sandnes verkar sterkt segregerende i kyrkjeleg kontekst. Segregeringa verkar hemmande på integreringa i skule, arbeidsliv og organisasjonsliv.

Informantar som ikkje er chin-burmesarar ser ut til å vera svakare integrert i IBC, utan at dei er monaleg sterkare integrert i det norske fleirtalssamfunnet. Ungdomsgruppa ser ut til å sterk tilknytning til IBC, men dei har og tettare band til andre delar av organisasjonslivet og er betre integrert i skule og arbeidsliv.

Implikasjonar

Implikasjonane eg meiner er mest naturleg å koma med i denne samanhengen er knytt opp til verksemda i lokale kyrkjelydar. Det er denne konteksten eg har granska nærast og som er felles for informantane. Perspektiv som gjeld arbeidsliv og skule er meir variert og mindre granska. Vidare er det vanskeleg å sjå for seg at ei masteroppgåve kan gjera framlegg til endringar i ein så stor og mangslungen kontekst. Då implikasjonane stort sett vil gjelda organisering av kyrkjelydsarbeid fell dei utanfor dei fagfelte som oppgåva elles har som fokus. Det handlar meir om teologi, kyrkjevekst og kateketikk.

Segregeringa tek likevel vare på verdiar informantane synest er viktige, og det å ikkje gje rom for verdiar som burmesarane ser som særst viktige, ville vera ein form for assimilering. Det viktigaste vilkåret for integrering er at alle identitetar vert tekne vare på. Tiltrådinga for å betre integrering kan gå i to retningar:

- Etnisk norske tek meir del i den burmesiske kyrkjelyden og på det viset hjelper til med å betra forståinga for norsk kyrkje- og samfunnsliv.
- Det vert betre tilrettelagt for burmesarar i ordinære norske baptistkyrkjer.

Av desse alternativa er den siste retninga den klårt beste. Eksisterande kyrkjelydar har kyrkjerom og økonomi som lettar det kyrkjelege arbeidet. Det vil vera upraktisk å tenkja seg at medlemmar skal tre ut av kyrkjelydar som dei har teke del i gjennom fleire generasjonar, tiår eller år for å skapa etnisk ballanse i ein annan kyrkjelyd.

For å betre integreringa av medlemmane av den burmesiske kyrkjelydar i Noreg vil det vera lurt å gjera følgjande endringar i dei andre lokale baptistkyrkjelydane:

- Tilsetje burmesisk pastor i størst mogeleg stilling, og gje denne pastoren kontor saman med andre tilsette. Truleg kan ein person dekkje opp fleire kommunar, og denne personen bør ha treffetider ved fleire baptistkyrkjer.
- Utarbeida turnus for gudstenester der burmesisk pastor tek del i ordinære norske gudstenester som predikant eller som tolk. På dei gudstenestene der burmesisk pastor er predikant må alt som seiast på burmesisk tolkast til norsk.
- Det bør utarbeidast ein oversikt over kva songar som finnest både på norsk og burmesiske språk. Songar frå denne lista bør utgjera størstedelen av fellessongen på gudstenestene. På sikt bør viktige norske songar omsetjast til burmesiske språk. Det

vil og vera naturleg å omsetje burmesiske songar til norsk og ta desse inn i fellessongen og på sikt inn i songbøker.

- Gjennom gudstenestene må bibeltekstar og songnummer kunngjerast på skjerm. På dette viset kan alle slå opp i Bibel og songbok på eige språk.
- Besøksteneste mår gjerast systematisk og forpliktande og strekke seg over fleire år. Den må fungera som ei fadderordning. Frivillige i denne fadderordninga bør få ei form for opplæring.
- Gjennom fadderordninga bør burmesarar inviterast inn i større delar av kyrkjelyden sitt arbeid.
- Burmesarar bør ha faste plassar i styrer og leiing som sikrar dialog, forståing og deltaking. Leiartrening vil truleg vera gunstig for integrering og framgang på andre felt.

Grunnleggjande for alt arbeid i kyrkjelydar som vil inkludera minoritetar må vera:

- Grunnleggjande aksept for verdien av at kyrkjelyden er fleirkulturell.
- Låg førekomst av fordommar.
- Positive haldningar mellom likeverdige grupper.
- Ei kjensle av at alle grupper høyrer til noko større.³⁶⁷

³⁶⁷ Desse fire punkta er ei omskriving av Berry, 1997: 11. og er tidlegare referert under punkt 2.2.2.2

8 Bibliografi

- Beech, H. (2013, Juli 1). When Buddhists go bad. *Time*, 182(1), 12 - 19.
- Berry, J. W. (1997). Immigration, acculturation, and adaptation. *Applied psychology*(1), ss. 5-68.
- Bloch-Hoell, N. E. (2009, februar 14.). *Store norske leksikon*. Henta november 27., 2013 frå [www.snl.no](http://snl.no): <http://snl.no/baptistsamfunnet>
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen, En sosilogisk kritikk av dømmekraften*. (A. Prieur, & T. Barth, Omset.) Oslo: Pax Forlag.
- Det Norske Baptistsamfunn. (2012). *baptist.no*. Henta 3 29, 2013 frå <http://www.baptist.no/menigheter/>
- Eimhjellen, I., & Segard, S. B. (2010). *Etniske minoriteter og frivillige organisasjoner*. Oslo / Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Eleven media. (2013, august 6). Activists push for abolition of "elastic" section 18. *The nation*, 5A. Bagkok, Thailand: The nation media group.
- Eleven media. (2013, juni 28). No law needed to safeguard religion: Suu Kyi. *The nation*, 6A. Bangkok, Thailand: The nation media group.
- Elias, N., & Scotman, J. L. (1999). *Etablerade och Outsiders*. (A. Sandberg, & G. Sandin, Omset.) Lund: Arkiv.
- Enjolras, B., & Wollebæk, D. (2010). *Frivillige organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Henta frå <http://www.sivilsamfunn.no/Ressurser/Publikasjoner/Rapporter/2010/2010-002>
- Eriksen, T. H. (2008). *Globalisering åtte nøkkelbegreper*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eriksen, T. H., & Sajjad, T. A. (2012). *Kulturfoskjeller i paksis* (5. utgave. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- European Social Survey. (2013, november 2.). Henta frå <http://www.europeansocialsurvey.org/>:
<http://www.europeansocialsurvey.org/about/index.html>
- FaFo. (2013, desember 1). Henta frå <http://www.fafo.no>: <http://www.fafo.no/pers/bio/jor.htm>

- Fandrem, H. (2011). *Mangforld og mestrning i barnehage og skole*. Oslo: Høyskoleforlaget.
- Forsgren, A. (2012, mars 1.). *Store Norske leksikon*. Henta november 2., 2013 frå
[www.snl.no: http://snl.no/Thomas_Hylland_Eriksen](http://snl.no/Thomas_Hylland_Eriksen)
- Fylkesmannen i Rogaland. (2012, desember 15.). *www.fylkesmannen.no*. Henta frå
Fylkesmannen.no:
<http://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMRO/Forvaltning/Rapportar/Trussamfunn%20Adresseoversikt.pdf>
- Gjesdal frivillighetsentral. (2013, november 23.). Henta frå <http://gjesdal.frivilligsentral.no/>:
<http://gjesdal.frivilligsentral.no/?pageslug=aktiviteter-5327>
- Gjesdal kommune. (2012, april 10.). Henta november 23., 2013 frå
<http://www.gjesdal.kommune.no/>:
[http://www.gjesdal.kommune.no/web/web.nsf/\\$all/1BD68D0FA2AFF63AC12579C6002844CD](http://www.gjesdal.kommune.no/web/web.nsf/$all/1BD68D0FA2AFF63AC12579C6002844CD)
- Gjesdal kommune. (2013, oktober 27.). *Gjesdal kommune flyktningeenheten*. Henta frå
www.gjesdal.kommune.no:
<http://www.gjesdal.kommune.no/web/web.nsf/print/D9814DB3B8B313BEC1257292002F199A?OpenDocument>
- Harper. (2010, November). *News from the harpers*. Henta november 2., 2013 frå
<http://www.actioninternational.org/>:
http://www.actioninternational.org/documents/2010_November.pdf
- Harvard University. (2013, oktober 25). *Harvard University, department of Government*.
Henta frå <http://www.gov.harvard.edu/>:
<http://www.gov.harvard.edu/people/faculty/robert-putnam>
- Hustad, J. (2013, januar 02.). *www.aftenposten.no*. Henta oktober 29, 2013 frå
<http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Ikkje-min-kulturminister-7081291.html#.Um-ZHvnrzqk>
- Høgskulen i Volda. (2011, januar 17.). Henta oktober 30., 2013 frå www.hivolda.no:
<http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/om-hogskulen/avdelingar/samfunnsfag-og-historie/tilsette-ash/tilsette/gunnar-stave>

- Høgskulen i Volda. (2013, oktober 30). Henta frå [www.hogskulen i Volda](http://www.hogskulen.no):
<http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/utvidasok/sokjeresultat?lang=nyn&displayitem=64&module=admin>
- Imsen, G. (2010). *Elevenes verden* (4. utgave. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Institutt for samfunnsforskning. (2008, april 11.). Henta november 24., 2013 frå
<http://www.samfunnsforskning.no/>: [http://www.samfunnsforskning.no/Vi-forskerpaa/Forskningsgrupper/Politikk-demokrati-sivilsamfunn/Medarbeidere/Segaard-Signe-Bock/\(language\)/nor-NO](http://www.samfunnsforskning.no/Vi-forskerpaa/Forskningsgrupper/Politikk-demokrati-sivilsamfunn/Medarbeidere/Segaard-Signe-Bock/(language)/nor-NO)
- Institutt for samfunnsforskning. (2012). Henta november 24., 2013 frå
<http://www.samfunnsforskning.no/>:
<http://www.samfunnsforskning.no/Ansatte/Vitenskapelig-ansatte/Wollebaek-Dag>
- IRIN, the humanitarian news and analysis service of the UN Office for the Coordination of Humanitarian Affairs. (2009, 12 7). *IRIN*. Henta 3 29, 2013 frå
<http://www.irinnews.org/Report/87352/MYANMAR-Chin-State-a-mountain-of-trouble>
- iThailand. (2010, august 11.). *ithailand.no*. Henta november 30, 2013 frå <http://ithailand.no/>:
<http://ithailand.no/hilltribes/karen-hilltribe-i-thailand/>
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Justisdepartementet & Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo. (1998, juli 17).
www.lovdato.no. Henta oktober 20., 2013 frå lovdato: http://www.lovdato.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/app/gratis/www/docroot/all/tl-19980717-061-002.html&emne=tospr%E5kleg*%20%2b%201%E6rar*&
- Justisdepartementet & Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo. (2003, Juli 4.).
www.lovdato.no. Henta Oktober 20., 2013 frå Lowdata.no:
<http://www.lovdato.no/all/nl-20030704-080.html>
- Khaipi. (2010, 8 21). *chinlandguardian.com*. Henta 3 29, 2013 frå
<http://www.chinlandguardian.com/articles/1014-can-migration-be-construed-as-development-for-chin-people.html>

- kjøttvrer, J. E. (2013, oktober 30). Henta frå <http://aadne-espeland.no/>: <http://aadne-espeland.no/om-jaeder/>
- Korsnes, O. (Red.). (2008). *Sosiologisk leksikon* (2. utgåve. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- KRIK. (2013, november 30). *KRIK*. Henta frå <http://krik.no/3>:
<http://krik.no/nasjonalt/side.php?id=43>
- Linneuniversitetet. (2013, november 16.). Henta frå <http://lnu.se/>:
<http://lnu.se/personal/gunnar.olofsson>
- Loga, J. (2011). *Inkludering i nærmiljø*. Bergen / Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Loga, J. (2012). *Trossamfunn, innvandring og integrasjon*. Bergen / Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Mennell, S. (2013, oktober 26). *Norbert Elias Foundation*. Henta frå
<http://www.norberteliasfoundation.nl/>:
<http://www.norberteliasfoundation.nl/elias/index.php>
- Mowles, C. (2009, 06 22). *Reflexivepractice*. Henta 09 02, 2013 frå Norbert Elias has the last laugh: <http://reflexivepractice.wordpress.com/2009/06/22/norbert-elias-has-the-last-laugh/>
- Munthe, M. H. (2011). *An Analysis of the Language Challenges faced by Myanmar Refugee Students in Norway*. FACULTY OF ARTS AND EDUCATION. Stavanger: Universitetet i Stavanger. Henta 9 7, 2013 frå
http://brage.bibsys.no/uis/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_28694/1/Munthe,%20Myat.pdf
- NAV. (2013). *NAV*. Henta 03 29, 2013 frå Introduksjonordning for nyankomne innvandrere: <http://www.nav.no/Introduksjonsordningen+for+nyankomne+innvandrere.259681.cms>
- Norsk nettleksikon. (2007). *snl.no*. Henta 4 2013, 4 frå Store norske leksikon: <http://snl.no/integrering>
- Norway Chin Christian Federation. (2013, november 23.). Henta frå <http://nccf.no/>:
<http://nccf.no/>

- NOU 2011:14. (2011). *Bedre integrering, Mål, strategier, tiltak*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/nouer/2011/nou-2011-14.html?id=647388>
- NOU2013:1. (2013). *Det livssynsåpne samfunne*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Penn School of Social Policy & Practice. (2013, desember 1). Henta frå <http://www.sp2.upenn.edu>: <http://www.sp2.upenn.edu/people/faculty/handy/>
- Penn School of Social Policy & Practice. (2013, desember 1). Henta frå <http://www.sp2.upenn.edu>: <http://www.sp2.upenn.edu/people/students/phd/greenspan.html>
- Putnam, R. D. (1995, Desember). Tuning In, Tuning Out: The Strange Disappearance of Social Capital in America. *PS: Political Science & Politics*, 28, ss. 664-683.
- Putnam, R. D. (2007). E Pluribus Unum: Diversity and Community in the twenty-first Century The 2006 Johan Skytte Prize Lecture. *Scandinavian Political Studies*, 30(2), ss. 137 - 174.
- Queen's University, Ontario, Kannada. (2013, oktober 25). *Department of Psychology Queen's University, Ontario, Kannada*. Henta frå <http://www.queensu.ca/psychology/>: <http://www.queensu.ca/psychology/People/Emeritus-Retired/JohnBerry.html>
- Ruud, A. E. (2009). *Langtvekkistan Grunnproblemer for studiet av asiatiske og arficanske samfunn*. Oslo: Unipub.
- Sakhong, L. H. (2003). *In search of Chin Identity, A study in Religion, Politics and Ethnic Identity in Burma*. København: NIAS Press.
- Sandnes baptistmeinghet. (2013, oktober 19.). www.sandnesbaptist.no. Henta frå [Sandnesbaptist.no: http://www.sandnesbaptist.no/about/](http://www.sandnesbaptist.no/about/)
- Sandnes international Church. (2013, november 16). *Sandnes international Church*. Henta frå <http://www.sicl.no/>: <http://www.sicl.no/>
- Sandnes kommune - flyktningeenheten. (2011, januar 31). www.sandnes.kommune.no. Henta oktober 26, 2013 frå <https://www.sandnes.kommune.no/Globalmeny/Om-Sandnes/Om-kommunen/Virksomheter/Levekar/Mottaks--og-kvalifiseringstjenesten-for-flyktninger/>

Senter for fleirspråklege born og unge. (2013, oktober 20.). <http://www.minskole.no/fbu>.
Henta frå Fbu: <http://www.minskole.no/fbu>

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. (2013, desember 1). Henta frå
<http://www.sivilsamfunn.no>: <http://www.sivilsamfunn.no/Info/Personer/OEdegaard-Guro>

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. (2013, desember 1.). *Sivilsamfunn.no*.
Henta frå <http://www.sivilsamfunn.no/>:
<http://www.sivilsamfunn.no/Info/Personer/Loga-Jill>

Siverts, H. (2012, mars 1.). *snl.no*. Henta november 16, 2013 frå www.snl.no:
http://snl.no/Melville_Jean_Herskovits

Språkrådet & Universitetet i Oslo. (u.d.). *Nynorskordboka*. Henta 4 4, 2013 frå
<http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=integrere&begge=+&ordbok= begge>

Store norske leksikon. (2012, desember 3.). *Store norske leksikon*. Henta november 2., 2013
frå www.snl.no: <http://snl.no/integrering>

Tadjik, H. (2012, desember 10.). *www.stortinget.no*. Henta oktober 29., 2013 frå
<http://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=55722>

The Johan Skytte Prize in Political Science. (2013, oktober 25). Henta frå
<http://skytteprize.statsvet.uu.se/>: <http://skytteprize.statsvet.uu.se/PrizeWinners.aspx>

Tiam, C. K. (2010). The Chin Diaspora: A Great People Resource. *Torch Trinity Journal*(13),
ss. 207-217.

Tybring-Gjedde, C. (2013, januar 03.). *www.aftenposten.no*. Henta oktober 29., 2013 frå
<http://www.aftenposten.no/kultur/Tybring-Gjedde-Nordmenn-ma-bevare-det-norske-7082544.html#Um-ZqPnrzqk>

Universitet i Stavanger. (2013, oktober 25). *Universitet i Stavanger, humansistisk fakultet*.
Henta frå <http://www.uis.no/>: <http://www.uis.no/om-uis/kontakt-oss/finn-ansatt/fandrem-hildegunn-article73421-11198.html>

Universitetet i Bergen. (2013, november 24.). Henta frå www.uib.no:
<http://www.uib.no/personer/Anne-Mette.Somby>

- University College Dublin. (2013, desember 1). Henta frå <http://www.ucd.ie/>:
<http://www.ucd.ie/sociology/staff/profiles/profstephenmennell/>
- University College Dublin Press. (2013, november 2.). Henta frå <http://www.ucdpress.ie/>:
<http://www.ucdpress.ie/display.asp?isbn=9781904558927&>
- University of Austin, Texas, . (2013, desember 1). Henta frå <http://www.utexas.edu/>:
<http://www.utexas.edu/cola/depts/sociology/faculty/pp7497>
- Unrepresented Nations and Peoples Organization. (2007, januar 9.). Henta november 16, 2013
frå <http://www.unpo.org/>: <http://www.unpo.org/article/6106>
- VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk. (2013). *www.vox.no*. Henta oktober 20.,
2013 frå *vox.no*: http://www.vox.no/PageFiles/1377/Lareplan_nynorsk2utgave.pdf
- VOX - nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk,. (2013, oktober 20.). *www.vox.no*. Henta
frå *VOX.no*: <http://www.vox.no/no/global-meny/Om-Vox/>
- Wikipedia. (2009, 4 4). *Wikipedia.no*. Henta 4 4, 2013 frå
http://no.wikipedia.org/wiki/Sosial_integrering
- Wikipedia. (2013, november 23). *en.wikipedia.org/*. Henta november 30, 2013 frå
<http://en.wikipedia.org/>: http://en.wikipedia.org/wiki/Karen_people
- Wollebæk, D., & Seggaard , S. B. (2011). *Sosial kapital i Norge*. Oslo: Cappelen Damm.
- Ålgård baptistmeinghet. (2013, oktober 19.). *www.baptisten.no*. Henta frå *Baptisten.no*:
<http://www.baptisten.no/Artikler/Nyheter/tabid/5038/ArticleId/968/language/nb-NO/Historie.aspx>
- Ålgård baptistmeinghet. (2013, oktober 19.). *www.baptisten.no*. Henta frå *Baptisten.no*:
<http://www.baptisten.no/nb-no/kontaktoss.aspx>

9 Vedlegg

9.1 Svar frå NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Arne Redse
Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Harald Idrifages gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47 55 58 21 17
Fax: +47 55 58 96 90
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Orgnr: 985 321 884

Vår dato: 23.05.2013

Vår ref: 34156 / 3 / AM5

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 09.04.2013. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 22.05.2013. Meldingen gjelder prosjektet:

34156	<i>I kva grad bidreg dei kristne Chin-burmesarane i Sandnes og Gjesdal si deltaking i kyrkjelydar til å fremje eller hemme integrering?</i>
Behandlingsansvarlig	Høgskulen i Volda, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Arne Redse
Student	Helge Kristoffersen

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilrådning forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pro.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 18.11.2013, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvedt Kvalheim

Anne-Mette Somby

Kontaktperson: Anne-Mette Somby tlf. 55 58 24 10

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Helge Kristoffersen, Smålberget 21, 4330 ÅLGÅRD

Afdeling/kontor / District Office

OSLO/NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47 22 85 52 11. nsd@uio.no

TRONDHØJM/NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47 73 59 19 07. kjones@ntnu.no

MOULANS/NSD, SVU, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47 77 54 43 36. esd@maibvuit.no



Personvernombudet for forskning



Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 34156

Personvernombudet har i telefonsamtale med studenten 22. mai 2013 avklart noen metodiske og etiske sider ved undersøkelsen, herunder førstegangskontakt med utvalget, spørsmål i intervjusituasjonen og etablering av tillitsforhold med informantene. Det er ombudets oppfatning at studenten har reflektert over disse spørsmålene og at han har god oppfølging fra sine to veiledere. Vi anbefaler derfor designet for prosjektet.

Ifølge prosjektmeldingen skal det innhentes muntlig og skriftlig samtykke basert på muntlig og skriftlig informasjon om prosjektet og behandling av personopplysninger. Personvernombudet finner informasjonsskrivet tilfredsstillende utformet i henhold til personopplysningslovens vilkår.

Det vil i prosjektet bli registrert sensitive personopplysninger om rasemessig eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning jf. personopplysningsloven § 2 nr. 8 a).

Innsamlede opplysninger registreres på privat pc. Personvernombudet legger til grunn at veileder og student setter seg inn i og etterfølger Høgskulen i Volda sine interne rutiner for datasikkerhet, spesielt med tanke på bruk av privat pc til oppbevaring av personidentifiserende data.

Prosjektet skal avsluttes 18.11.2013 og innsamlede opplysninger skal da anonymiseres og lydopptak slettes. Anonymisering innebærer at direkte personidentifiserende opplysninger som navn/koblingsnøkkel slettes, og at indirekte personidentifiserende opplysninger (sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. yrke, alder, kjønn) fjernes eller grovkategoriseres slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes i materialet.

9.2 Invitasjon til samtale



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Invitasjon til samtale.

Hvis jeg signerer dette brevet godtar jeg at

- jeg har forstått innholdet i dette brevet
- opplysningen jeg gir kan brukes i undersøkelsen

«hvordan blir kristne Chin-burmesere integrert i Sandnes og Gjesdal?»

Informasjon om undersøkelsen:

Helge Kristoffersen og hans veileder (lærer) undersøker hvordan Chin-burmesere blir integrert i Sandnes og Gjesdal. Det er viktig for undersøkelsen å finne ut hva som er viktig for deg som kristen, Chin-burmeser og norsk.

Vi vil vite

- Hvem du er og hvordan du hadde det i Burma
- Hvordan du kom til Norge
- Hvordan det går med deg her i Norge
- Hvem som er med i din familie
- Hva det betyr for deg å være en del av menigheten
- Hva som ellers er viktig for deg
- Hva du tenker om fremtiden

Her i Norge har vi veldig strenge regler for hva vi kan spørre om og hvordan vi tar vare på svarene dine. Ingen andre enn de som jobber med undersøkelsen skal kunne finne ut hva du har svart, og alt du har sagt vil bli slettet så snart undersøkelsen er godkjent. Vi har lovet NSD at vi skal følge alle regler. Hvis vi ikke gjør dette vil vi bli straffet. Det er viktig at du kan stole på oss.

Andre viktige regler for undersøkelsen er:

- Du kan velge å ikke svare på noen spørsmål
- Du kan når som helst trekke deg, selv mens vi snakker sammen og etter at vi er ferdige med å snakke.
- Ingen kan tvinge deg til å være med på noe du ikke vil.

Hvem er vi

Helge Kristoffersen er Masterstudent ved Høgskolen Volda. Det er han som jobber med undersøkelsen i Sandnes og Gjesdal. Undersøkelsen er en del av hans Masteroppgave. Helge bor på ålgård og jobber på Høyland ungdomsskole på Sandnes.

Arne Redse er Helge sin lærer i Volda og veileder på masteroppgaven. Han er Professor i Volda og i Oslo. Arne har også jobbet som misjonær i Hong Kong

Høgskulen i Volda har et masterprogram i kulturmøte, som Helge og Arne er en del av. Mange studenter og lærere jobber mye med å finne ut hva som skjer når mennesker fra forskjellige land og kulturer møtes.

Jeg blir med på undersøkelsen: Sted: dato:

Navn

Signatur:

9.3 Intervjuguide

1. Innleiing

- Presentasjon av meg sjølv, høgskulen og rettleiar
- Informasjon om prosjektet, og kva spørsmål eg vil stilla
- Informasjon om konsekvensar, korleis oppgåva vert publisert
- Garantera anonymitet og kort forklara korleis data vert oppbevart og destruert.
- Retten til å bryte når som helst

Underskrift på samtykkeskjema

2. Faktaspørsmål

Stadfesting av at informanten er Chin-Burmesar og medlem av Babtistkyrkja : JA

Registrering av

Alder:

Kjøn: Mann / kvinne

Barn Alder / fødeland

Gutt / jente – Alder: Fødeland:

Gutt / jente – Alder: Fødeland:

Gutt / jente – Alder: Fødeland:

Gutt / jente – Alder: Fødeland:

Gutt / jente – Alder: Fødeland:


Sivilstand:

Siste endring (år): i kva land:

Om gift / sambuar / partner: nasjonalitet på denne:

Bakgrunn frå Burma

Fødestad / bustad – by / land



Derived with permission from a map by Human Rights Watch (HRW) © John Emerson/HRW 2008.



Yrke / leveveg:

Utdanning:

Medlemskap i kyrkjelyd:

Frå kva alder:

Kven i familien din i Burma er kristne

Mormor Morfar Farfar Farmor

Mor Far

Meg ----- Ektefelle

Barn: av

Flukt frå Burma

Årsak:

Reiseveg:



Reisetid:

Når: Kor lenge:

Mellomstasjoner:

Kven du reiste med:

Opphald i Noreg

Opphald i mottak? Tid: Stad:

Fordeling til kommune: Når:

Formell status – statsborgarskap / opphald:

Utdanning i Noreg:

Norskopplæring: Nivå: Når:

Introprogram:

Anna:

Jobb / inntekt

Arbeidsgjevar: Yrke:

Inntekt: (månad / time / år)

3. Kompliserte og sensitive spørsmål

Vener og omgangskrins i Noreg

Kor mange nære vener har du? (vener du treffer i sosiale samanhengar mint ein gong i månaden). Talet på nære vener:

Fordeling burmesarar / norske / andre

! _____ !

Fordeling baptistar / kristne / andre

! _____ !

Kor mange meir perifere vener har du? (dei du vil kalla vener, men som ikkje er nære)
Talet på Perifere vener:

Fordeling burmesarar / norske / andre

! _____ !

Fordeling baptistar / kristne / andre

! _____ !

Kor mange vener har du vener på jobben / skulen din?

Fordeling burmesarar / norske / andre

! _____ !

Snakkar du med dei om private spørsmål? (Veldig ofte nesten dagleg)

! _____ !

Veldig sjeldan

veldig ofte

Treffer du dei utanom jobb? (veldig ofte er kvar veke)

! _____ !

Veldig sjeldan

veldig ofte

Kor ofte går du til gudsteneste?

Chin: Gonger i månaden / året

Norsk Gonger i månaden / året

Kor ofte går heile familien til gudsteneste?

Chin Gonger i månaden / året

Norsk Gonger i månaden / året

Kva er viktig med å gå til gudsteneste?

.....
.....
.....
.....
.....

Kor viktig er det for deg å gå til gudsteneste?

! _____ !

Veldig viktig

veldig Viktig

Kor viktig er det for deg at gudstenestene er på Chin?

! _____ !

Veldig viktig

veldig Viktig

Bruker du lang til utanom sjølve gudstenesta når du går til gudsteneste? (tid før og etter)

Før: timar Minutt

Etter: timar minutt

Avtaler du å treffe andre?

Aldri ---- Sjeldan ----- av og til ----- oftast ----- alltid

Kva lærer du i kyrkjelyden? Om

Noreg

.....

.....

.....

Burma

.....

.....

.....

Kristendom

.....

.....

.....

Får du mykje hjelp av dei i kyrkjelyden?

Burmesarar

! _____ !

Ingenting

Alt

Norske

! _____ !

Ingenting

Alt

Har du ein norsk fadder?

Viss ja, frå kva tid:

Er fadderer din

Baptist ----- Kristen ----- Anna ----- veit ikkje

Kva draumar har du for framtida?

Som chin-burmesar

.....
.....
.....

Som kristen

.....
.....
.....

Som norsk

.....
.....
.....

Som familie

.....
.....
.....

Noko meir?

.....
.....
.....
.....
.....

9.4 Tilleggsskjema til intervjuguide

Har ektefellen din arbeid? Ja / nei / skule

Kva er inntekta? Time / måned / år.

I kva grad stolar du på:

a. Familien din

Veldig lite

Veldig mykje

b. Medlemmar av kyrkjelyden min

Veldig lite

Veldig mykje

c. Naboane dine som ikkje er burmesarar

Veldig lite

Veldig mykje

d. Menneskjer generelt

Veldig lite

Veldig mykje